



Voss herad

Årsmelding 2024

Voss herad





Innhald

1	Rådmann har ordet	4
2	Økonomisk status og utvikling	5
2.1	Økonomisk resultat	5
2.2	Finansielle måltal	6
2.3	Oppfølging handlingsregler	7
2.4	Sentrale inntekter	8
2.5	Finansinntekter og -utgifter	10
2.6	Kommentar til avvik på tenestoområda	11
2.7	Pensjon	13
2.8	Voss iPluss2027	14
2.9	Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenestoområda	15
3	Investeringar	16
3.1	Status investering og finansiering (2A)	16
3.2	Status investeringar (2B)	17
3.3	Status investeringsprosjekt	18
4	Organisasjon	26
4.1	Voss herad som arbeidsgjevar	26
4.2	Likestilling, inkludering og mangfald	26
4.3	Rekruttering	28
4.4	Sjukefråvær	30
4.5	Innovasjon og digitalisering	31
5	Oppfølging av planer	32
5.1	Status kommunale planar	32
6	Samfunns- og befolkningsutvikling	33
7	Internkontroll	34
7.1	Kvalitetssystemet	34
7.2	Kvalitetsutvalet	35
8	Berekraft, klima, miljø og beredskap	39
8.1	FN sine berekraftsmål	39
8.2	Klima- og miljøarbeid	39
8.3	Klimabudsjett	40
8.4	Beredskap	45
9	Kommunen sine tenestoområde	46
9.1	Administrasjon og leiding	46
9.2	Plan, næring og forvaltning	50
9.3	Samferdsel	54



9.4	Eigedom og bustad.....	57
9.5	Brann og ulukkesvern	60
9.6	Vatn, avlaup og renovasjon	63
9.7	Politisk styring.....	65
9.8	Finansielle postar/økonomi.....	67
9.9	Grunnskule	68
9.10	Barnehage.....	75
9.11	Barne- og familietenestene	80
9.12	Helse	85
9.13	Omsorg.....	90
9.14	Sosialtenester.....	95
9.15	Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	98
10	Årsrekneskap.....	105
11	Vossabadet og Voss Idrettshall KF.....	109



1 Rådmann har ordet

2024 har vore eit år prega av både utvikling og utfordringar for Voss herad. Me har halde fram med å levera gode tenester til innbyggjarane våre, trass store utfordringar med å rekruttera og halda på kvalifisert personale i fleire av tenestene våre. Samstundes har me vore nøydd til å førebu oss på ei krevjande økonomisk tid. Me avslutta året med eit underskot på nesten 28 millionar kroner, noko som understrekar dei økonomiske utfordringane me står i. I denne situasjonen er det ei mager trøyst at me er i selskap med om lag 6 av 10 norske kommunar, som har underskot i drifta i 2024.

I møte med stramme rammer har me hatt fokus på å nytta ressursane våre effektivt, styrka samarbeid på tvers av sektorar og sikra berekraftige løysingar for framtida. Me har arbeidd aktivt for å utvikla lokalsamfunnet vårt gjennom satsing på klima og miljø, næringsutvikling og gode velferdstenester. Trass den økonomiske situasjonen, ser me tydelege resultat av dette arbeidet, mellom anna gjennom tiltak for auka berekraft, styrking av skule og helse, og eit aktivt kulturliv som bind heradet saman.

Samstundes er det klart at underskotet me har gått med i 2024 vil krevje strenge prioriteringar framover. Med auka krav til kommunale tenester og trong for framtidsretta investeringar, må me arbeida målretta for å sikra økonomisk berekraft, samstundes som me tek vare på innbyggjarane våre. Det er difor viktig at me i framtida organiserer tenestene slik at me vert attraktive som arbeidsgjevar, mindre sårbare ved sjukefråvær og leverer best mogeleg kvalitet innanfor tilgjengelege økonomiske rammer – på den måten kan me sikre at me også har ressursar til å følgja opp våre moglegheiter og pliktar som samfunnsutviklar!

Denne årsmeldinga gjev eit innblikk i resultata me har oppnådd, dei vala me har teke, og dei vegvala som ligg framfor oss. Eg vil rette ei stor takk til alle tilsette, folkevalde og samarbeidspartnarar som har bidrege til å gjere Voss herad til eit sterkt og livskraftig herad.

Med fornya kapasitet i leiargruppa, skal me sikra at prosessar knytt til utvikling, endring og omstilling – saman med dei tillitsvalde og folkevalde, vert så effektive og gode som mogeleg. 2025 vert eit godt år!

Helsing

Martin William Kulild, rådmann
Voss, 30. mars 2025



2 Økonomisk status og utvikling

Her finn du ei vurdering av korleis den økonomiske situasjonen til Voss herad har utvikla seg og forklaring av utviklinga i finansielle måltal, sentrale inntekter, finanspostar og avsetjing til fond. I tillegg finn du ei oppsummering av økonomiske avvik for dei ulike tenestemråda i 2024, og kort skildring av viktige trekk frå rekneskapen 2024.

2.1 Økonomisk resultat

Voss herad hadde i 2024 eit større meirforbruk i høve budsjettet, som resulterte i eit negativt netto driftsresultat på 27,8 mill.kr. Tenestemråda har hatt eit høgare utgiftsnivå enn det som var venta i haust 2024. Budsjettert netto driftsresultat var positivt i heile 2024, og med positive 46 mill.kr etter 2.tertial. Likevel varsla rådmannen om eit meirforbruk i tenestene på 33,75 mill.kr i rapport for 2.tertial. Prognosen var soleis eit netto driftsresultat på positive 12 mill.kr. Resultatet vart om lag 40 mill.kr dårlegare. Dette skuldast høgare forbruk som det ikkje har vore rapportert om, og om lag 20 mill.kr lågare inntektsutjamning enn venta. Dette gjorde at det ikkje kunne setjast av så mykje som planlagt til disposisjonsfond. Med rekneskapstala som no ligg føre er det brukt ca. 34,6 mill.kr av disposisjonsfond, og det er ved inngangen av 2025 berre att nær 52 mill.kr på fondet. Det var planlagt at det skulle setjast av nær 44,5 mill.kr. På lengre sikt er ikkje dette berekraftig, då me nyttar av reservane våre. Det at me har spart, og bygd opp fondsmidlane våre tidlegare år, gjer at me kan dekkja det negative resultatet, slik at årsresultatet vert 0 i 2024.

Økonomisk styring er ein viktig del av styringa av Voss herad. For 2024 har ikkje denne vore på ønska nivå. Det har ikkje vore god nok rapportering av vesentlege avvik, prognosearbeidet har ikkje vore godt nok, leiarane si styring av drifta innafor budsjettrammene har ikkje vore god nok og det er gjort nokre feil i budsjettering som burde vore retta. Det vil jobbast med å betra økonomisk styring framover gjennom ei rekkje tiltak. Når det er sagt så må det også seiast at det er utfordrande å styra økonomien i ein kommune. Det er få verksemdar som har den kompleksiteten og breidda i tenester som ein kommune har. Økonomiansvar er fordelt på rundt 90 leiarar som har ansvar for sine avdelingar og område. Det aller meste av inntekter og utgifter er stabilt og kjend, men nokre område er det knytt stor usikkerheit til. I løpet av eit år kan det koma personar som har svært store hjelpebehov, personar sluttar i stillingar og det må leigast inn for dekkja behova, det kan oppstå naturhendingar som øydelegg infrastruktur, straumprisar kan skyta i været, innkjøp kan bli vesentleg dyrare enn føresett, det flyttar born til kommunen som treng spesial-pedagogisk støtte el.l. I tillegg har det vore stor usikkerheit kring kor mykje inntekter kommunen har disponibelt. Skattesvikt i andre kommunar gjorde at Voss herad fekk mindre inntekter omfordelt til seg i 2024.

Ein del av endringane som har påverka økonomien negativt er ikkje enkelthendingar, men samfunnsflokke eller trendar som me finn igjen i mange kommunar. Rekrutteringsvanskar, utanforskap, klimaendringar, at fleire unge har store hjelpebehov og knappe ressursar generelt, er vanskeleg å styra, men konsekvensane må handterast innafor dei rammene me har.

Voss herad hadde driftsinntekter på 1,97 mrd.kr i 2024. Dette gjev eit godt handlingsrom for å utøva dei mange tenestene og jobba med å løysa samfunnsflokene. Men resultatet frå dei siste åra viser at me må gjera omstilling for å ha ein økonomi framover der inntektene dekkjer utgiftene. Me må og gjera omstilling for å ha naudsynte reservar til uføresette utgifter, og slik at me kan gjera investeringar for framtida.



2.2 Finansielle måltal

Økonomiske måltal er eit viktig verktøy for å styra økonomien i kommunen i ønska retning. Måltala er førande for budsjett og økonomiplan, men kan fråvikast einskilde år. Kommunen sine måltal er:

Måltal	Minimum	Mål	Skildring
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,75 %	2,5 %	Syner om drifta er finansiert av inntektene for perioden.
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	5 %	7 %	Syner kor store reservar kommunen har.
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	Ikkje relevant	65 %	Syner gjeldsgraden, der målsettinga er at denne er stabil over tid.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat seier noko om i kor stor grad driftsinntekter dekker driftsutgiftene. Det seier også noko om kva midlar som eventuelt ikkje er nytta i drifta i inneverande år, og som kan setjast av til fond til seinare bruk i driftsrekneskapen eller til finansiering av investeringar. Eit negativt netto driftsresultat gjer at kommunen må bruka meir av fond enn me avset for å koma i balanse. Det er tilrådd av netto driftsresultat bør liggja på 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Voss herad fekk eit negativt netto driftsresultat på ca -27,8 mill.kr i 2024. Dette utgjer ca. - 1,4 % av brutto driftsinntekter. I opphøveleg budsjett var det budsjettert med eit netto driftsresultat på -0,6 mill.kr, som vart auka vesentleg i revidert budsjett. Hovudgrunnen til at det vart dårlegare enn budsjettert er på grunn av høgare utgifter enn venta på fleire område og mindre skatteutjamning frå andre kommunar.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt til ulike føremål og er kommunen sine reserver. Teknisk berekningsutval tilrår at dette bør vera minimum 5 % av driftsinntektene for kommunane i landet. Ved inngangen av 2024 hadde kommunen om lag 86,5 mill.kr (4,5 %) på disposisjonsfond. På grunn av dårlegare resultat i driftsrekneskapen enn venta, kunne ikkje kommunen setja av midlar til disposisjonsfond i 2024.

Reservane vart redusert til nær 52 mill.kr. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter utgjer ved utgangen av 2024 2,6 %, og er soleis under tilrådd nivå. Det vart redusert frå 7,7 % i 2021. Dette syner kor sårbar økonomien er for svingingar og at resultat på måltal fort kan endra seg, og reservane bør styrast slik at det held eit berekraftig nivå over tid.

Lånegjeld

Den totale lånegjelda har auka frå 1 484 mill. kr ved inngangen av året til 1 545 mill. kr ved utgangen av 2024, ein auke på nær 61 mill.kr. Kommunen har måltal på netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter. Netto lånegjeld er definert som langsiktig gjeld (ekskl. pensjonsforpliktingar) trekt frå totale utlån og ubrukne lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlige lån (utlån av egne midler).

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter var 51 % ved utgangen av 2023. Ved utgangen av 2024 har Voss herad ei netto lånegjeld på 915 mill. kr. I prosent av driftsinntekter på vel 1,97 mrd.kr gjev dette omtrent 48,3 %.




2.3 Oppfølging handlingsregler

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter



Indikator	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rekneskap	0	0,0	0,0	0,0	-1,4	0,0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	2,9	-1,0	-0,5	2,3	0,0	2,2	3,1	2,7
Handlingsregel	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8	1,8


Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter



Indikator	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rekneskap	0	0,0	0,0	0,0	48,3	0,0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	53,8	52,7	51,0	52,5	0,0	63,1	66,4	67,8
Handlingsregel	65,0	65,0	65,0	65,0	65,0	65,0	65,0	65,0



Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter



Indikator	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	Regnskap 2023	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Øk.plan 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027
Rekneskap	0	0,0	0,0	0,0	2,6	0,0	0,0	0,0
Resultat/Budsjett	7,9	5,3	4,5	6,0	0,0	3,5	5,0	7,2
Handlingsregel	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0	5,0

2.4 Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-630 605	-673 600	-693 550	-670 947	-22 603
Inntekt- og formuesskatt	-524 443	-541 700	-553 700	-549 653	-4 047
Eigedomsskatt	-88 469	-89 800	-106 700	-107 078	378
Andre generelle driftsinntekter	-106 277	-109 593	-114 233	-119 569	5 335
Sum Frie disponible inntekter	-1 349 794	-1 414 693	-1 468 183	-1 447 246	-20 937

Rammetilskot og skatt på inntekt og formue


Kommunen sine frie inntekter omfattar skatt og rammetilskot, og er kommunen sine største inntektskjelder. Skatt på inntekt og formue, og rammetilskotet som kjem frå staten er budsjetttert med utgangspunkt i statsbudsjett for 2024 og justert i løpet av året etter faktiske forhold og revidert nasjonalbudsjett.

Rammetilskot er eit tilskot frå staten som i utgangspunktet er fordelt etter innbyggjartal (484 mill.kr). Det vert deretter korrigerert for utgiftsutjamning (kor teoretisk dyr ein kommune er å drifta) (ca.89mill.kr), særskilde saker (13,2 mill.kr), inndelingstilskot (20 mill.kr), regionsentertilskot (4,8 mill.kr) og skjønstilskot (6,6 mill.kr). I tillegg har kommunen fått auka rammetilskot og skjønstilskot med nær 15 mill.kr i tilleggsløyvingar med f.eks revidert nasjonalbudsjett for å dekkja prisvekst og andre satsingar.

I inntektssystemet til kommunane ligg det også omfordeling av skatteinntekter frå dei kommunane som får mykje skatteinntekter til dei som får mindre, inntektsutjamning. I 2024 fekk Voss 37,3 mill.kr i



inntektsutjamning. Dette er om lag 23,4 mill.kr lågare enn budsjettert og skuldast skattesvikt i landet for øvrig.



Samla sett fekk Voss herad om lag 671 mill.kr i rammetilskot og inntektsutjamning frå staten, nær 23 mill.kr mindre enn budsjettert. Dette er ein av hovudgrunnane til dårlegare netto driftsresultat enn budsjettert.

Kommunen budsjetterte med inntekt frå skatt og formue på nær 554 mill.kr i 2024, og dei faktiske inntektene landa på 4 mill.kr mindre. Denne skatten kjem i hovudsak frå privatpersonar. Voss hadde ein vekst i skatt frå inntekt og formue på 4,8 % samanlikna med 2023, medan landet hadde ein vekst på 1,1 %. Skattesvikten heng saman med at staten gjorde endringar i skattesystemet slik at det vart teke ut ekstraordinære høge utbytte i 2021 og 2022. Dette ser me igjen i rekneskapen for inntektsutjamning for desse åra.

Konsesjonskraft

Voss herad har totalt ca 72 GWh konsesjonskraft. Kommunen nyttar ca 9 GWh til å dekkja eige forbruk, medan resterande 63 GWh vert seld i marknaden til inntekt for kommunen. Det vert nytta ekstern meklar ved sal. Totalt tente heradet 37,6 mill.kr på sal av konsesjonskraft i 2024. Direkte salsinntekter vart 32,2 mill.kr. og finansiell sikring gav 14,6 mill.kr. Voss herad betalte 9 mill.kr for krafta. Nettoinntektene frå sal av konsesjonskraft vart ca 1,8 mill.kr lågare enn budsjettert.

Til samanlikning tente Voss herad 88 mill.kr på sal av konsesjonskraft i 2023, og 82,8 mill.kr i 2022. Den store nedgangen i inntekter frå sal av konsesjonskraft i 2024 skuldast nedgang i kraftprisar. Kraftprisen fall i 2024 ned frå dei høge nivå åra før. Sjølv om kraftprisen har kome betydeleg ned, ligg kraftprisen fortsatt på eit høgt nivå historisk sett. For 2024 oppnådde heradet ein gjennomsnittleg pris på ca 51 øre/kWh. Til samanlikning oppnådde heradet i 2023 og 2022 ein salspris på henholdsvis 1,39 kr/kWh og 1,31 kr/kWh.

I samband med vasskraftproduksjon i kommunen hadde heradet i 2024 13,8 mill.kr i inntekter frå naturressursskatt. Det er noko ned frå 2023 med 14,4 mill.kr. Når det gjeld konsesjonsavgift fekk heradet totalt 8,2 mill.kr i 2024, opp frå 6,8 mill.kr i 2023. Konsesjonsavgifta vert avsett til Kraftfondet.

Eigedomsskatt

Voss herad fekk i 2024 totalt 107 mill.kr i inntekter frå eigedomsskatt, opp frå 88,5 mill.kr i 2023. Det er totalt ca 11 600 eigedomar som hadde eigedomsskatt i 2024, ca 6200 bustader, 4 000 fritidsbustader og



675 næringseigedomar. Inntektene fordeler seg på 45,8 mill.kr frå vasskraftanlegg, 41,6 mill.kr frå bustad og fritidsbustad, samt 19,7 mill.kr frå anna næringseigedom. I snitt vart det betalt ca 3 900 kr i eigedomsskatt for ein bustad eller fritidsbustad.

Den store auken skuldast i hovudsak etterrekning i eigedomsskatt frå Eviny sitt anlegg på Evanger. Etterrekninga skuldast at verdiane var satt for lågt i perioden 2018 til 2022, noko som utgjorde ca 16,2 mill.kr. i eigedomsskatt til Voss herad. Dette er ein eingongseffekt, og midlane vart brukt til å betala meir i avdrag på lån. Det var også noko auke i eigedomsskatt på bustad og fritidsbustad med 2,1 mill.kr og eigedomsskatt på næringseigedom med 1,4 mill.kr.

2.5 Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-34 154	-38 670	-38 670	-42 916	4 246
Utbytte	-27 376	-31 500	-27 300	-27 367	67
Renteutgifter	49 923	69 048	72 048	71 558	490
Avdrag på lån	57 569	47 600	63 600	61 649	1 951
Sum Finansinntekter/-utgifter	45 963	46 478	69 678	62 925	6 753

I 2024 opplevde Noreg ein moderat økonomisk vekst, prega av avtakande inflasjon, stabilt rentenivå og ein svak auke i arbeidsløysa. Norges Bank heldt styringsrenta uendra på 4,5 % igjennom heile 2024. Ved inngangen til 2024 var det venta at Norges bank ville koma med rentekutt i løpet av året, men grunna at inflasjonen ikkje kom så raskt ned som sentralbanken venta, vart renta i 2024 liggande flatt.

Tolv månadersvekst i inflasjon, justert for avgiftsendingar og energivarer (KPI-JAE), var ved utgangen av 2024 på 2,7 %, ned frå 5,5 % på same tidspunkt i 2023.

Ved utgangen av 2024 hadde Voss herad ei veka gjennomsnittleg rente på innlån på 4,14 %. Til samanlikning var tilsvarande rente ved utgangen av 2023 på 4,10 %, 2,47 % ved utgangen av 2022 og 1,05 % ved utgangen av 2021. Porteføljesamansetninga gjer at heradet sine innlånskostnader vil avvika frå den generelle endringa i rentenivå frå år til år. Totalt hadde heradet renteutgifter på 71,6 mill.kr i 2024, noko som er 0,5 mill.kr lågare enn budsjettert. Me gjorde låneopptak og refinansieringar gjennom lånemarknaden på totalt 928 409 260 kr i 2024. Ved å henta finansiering i lånemarknaden igjennom sertifikat- og obligasjonslån sparte Voss herad totalt 2 632 337 kr på dei låneopptak og refinansieringar som vart gjort i 2024.

Innskotsrenta til heradet fylgjer marknadsrentene tett. Rentenivået for 2024 vart litt høgare enn budsjettert for 2024. Totalt hadde heradet renteinntekter på 42,9 mill.kr, noko som er 4,2 mill.kr meir enn budsjettert. Voss herad betalte i 2024 totalt 61,6 mill.kr i avdrag, noko som er 17,5 mill.kr meir enn kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Det vart betalt inn meir i avdrag då behovet for lån til å finansiera investeringar vart lågare.

Heradet fekk i 2024 totalt 27,3 mill.kr i utbytte frå eigarpostane i kraftselskapa Voss Energi og Eviny. Dette var på nivå med budsjett.

Samla sett hadde Voss herad i 2024 eit positivt avvik på 6,8 mill.kr i forhold til budsjett på netto finanspostar. Målt mot budsjett har renteinntektene vore høgare enn budsjettert, medan det har vorte betalt noko mindre avdrag enn budsjettert.



2.6 Kommentar til avvik på tenesteområda

Resultatet totalt sett for heradet er vesentleg dårlegare enn forventa, og fleire av tenesteområda har store meirforbruk i høve budsjett.

Avvika er forklart meir i detalj under kapittel om kvart tenesteområde. Nedanfor er det lagt fram ei samla oversikt.

	Rekneskap 2023	Opph. budsjett 2024	Rev. budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Administrasjon og leiling	88 997 782	95 201 259	94 230 181	98 547 045	- 4 316 864
Plan, næring og forvaltning	29 072 530	35 839 786	33 984 136	31 230 003	2 754 133
Samferdsel	34 948 427	31 305 047	32 160 055	35 878 430	- 3 718 375
Eigedom og bustad	26 412 576	40 133 490	35 951 893	25 633 633	10 318 260
Brann og ulukkesvern	16 349 921	14 554 845	15 585 979	16 408 611	- 822 632
Vatn, avlaup og renovasjon	- 18 230 121	- 16 204 197	- 14 958 000	-19 899 627	4 941 627
Politisk styring	10 121 887	8 079 058	8 151 066	8 664 681	- 513 615
Finansielle postar/økonomi	- 179 456 147	- 17 781 400	-108 885 553	-111 232 655	2 347 102
Grunnskule	315 205 391	279 774 962	311 713 479	330 946 126	- 19 232 647
Barnehage	181 081 851	172 677 702	178 408 809	188 028 462	- 9 619 653
Barne- og familietenestene	110 764 335	108 617 029	94 945 160	102 646 829	- 7 701 669
Helse	67 651 903	61 942 497	68 289 214	68 864 686	- 575 472
Omsorg	474 126 731	424 795 018	455 034 918	493 847 021	-38 812 103
Sosialtenester	83 618 215	75 033 410	85 297 540	80 003 522	5 294 018
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	64 272 362	52 683 349	58 210 912	58 225 689	-14 777
Sum løyvingar drift, netto	1 304 937 642	1 366 651 855	1 348 119 789	1 407 792 455	- 59 672 666

Administrasjon og leiling har eit meirforbruk på omtrent 4,3 mill. kr, og gjeld innleige til vakante stillingar, løn til administrative stillingar i oppvekst (som er budsjettert anna plass), vedlikehald til bygg og lisensar i helse og omsorg.

Plan, næring og forvaltning har eit mindreforbruk på 2,7 mill. kr, og hovudårsakene er mindre utgifter til tilrettelegging og bistand til næringslivet, høge inntekter til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling og mindreforbruk innan plan.

Samferdsel har eit negativt avvik på omtrent 3,7 mill. kr grunna høgare utgifter til brøyting enn planlagd, og utgifter til vedlikehald på flyplassen.

Eigedom og bustad gjeikk med 10 mill. kr i overskot. Dette er grunna vakante stillingar og arbeid i tenesteområda. Lønsutgifter knytt til arbeid med bygg i tenesteområda vart budsjettert her, men rekneskapsført på tenesteområda.

Brann og ulukkesvern har eit lite meirforbruk, som er knytt til auka godtgjersle og lovpålagde kurs.



Vatn, avlaup og renovasjon har eit mindreforbruk på omtrent 4,9 mill. kr, og gjeld produksjon og distribusjon av vatn. Dette er eit sjølvkostområde, og overskot vert nytta til å nedbetala negative fondsbeløp frå tidlegare år.

Finansielle postar/økonomi har eit positivt avvik knytt til pensjon og premieavvik.

Grunnskule har eit meirforbruk på omtrent 19 mill. kr. Avviket er knytt til løn, mest fastløn, men og noko variabel løn knytt til fråvær og permisjonar. Noko av meirforbruket er knytt til undervisning av flyktningar. Store deler av avviket er og knytt til skulebygg, og ein liten del gjeld skyss.

Barnehage har eit meirforbruk på omtrent 9,6 mill. kr. Deler av dette er relatert til løn, og spesielt meirutgifter til vikarar. I tillegg er det eit negativt avvik på utbetaling av tilskot til private barnehagar, og på inntekter frå brukarbetaling.

Barne- og familietenestene har eit negativt avvik på omtrent 7,7 mill. kr. Meirforbruket er knytt til driftsutgifter (5,4 mill. kr), inntektssvikt i vaksenopplæringa på 4,3 millionar, samt kjøp av eksterne tiltak i barnevernet svarande til eit overforbruk på 3,8 mill. kr.

Helse hadde eit lite meirforbruk på nesten 0,6 mill. kr. Nokre område har hatt større meirforbruk til innleige, men andre område hadde større mindreforbruk som gjer at tenesteområdet til saman nesten balanserer.

Omsorg har eit meirforbruk på nesten 39 mill. kr. Overforbruket skuldast i hovudsak for høgt budsjetterte inntekter frå refusjon for ressurskrevjande tenester, og meirforbruk på kjøp av tenester. I tillegg har området negative avvik knytt til rekrutteringsvanskar, på poster som innleie og overtid.

Sosialtenester hadde eit mindreforbruk på nesten 5,3 mill. kr. Dette gjeld i stor grad løn, men og stønad buutgifter (vart justert ein del opp i budsjett i 2024), og nokre driftsutgifter.

Kultur og fritid går omtrent i balanse. Området hadde likevel eit mindreforbruk på løn knytt til vakansar og sjukefråvær, og eit meirforbruk på bygg.

Generelt sett har utgifter med å handtera ledige stillingar og fråvær ført til meirutgifter i fleire tenesteområde. Likevel har utgiftene til innleie gått noko ned frå 2023-nivået. Under er utvikling i utgifter med innleie frå 2021 til 2024 framstilt.





2.7 Pensjon

Totale utgifter til pensjon vart 3,7 mill. kr høgare enn venta i 2024. Dette avviket er lite i forhold til tidlegare år. Tidlegare har me hatt ulik praksis mellom budsjettering og rekneskapsføring av pensjon, men i 2024 endra me måten å budsjettera pensjon på slik at det vert meir rett. Det er likevel ikkje mogleg å få budsjettet heilt rett i forhold til rekneskapen, og det vil alltid vera eit lite avvik her. For nokre tenestoområder får avviket negativ effekt.

I løpet av 2024 vart og praksis for rekneskapsføring av premieavvik endra. Tidlegare har me fordelt (amortisert) dette over eitt år, no vert det gjort over sju år. I 2024 gjer dette ein positiv effekt, då me utsetter tilbakebetaling av deler av fjorårets avvik. Endringa vart lagt inn i budsjettet, slik at me ikkje fekk eit stort avvik (rekneskap mot budsjett) på dette.

I oversikta nedanfor er avvika på sentrale budsjettpostar vist med korleis det slår ut på dei ulike tenestoområda: (negativt forteikn = meirforbruk, positivt forteikn = mindreforbruk).

Tenestoområde	Rev. budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik
Administrasjon og leing	2 426 666	3 113 719	-687 053
Plan, næring og forvalting	884 511	1 056 202	-171 691
Samferdsel	477 984	485 375	-7 391
Eigedom og bustad	1 319 873	1 513 974	-194 101
Brann og ulukkesvern	662 130	719 055	-56 925
Vatn, avlaup og renovasjon	829 995	950 770	-120 775
Politisk styring	63 110	81 357	-18 247
Finansielle postar/økonomi	-69 604 153	-66 840 382	-2 763 771
Grunnskule	1 147 453	2 003 119	-855 666
Barnehage	5 233 589	6 574 106	-1 340 517
Barne- og familietenestene	2 246 749	2 305 989	-59 240
Helse	2 553 697	2 340 245	213 452
Omsorg	22 131 978	22 146 674	-14 696
Sosialtenester	1 108 940	1 358 171	-249 231
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	1 139 236	1 321 950	-182 714

Av tabellen ser ein at avvika ikkje er store samanlikna med storleiken på budsjettet på dei ulike områda. Det slår mest ut for barnehage og grunnskule, med omtrent 1,3 mill. kr og 0,9 mill. kr i negativt avvik.

2.8 Voss iPluss2027

Voss herad treng å gjera omstilling for å få berekraftige tenester. Det vil seie at tenestene må vera på rett nivå og på eit utgiftsnivå som me kan halda over tid utan å tømme sparekontoen. I 2024 vart det difor sett i gang eit omstillingsprosjekt for å jobba med dette, Voss iPluss2027. I perioden fram til 2028 skal me kartlegga kva som kan vera aktuelle endringar, og så setja i verk tiltak og endringar for å gjera tenester robuste og realisera innsparingar. Nokre vil vera store og inngripande, medan nokre vil vera små og kan gjennomførast raskt. Nokre skal jobbast med på strategisk nivå av leiarar og nokre vil koma som innspel frå tilsette i ulike avdelingar.

Meir informasjon om prosjektet og mandat finn de her: [Voss iPluss2027 - Voss herad](#)

Litt av kva som er gjort:

- Alle kommunal- og stabsavdelingar har hatt startskot og oppstartsmøter
- Alle har begynt å kartlegga kva konkrete endringar som må gjerast i prosjektet.
- Me hadde leiarsamling for alle leiararar i Voss herad med Voss iPluss og endringsleiing som hovudtema.
- Me har laga prosjektpresentasjon, mandat og kommunikasjonsplan.
- Litt over 30 innspel til omstilling er kome inn i vårt anonyme spørreskjema. Lenkje: [her](#)
- Gjennomført samanslåing av område Vest og Aust i helse og omsorg
- Innleigestopp i omsorgstenesta
- Reforhandla eller sagt opp nokre avtalar



Ein del er starta opp, men det gjenstår mykje i utgreiing og gjennomføring for å realisera omstilling i tida framover.

Dårlegare økonomisk resultat enn venta i 2024 og at me no ser at mykje av dette fortset inn i 2025 gjer at innsparingsmåla i prosjektet må aukast. Det hastar difor med å gjennomføra naudsynt omstilling og koma i pluss slik at me kjem på målnivå for netto driftsresultat.



2.9 Avsettingar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Overføring til investering	5 466	36 400	21 606	4 206	17 400
Avsettingar til bundne driftsfond	10 143	6 000	6 000	8 944	-2 944
Bruk av bundne driftsfond	-9 907	-6 906	-7 406	-2 024	-5 382
Avsettingar til disposisjonsfond	6 453	19 935	44 545	0	44 545
Bruk av disposisjonsfond	-13 262	-53 866	-14 359	-34 595	20 236
Netto avsetnader	-1 107	1 563	50 386	-23 470	73 856

Tabellen syner budsjettet og rekneskapsført bruk og avsetting av midlar på fond, og overføring til investering. Sistnemnde gjeld bruk av driftsmidlar i investeringsbudsjettet, og kan vera midlar frå ulike fond, frå drift eller tilskot. I revidert budsjett var det planlagt å overføra 21,6 mill.kr til investeringar. Ein del av dette var kraftinntekter. Når Voss herad fekk så store meirforbruk i tenesteområda så har midlane heller gått til å dekkja dette. Det var difor berre rekneskapsført nær 4,2 mill.kr i overføring til investering.

Ettersom netto driftsresultat for 2024 vart negativt, måtte me etter rekneskapsreglane "stryka" avsettingar til fond. Det vart difor ikkje avsett midlar til disposisjonsfond for 2024, men brukt 34,6 mill.kr. Midlar på disposisjonsfond vart altså redusert i 2024 til nær 52 mill.kr.



3 Investeringar

3.1 Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidlar	4	172 315	330 375	168 107	116 398	51 709
Tilskot til andre sine investeringar		0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	5	3 466	3 400	3 806	3 806	0
Utlån av egne midlar		0	0	0	0	0
Avdrag på lån		797	0	0	852	-852
Sum investeringsutgifter		176 578	333 775	171 913	121 056	50 857
Kompensasjon for meirverdiavgift		-26 985	-45 675	-27 180	-17 720	-9 461
Tilskot frå andre		-25 708	-3 000	-8 400	-59 679	51 279
Sal av varige driftsmiddel		-4 180	0	0	-1 971	1 971
Mottatte avdrag på utlån av egne middel		0	0	0	-200	200
Bruk av lån		-111 595	-248 700	-114 727	-38 048	-76 679
Sum investeringsinntekter		-168 468	-297 375	-150 307	-117 617	-32 690
Vidareutlån		66 418	35 000	35 000	23 784	11 216
Bruk av lån til vidareutlån		-66 418	-35 000	-35 000	-23 784	-11 216
Avdrag på lån til vidareutlån		12 188	11 200	11 200	61 510	-50 310
Mottatte avdrag på vidareutlån		-21 692	-11 200	-11 200	-18 705	7 505
Netto utgifter vidareutlån		-9 504	0	0	42 805	-42 805
Overføring frå drift		-5 466	-36 400	-21 606	-4 206	-17 400
Avsetningar til bundne investeringsfond		10 114	0	0	7 391	7 391
Bruk av bundne investeringsfond		-1 224	0	0	-49 629	49 629
Avsetningar til ubunde investeringsfond		1 968	0	0	200	-200
Bruk av ubunde investeringsfond		-4 025	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekkede beløp		0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar		1 367	-36 400	-21 606	-46 244	-24 638
Framført til inndekning i seinare år (udekt)		0	0	0	0	0



3.2 Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidler

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Administrasjon og leing	2 428	1 875	1 875	1 524	351
Plan, næring og forvaltning	303	500	500	609	-109
Samferdsel	29 626	11 500	14 125	8 981	5 144
Eigedom og bustad	12 018	40 125	14 750	3 436	11 314
Brann og ulukkesvern	7 718	51 625	42 350	44 371	-2 021
Vatn, avlaup og renovasjon	21 520	103 700	33 400	21 444	11 956
Grunnskule	82 596	37 875	19 750	13 200	6 550
Barnehage	3 403	41 875	25 000	8 636	16 364
Barne- og familietenestene	0	500	500	100	400
Omsorg	7 555	8 750	8 750	3 422	5 328
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)	5 148	32 050	7 107	10 676	-3 569
Investeringar i varige driftsmidler	172 315	330 375	168 107	116 398	51 709

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Investeringar i varige driftsmidler	0	0	0	0	0

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Eigenkapitaltilskot KLP	3 466	3 400	3 806	3 806	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 466	3 400	3 806	3 806	0

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Note Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Utlån av egne middel	0	0	0	0	0
Sum del 1-4	175 781	333 775	171 913	120 204	51 709

3.3 Status investeringsprosjekt

Beløp i 1000

Investering	Budsjett for året		
	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Aktivitetshus - Helse og omsorg/Kultur og fritid	1 000	0	Arbeidet med Aktivitetshus starta opp i 2023, men grunna mange og store prosjekt i 2023/2024 vart Aktivitetshuset sett på vent. Prosjekt Aktivitetshuset må sjåast i samanheng med andre kommunale prosjekt som "Tinghus 2.0", "Ei dør inn", Gamlekinoen og kartlegging av kommunale bygg. Det er sett av 1 mill. kr til mogelegheitsstudie og utgreiing til Aktivitetshuset. Det vert arbeidd med eit offentleg innkjøp på mogelegheitsstudie for Tinghus, her skal det vurderast å leggja inn mogelegheitsstudie for Aktivitetshus som del 2 av same kjøp.
Aktivitetstorg oppgradering	8 000	1 278	Det er løyvd 8 mill. kr i opprinneleg budsjett 2024 til oppgradering aktivitetstorg. Arbeidet vert utført saman med prosjekt "Vossabadet - servicebygg utebasseng", og status for framdrift og økonomi kan lesast der.
Asfaltering kommunale vegar	0	1 212	Det har i 2024 vore utført asfalteringsarbeid fleire stadar i bygda, både i Granvin, Bolstad og i sentrumsområdet. Asfaltering av vegar er eit veldig godt tiltak som reduserer vedlikehaldskostnader. Dette fordi ein unngår at vegen renn vekk ved overvatn slik grusvegar gjer, og ved brøyting vert ikkje grusmassar kasta ut i grøfta. Dette gjer at ein slepp å grusa opp vegane etter vinteren. Det er mange kommunale vegar som er masseutskifta og som er klar for asfaltering.
Bilar helse og omsorg	3 000	3 166	I opprinneleg budsjett er det løyvd 3 mill til bilar i helse/omsorg. Det har vore jamn utskifting av køyretøy, med eit mindre meirforbruk i 2024.
Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom	515	650	Det er kjøpt inn ein elektrisk varebil til Reinholdsavdelinga, og ein brukt varebil til fagarbeidar-gruppa på Brynavollen. Rekneskap viser at det er kostnadsført 650 000 kr, noko som er 135 000 kr utover revidert budsjett. Opprinneleg løyving er redusert frå 1 mill. kr til 0,65 mill. kr for å finansiera hovuddel av utskifta kjøretøy på prosjekt "Kjøp maskiner/utstyr/bilar til Park og idrett".
Bilkjøp helsestasjons- og skulehelsetenesta	100	100	Det var behov for fleire køyretøy til Helsestasjons- og skulehelsetenesta. I samband med 2. tertialrapport vart det rebudsjettert 100 000 kr frå årleg løyving til bilkjøp barne- og familetenestene.
Bilkjøp oppmålingstenesta	500	609	Oppmåling har investert i ny bil, som erstattar 20 år gamal oppmålingsbil. Oppmålingsavdelinga disponerer 2 bilar, og har no bytt ut den eldste. Det er investert i ein ny el-bil med 2-hjulstrekk. Målsettinga til Vossaklima 2030 om at alle nybilkjøp skal vera fossilfri er innfridd. Det er brukt noko



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
			meir enn budsjettert. Sjøelve bilen kosta 500 000 kr, medan det naudsynte spesialutstyret kosta 104 250 kr.
Bilkjøp oppvekst	400	0	Det er budsjettert med 500 000 kr årleg til bilkjøp til barne- og familetenestene, og midlane er budsjettert til barnevernet. I samband med 2. tertialrapport vart det rebudsjettert 100 000 kr til Helsestasjons- og skulehelsetenesta. Resterande beløp vart ikkje nytta.
Bokbuss	0	1 335	Avtale om kjøp av ny bokbuss vart signert hausten 2023, med levering hausten 2025. Den fyrste delbetalinga er kostnadsført i 2024.
Brannvern mannskapsbilar og tankbilar	4 650	5 995	Det er kjøpt og levert redningsverktøy og ATV til samla 0,8 mill. kr inkl. mva. Ny bil 2 er levert og slutført i 2024 til samla kostnad 3,8 mill. kr inkl. mva. I tillegg er det skifta ut 2 mindre køyretøy til feiing/førebygging.
Bustad Skulestadvegen - ny personalbase og bustad	1 000	1 748	Det er i opprinneleg budsjett 2024 løyvd 15 mill. kr til bygging av ny personalbase og bueining, og oppussing av eksisterande personalbustad til ny bueining. Teknisk oppgradering med ny brannvarsling og sprinkleranlegg. Husbanken gjev tilskot til prosjektet. Fuglafjell AS er valt som totalentreprenør i prosjektet, og detaljprosjektering starta i november 2024. Start på byggeplassen i mars 2025. Prosjektet er venta å ta 12 månader.
Bustad Vetteflaten 1F oppgradering	1 000	0	I opprinneleg budsjett 2024 er det løyvd 5 mill. kr til Vetteflaten bustadfløy 1F - oppussing og oppgradering av 5 enkle og 2 doble husvære. Oppgradering av alle overflater og tekniske anlegg i bustader og fellesareal, tilrettelegging for velferdsteknologi. Prosjektet inneheld nytt brannvarslingsanlegg og sjukevarslingsanlegg for heile Vetteflaten, i tillegg til noko ombygging av medisinerom og avdelingskjøkken i bygget. Det er mottatt støtte frå Husbanken til prosjektet. Start på byggeplass er planlagt til mars 2025.
Bømoen reserve vassverk	3 000	4 031	I opprinneleg budsjett er det løyvt 22 mill. kr til nytt vassverk i Bømoen. Planlegging av bygg og tekniske installasjonar er gjennomført, og innkjøps-prosess er i gang med prekvalifisering av leverandørar. Det vil bli nytta totalentreprise. Svak kronekurs medfører at det er venta vesentleg prisstiging, og at totalbudsjett bør oppjusterast. Siste estimat ligg no på omlag 53 mill. kr. Oppstart byggjearbeid kan skje rundt årsskiftet, med omlag 1 års byggetid.
Datasenter 2027	1 875	909	Det vart i 2024 investert i ny lagringsløyising til datasenter 1 og naudsynt oppgradering av trådløst nettverk som planlagt. I tillegg blei det som planlagt investert i bytte av kant-switcher (nettverksutstyr).Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt "Nettverk 2025", der det er kostnadsført 0,614 mill kr i rekneskap 2024.



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Digitalisering kino (inv)	505	504	Innkjøp av ny kinoprojektor har vore i innkjøpsprosess sidan sommaren 2022. Kostnadane påløp med omlag 0,5 mill. kr i 2023, og restfaktura vart kostnadsført våren 2024.
Diverse anleggsmaskiner	3 000	3 601	Budsjettposten skal dekkja utskifting av alle bilar og større maskiner/lastebilar innafor tenesteområda samferdsel/kommunale vegar og vatn/avløp. Elektrisk hjullastar til Reinseanlegget er kjøpt inn i 2024. Innbyte til ny traktor er utført. Byte av gammal lastebil til ny vart bestilt i 2024 og er forventa til levering i 2025. Innkjøpsprosess for utskifting av ytterlegare ein lastebil er sett i gong med sannsynleg levering i 2026.
Dyrvedalsvegen Rekve - Røthe ved-anlegg	0	507	Arbeidet er ferdig utført og ein planlegg no neste trinn for oppgradering av veggen.
Eigenkapitalinnskott KLP	3 806	3 806	Forventa nivå 2024 for eigenkapitalinnskott var i opprinneleg budsjett 3,4 mill. kr, og reelt beløp vart 3,806 mill. kr.
Elvakryssing VA Granvin	350	356	Prosjektet er ferdig utført. Gjeld arbeid med VA anlegg i samband med ny barnehage i Granvin. Prosjektet vert finansiert frå Hovudplan vatn.
Flaumsikringstiltak utsette bygg	0	191	Det er utført flaumsikringstiltak på Kulturhuset, Tinghuset, Voss ungdomsskule og Idrettshallen. Det er investert i mobile flaumveggar, der prinsippet er å halda flaumen ute frå bygget så lenge som mogeleg. Det er i tillegg investert i flaumpumper som vert plassert i pumpeynkar både ute og inne i bygga, desse skal hjelpe til å halda lekkasjar gjennom grunn og flaumvegg under kritisk nivå for bygga. Det vart gjennomført 2 flaumdagar i oktober som planlagt, med omlag 35 personar med gjennomgang av montering av flaumveggar og tilhøyrande pumpemateriell for alle 4 bygga som me har gjennomført sikringstiltak på. Flaumveggar og pumper vart og prøvd ut i praksis under flaumen Jakob. Veggjar og pumper vart montert og operative på 2,5 timar for alle bygg. Denne gongen nådde ikkje flaumen opp til vegg nivå. Det gjenstår noko tilsåing av plenareal våren 2025. Hovuddel av kostnadar til desse flaumsikringstiltaka er kostnadsført i driftsrekneskapen.
Granvin vassverk	0	75	Etablert ny forsyningsbrønn på Kollanaset. Konfigurert, tilpassa og implementert overvåkingsanlegg til system.
Gryto - støydempende tiltak	570	0	I opprinneleg investeringsbudsjett var det løyvd 1,5 mill. kr i 2023 til ventilasjonsanlegg og 0,5 mill. kr i 2024 til støydempende tiltak. Begge tiltak gjeld lokala i Gryto og hadde planlagt oppstart i juni 2024. Utskifting til nytt ventilasjonsanlegg i Gryto er utført og ferdigstilt i juli månad. Støydempende tiltak er utført med støyreduserande plater i tak. Det kan ev vurderast om det er



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
			naudsynt med ytterlegare tiltak. Prosjektet vart ferdigstilt i august 2024. Totalt nytta midlar til arbeidet inkl mva vart 765 000 kr, og er kostnadsført i driftsrekneskapen.
Hagahaugen høgdebasseng oppgradering	0	794	Nytt utvida og oppgradert høgdebasseng på Hagahaugen i fjell. Auka volum frå ca 290 m3 til 1000 m3. Dette for å sikra vassforsyning til kritiske abonnentar som sjukehus og sjukeheim, samt sikre vassforsyninga til abonnentane i området Skjerpe, Bavallen og Tråstølen.
Hovudbrannstasjon	37 700	38 376	Ny hovudbrannstasjon lokalisert på Tvildemoen. Brannstasjonen skal og innehalda lokalar for sivilforsvaret. Stasjonen vert bygd i massivtre. Innkjøpsprosess er fullført og kontrakt vart signert med Fuglafjell as som totalentreprenør 30.05.2024. Detaljprosjektering starta umiddelbart, og byggevedtak kom på plass 19.08.2024. Framdrifta er som planlagt med tett tak 20.12.2024, og planlagt overtaking i oktober 2025. Totalbudsjettet i prosjektet ser ikkje ut til å vera tilstrekkeleg, og bør verta oppjustert.
Hovudplan avløp	3 800	0	Diverse arbeid på leidningsnett avløp. Denne løyvinga skal mellom anna finansiera mellombels reinseanlegg Mørkve, som er eige prosjekt. NO DIG rehabilitering av avløpsanlegg er starta opp og vert vidareført i 2025.
Hovudplan vatn	4 650	0	Diverse arbeid på leidningsnett vatn. Denne løyvinga skal mellom anna finansiera prosjekt "Elvakryssing VA Granvin" og VA-del av "Rongavegen veg og VA".
Inventar/utstyr skuler og barnehager	1 000	0	Potten er ein samlepost for alle barnehagar og grunnskular til årleg fornying av større inventar/utstyr, digitalisering og bilkjøp. I opprinneleg budsjett 2024 var det løyvd 1 mill. til grunnskule i samband med den nye idrettsfløyen på Voss ungdomsskule.
Kapitalbevaring bygg/anlegg - institusjonar	5 000	0	Midlane skal nyttast i tråd med tilstandsanalysar og dei vurderingane og prioriteringane som er knytt til bygga. Det kan også vere aktuelt med byggtekniske endringar knytt til trong for mindre ombyggingar/endringar. Dersom utbetringane høyrer rekneskapsmessig til driftsrekneskapen, må midlane rebudsjetterast til drift. I 2024 er det utført ei vesentleg lampeutskifting ved institusjonane, eit naudsynt ENØK-tiltak som gjev betre lyskjelder og redusert energibehov. Kostnadane er rekneskapsført i driftsrekneskapen.
Kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader	2 500	0	Det er løyvd 2,5 mill. kr til kapitalbevaring bygg/anlegg - kommunale bustader. Arbeidet pågår kontinuerleg, og kostnadar for gjennomført arbeid i 2024 er ført i driftsrekneskapen.
Kapitalbevaring bygg/anlegg - skulebygg	3 750	0	Midlane skal nyttast i tråd med tilstandsanalysar og dei vurderingane og prioriteringane som er knytt til bygga. Det kan også vere aktuelt med byggtekniske endringar knytt til trong for mindre ombyggingar/endringar. Dersom utbetringane høyrer rekneskapsmessig til driftsrekneskapen, må



Budsjett for året

Investering

Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
-----------	-----------	-----------

midlane rebudsjetterast til drift. I driftsrekneskapen vart det ført kostnadar til prosjekt for kulturskule Granvin oppgradering, med finansiering frå denne potten frå disposisjonsfond. Ved handsaming av 1. tertialrapport 2024 gjorde HST vedtak om å redusera denne løyvinga med 1 mill. kr + mva og flytta midlane til driftsrekneskapen, slik at revidert investeringsbudsjett etter dette vart 3,75 mill. kr.

Kjøp maskin/utstyr/bilar til park og idrett

485	485	
-----	-----	--

Det er skifta ut ein varebil som er i sambruk mellom park/idrett og viltforvaltning. Gevinst ved sal av utfasa bil går til finansiering av den nye. Hovddelen av kjøpet er finansiert av rebudsjetterte midlar frå prosjekt "Bilkjøp avdeling Bygg og eigedom".

Meirope bibliotek

100	0	
-----	---	--

Meirope bibliotek i Kulturbanken i Granvin. Kostnadane er ført i driftsrekneskapen.

Melstunet VA-anlegg

5 400	5 863	
-------	-------	--

Prosjektet er eit "nullspel". Gjeld VA arbeid for utbygging av nye leiligheiter i Melstunet. Faktura vert betalt av Voss herad som får refundert beløpet hjå utbyggjar. Deler av prosjektet er no ferdigstillt.

Myrkdalen VA-utbygging

15 000	7 540	
--------	-------	--

Prosjektorganisasjonen, Myrkdalen VA, med to årsverk i 2024 har gjennomført to år med arbeid etter oppstart i 2022. I 2024 har arbeid med prosjektet for gjennomføring av nytt avløpsreinseanlegg (RA), nytt vassbehandlingsanlegg (VBA) og ny hovudtrase for VA helde fram. Status for arbeid i 2024: Einstemmig vedtatt detaljreguleringsplan for nytt RA og VBA og leidningstrase mellom vassinntak og nytt VBA 21.03.2024. Statsforvaltar har avvist klager på reguleringsplanen og denne er endeleg vedteken i oktober 2024. Voss herad er i dialog med grunneigarar for ei minneleg løysing når det gjeld kjøp av grunn. Leidningstrase mellom Nobbaflaten og skibru ved Helgatun skal vere fullført innan 01.12.2025. VBA: Prosessentreprise er klar for utlysing. Blir lyst ut i februar 2025. RA: Prosess entreprise er under arbeid i 2024 og blir lyst ut i mars 2025. Myrkdalen vassverk: I 2024 har ein kartlagt leidningstraseer, kummar, høgdebasseng og køyrt testpumping for å få oversikt og forstå korleis Myrkdalen vassverk fungerer. Utført i lag med driftspersonell frå Voss herad, Myrkdalen vassverk og Sweco.

Mørkve renseanlegg

1 200	1 207	
-------	-------	--

Nettverk 2025

0	614	
---	-----	--

Innkjøp av mellombels reinseanlegg, vert finansiert med midlar frå "Hovudplan avlaup". Prosjektet må sjåast i samanheng med "Datasenter 2027" der midlane er budsjettert og samla rekneskap for dei 2 prosjekta er omtalt.

Ny barnehage i Granvin

20 000	8 636	
--------	-------	--

Prosjektering er starta og godt i gang, søknad om rammeløyve og IG er sendt inn og godkjent. Arbeider med ringsamband vatn er godt i gang. Forventa oppstart vann og avløp samt

Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
			masseutskifting byggegrop i januar med påfølgande betongarbeid i februar 2025. Framdrift i tråd med framdriftsplan.
Oppheim skule - ombygging til barnehage HST 86/21	5 000	0	Pr 2. tertial 2024 hadde det opprinnelege prosjektet endra seg slik at fyrste utlysing vart avlyst i juni månad, for deretter å verta lyst ut på nytt. Bakgrunnen var at det i løpet av innkjøps-prosessen vart klart at det er mogelegheiter for å bevare råbygget (skalet) for gjenbruk. Jobben er etter 2. gongs utlysing tildelt til NRC Kept med oppstart i starten av januar 2025. Løyvde midlar i revidert budsjett 2024 skal vera tilstrekkeleg for sanering og ev riving. Det har vore gjennomført folkemøte om framtida til bygget, men det er ved årsskiftet 2024/2025 uavklart kva bygget skal nyttast til. Førebels plan er å gjennomføra innvendig sanering, og friskmelda innvendig bygg for asbest, slik at ei ev ombygging kan gjennomførast i reint bygg.
Oppheim vassverk	0	84	Arbeid med å finna ei ny sikker vassskjelde for abonnentane på Oppheim. Etablering av prøvebrønnar, analyse, og driftsoptimalisering av anlegget der det i dag er store utfordringar med høge verdiar av jern og mangan.
Oppheimsbrui - steinkvelvingsbru	0	1 440	Den gamle brua vart teke ned, grunnforhold utbetra og så mura oppatt. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Voss herad, Fylkeskommunen og Statens Vegvesen. Kostnadsfordelinga var 30% på Voss herad og resten vert fordelt på dei to andre.
Rongavegen - veg og VA	0	1 061	Utskifting og fornying av ca 650 m med Vass og avløpsleidningar i samband med oppgradering av Rongavegen. Arbeidet er utført med eige mannskap og maskiner. Arbeidet er ferdig utført i 2024. Står att asfaltering og arbeid med rekkverk.
Standardh.brue (inv.)	375	0	Prosjekt "Standardheving bruer" må sjåast som finansieringspost for prosjekt "Såkvitne bru" og "Oppheimsbrui - steinkvelvingsbru". Voss herad har bruer som krev strakstiltak, som til dømes Årnot bru i Myrkdalen. Det er engasjert fagfolk som vurderer kva tiltak som må gjerast.
Såkvitne bru	1 500	1 463	Det er kome ny bru på plass i 2024.
Trafikksikring Lekvemoen kryss	2 625	277	I tråd med rekkefølgje krav til Voss gymnas, vert det bygd nytt kryss Lekvemogata/Uttrågata. Vestland fylkeskommune er byggherre og Voss herad bidreg med sin andel ifølgje avtale. Voss herad løyvde opprinneleg 2,625 mill. kr i budsjett 2021, og HST har rebudsjettert desse midlane til 2024 i samband med handsaming av 1. tertialrapport 2024. Voss herad skal betala inntil 2,974 mill. kr eks mva for VA delen i prosjektet og i tillegg 1,5 mill. kr eks mva som eit bidrag til prosjektet. Voss herad sine kostnader til omlegging av leidningsnett VA, vert finansiert frå



Budsjett for året

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
			eksisterande løyvingar til hovudplan vatn og avløp. Prosjektet er planlagt ferdig utført til påske 2025.
Trafikksikringstiltak	625	0	Voss herad gjennomfører trafikksikringstiltak i Lekvemogata. Voss herad har fått tilsegn om 1 mill. kr frå fylket til dette arbeidet som saman med på 0,625 mill. kr frå heradet skal nyttast til fortau med meir. Arbeidet er no starta opp og vert fullført i løpet av vår 2025.
Tvildemoen kryss E16 Regimentsvegen	0	179	Rekkefølge krav knytt til områderegeringsplanen for Tvildemoen, og detaljreguleringsplan for brannstasjon. Finansiering frå Tvildemofondet.
Udlabutomta	250	258	I samband med utbygginga av omsorgsbustadar på Udlabu vart det gjort avtale med grendalaget om å nytta leikeplassen til riggområde under byggetida, for deretter å setja den i stand etter ferdigstilling av byggeprosjektet. I mellomtida kom produksjonskjøkkenet til utføring, og same område vart nytta vidare til riggområde. Det vart inngått avtale med grendelaget og ny entreprenør om oppstart hausten 2023 for leikeplassen. Slutfaktura for arbeidet vart kostnadsført i 2024. I 2. tertialrapport 2024 vart det gjort vedtak om å rebudsjettera unytta midlar frå 2023 med 250 000 kr.
Ungdomsskulen idrettsfløy	15 000	13 200	Skulen vart rettidig overteken 15. desember 2023 og offisielt opna 29. januar. 2024 og har vore i drift sidan. Prosjektet inneheld auka kapasitet klasserom, grupperom, spesialrom, styrkerom og gymsal med tilhøyrande garderobe fasilitetar. Idrettsdelen er bygd i massivtre, medan skuledelen er bygd tradisjonelt i betong, tre og gips for å ivareta lyd og brann på ein god måte. Me har ein 12 mnd prøvedrifts periode som vert avslutta i januar 2025, den er nytta til stress-testing, innregulering, drift gjennom 4 årstider og utbetring av feil og manglar. Utandørs har meir eller mindre heile skuleområde fått seg ei flott oppgradering med nye aktivitetsflater som ballbinge/isbane, fotballtennis, basketball, volleyball, huske og klatreaktivitet, areal for praktisk matte, samt takoverbygg og mange sitjeplassar. Avdeling park og idrett har overteke drifta av grøntarealet 2 år tidlegare enn planlagt, for å redusera kostnader ihht kontrakt. Prosjekt-rekneskapen viser eit mindreforbruk i høve budsjett. Endeleg rekneskap vert ferdigstilt i lag med sluttrapport etter endt prøvedrift og 1. års garantibefaring mars 2025.
Utstyr og tekniske installasjonar	750	0	Dette er innkjøp av større utstyr på institusjonane og avhengig av kva dei treng. For 2024 var det ikkje innkjøp som kan klassifiserast som investering, og alle slike kjøp vart ført i driftsrekneskapen.
Vatningsanlegg til grasbaner	82	68	Det er gjennomført boring etter vatn og kjøpt inn pumpeutstyr. I 2024 pågjekk montering, og det vert lagt opp til å gjera vatning tilgjengeleg for dei nye kunstgrasbanane. Midlane som vart løyvd i

**Budsjett for året**

Investering	Rev. bud.	Rekneskap	Kommentar
Veginvestering/vegpakke	6 000	375	2023 vart ikkje brukt opp. Ved handsaming av 1. tertialrapport 2024 gjorde HST vedtak om å rebudsjettera unytta midlar frå tidlegare år for å ferdigstilla prosjektet i 2024 med 82 000 kr. Rongavegen på Bolstad er eit samarbeidsprosjekt med veg og VA, der veg-kostnaden skal finansierast frå prosjekt "Veginvestering/vegpakke". Utover dette er det fleire mindre prosjekt, både oppgradering og utbetningsarbeid som er utført i 2024. Voss herad har mange vegar som treng opprusting, og vedteken Hovudplan veg (HST 19/24) vert nytta for å prioritera kva som hastar mest.
Voss kulturhus - oppgradering	500	0	Midlane var tiltenkt nytt lydutstyr i Gamlekinoen. Prosjektet vart stoppa då løyvinga til totalrenovering av Gamlekinoen frå kulturdepartementet var kjend.
Vossabadet - servicebygg utebasseng	5 350	7 595	Prosjektet vert gjennomført saman med prosjekt "Aktivitetstorg oppgradering", og dei 2 løyvingane vert slått saman. Kontrakt er inngått med Seimen AS i tråd med totalbudsjett. Volleyballbaner er etablert, og resterande utomhus følgjer naturleg framdrift i prosjektet. I september 2024 var det oppstart byggegrop med vatn og avløp, og tomt vart klargjort for betongarbeid og vidare oppbygging. I desember var det tett tak og klart til innvendig arbeid, i tråd med framdriftsplan. Oppstart utvendig arbeid tidleg vår 2025.
Vossest. oms.tun - carport heimesjukepleie og vaktmesterlager	0	125	Byggeprosjektet vart gjennomført i april-november 2023 og vart teke i bruk før årsskiftet 2023/2024. På grunn av låge temperaturar og dårleg ver er siste del av målingsarbeidet innvendig utsett til andre kvartal 2024. Arbeidet er no utført, og prosjektet er ferdigstilt.
Vossevangen vassv.(drift)	0	239	Sikring av eigedomsrett til høgdebasseng Skjerpe.
Sum andre prosjekt	0	251	
Sum	171 913	120 204	

4 Organisasjon

4.1 Voss herad som arbeidsgjevar

Voss herad er den største arbeidsgjeveren i kommunen med nesten 1600 tilsette og skal i samsvar med ein av verdiane våre vera ein inkluderande arbeidsgjevar. Og me skal setja mangfald høgt.

Me skal vera ein skapande og inkluderande arbeidsgjevar med myndiggjorte leiarar og medarbeidarar

I alle lysingane til kommunen står det følgjande: Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.

Verdiane våre er: påliteleg – inkluderande – profesjonell – skapande.

Me skal vera ein tillitsskapande organisasjon med høg etisk standard

Voss herad har etiske retningslinjer som gjeld for tilsette, og etiske retningslinjer for folkevalde. Me ynskjer å ha ein høg etisk standard som gjer at innbyggjarar opplever å bli møtt i tråd med dei etiske retningslinjene. Det er viktig for oss at ålmenta har tillit til kommunen som tenesteutøvar og forvaltar. Alle nyttilsette skal gjennom eit kurs om etiske val i Voss herad. Dette handlar om etiske dilemma som ein kan møte når ein arbeider i kommunen.

4.2 Likestilling, inkludering og mangfald

Likestillings- og diskrimineringslova sitt føremål er å fremja likestilling og hindra diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person.

Følgjande standardtekst vert nytta i alle stillingslysingane frå heradet: «Me ynskjer eit arbeidsmiljø prega av mangfald, og at våre tilsette skal gje eit bilete av folkesetnaden generelt. Me oppmodar alle som er kvalifisert til å søkja jobb hjå oss uansett alder, funksjonsevne, kjønn, eller kulturell bakgrunn.»


Voss herad held seg til lov- og avtaleverk ved tilsettingar og fastsetting av løn. Hovudtariffavtalen har nøytralt lønssystem baserer seg på den tilsette sin formal- og realkompetanse. I tillegg har Voss herad eit tett samarbeid med tillitsvalde ved stillingsutlysingar, tilsettingar og forhandlingar. Dette er med å hindra diskriminering, og sikra at personalarbeid skjer i samsvar med lovverk og hovudtariffavtalen.

Lønspolitikken til heradet skal mellom anna bidra til å fremja og ivareta likestilling mellom kjønna. Det vil seie at i *same verksemd skal kjønna ha lik løn for likt arbeid eller arbeid av lik verdi. Løn skal fastsetjast på same måte utan omsyn til kjønn. Her viser me til likestillingslova § 34.*

I samsvar med resten av kommunesektoren har også Voss herad også ein høg andel kvinner. I 2024 hadde me 1184 tilsette kvinner og 404 menn. Prosentvis endring i tal årsverk frå året før er +1,1% for kvinner og +4,7% for menn. Menn hadde i gjennomsnitt noko høgare løn enn kvinner, men lønsveksten vart høgare for kvinner totalt sett enn for menn. Dette ser me på utvikling i kvinner grunnløn i prosent av menns. Likevel ser me at når me justerer tala for kva stillingskode ein har, gjekk løna til kvinner ned i forhold til menn (frå 98,9 % til 98,4). Viss kvinner og menn hadde lik løn, ville talet ha vore 100 %.



Kjønn	Månedsofortjeneste 2024	Grunnlønn 2024	Endring i månedsofortjeneste 2023-2024	Endring i grunnlønn 2023-2024	Ansatte 2024	Årsverk 2024	Endring i årsverk 2023-2024
Kvinner og menn	52 296	49 214	5,7%	6,0%	1 588	1 320	2,0%
Kvinner	51 573	48 646	5,7%	6,2%	1 184	993	1,1%
Menn	54 492	50 935	5,4%	5,4%	404	327	4,7%



Når det gjeld leiarstillingar, så hadde Voss herad 137 leiarar i 2024, der 84 av desse er kvinner og 53 av dei er menn.





Tabellen nedanfor syner gjennomsnittleg stillingsstorleik for ulike sektorer i kommunen. Totalt, og for kvinner og menn isolert sett.

	2023	2024		
	Totalt	Totalt	Kvinner	Menn
Administrasjon	92%	92%	92 %	93 %
Undervisning	85%	86%	86 %	88 %
Barnehager	89%	91%	90 %	96 %
Helse/pleie/omsorg	79%	79%	79 %	80 %
Samferdsel og teknikk	65%	66%	90 %	62 %
Annet	76%	76%	74 %	80 %

Gjennomsnittleg stillingsstorleik var 83% for heradet samla pr. 01.12.2024. Dette er 1 prosentpoeng opp frå 2023.

Heradet har rutinar for å handtera konflikt, utilbørleg åtfærd og trakassering:

Helsefarlege konflikthar, mobbing/ trakassering/ seksuell trakassering og utilbørleg åtfærd vert ikkje akseptert i Voss herad.

Slike forhold skal både førebyggast og handsamast på ein ryddig måte og etter retningslinjene.

Tilsette i Voss herad skal syna kvarandre respekt og omtanke (jf. arbeidsgjevarpolitikken). Alle skal arbeida aktivt for å skapa ein open kultur der motstridande syn kan luftast og handsamast konstruktivt utan risiko for dei involverte.

Heradet jobbar kontinuerleg med kompetanseheving av tilsette på dette området.

4.3 Rekruttering

HR og innovasjonsavdelinga har i 2024 fortsett arbeidet med prosjekt «Rekruttering i Hardanger og Voss». Prosjektet er eit fellesprosjekt mellom kommunar, privat næringsliv og næringshagen i Ullensvang, næringshagen Hardanger og Voss og Vestland fylkeskommune. Næringshagen i Ullensvang er prosjekteigar.

Dette toårige prosjektet har som hovudmål å gjera verksemdene i regionen meir synlege i jobbmarknaden, styrka samarbeid på tvers av verksemdar og offentlege instansar, og auka tilflytting til området ved å fremja "jobb for to"-løysingar som også kan sikre arbeid for partnarar. Eit viktig tiltak i prosjektet er marknadsføringa av regionen som ein bu- og arbeidsregion, og arbeidet med digital plattform.

Ein har arbeida med å byggja ein plattform som samlar informasjon om arbeid, bustader og kulturelle tilbod i regionen. Den digitale plattformen skal setjast opp slik at den driftast lokalt etter avslutta prosjekt. Lanseringa er vår 2025. På Voss er prosjektet forankra i temaplanen Voss i vekst.



HR og innovasjonsavdelinga har vidare i 2024 arbeida strategisk med marknadsføring ved messedeltaking. Me har deltatt på fleire messer både lokalt og regionalt. Det er oppretta eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom NAV, Hardanger og Voss Næringshage og Ekstremsportveko som følgje av dette.

HR og innovasjonsavdelinga har også tatt del i prosjektet «flyktningar i jobb». Dette er eit prosjekt me vil arbeida vidare med i 2025. Dette handlar om å tilsette personar som NAV meiner kan tilsetjast med lønstilskot, dette gjeld personar på sosialstønad, spesielt innvandrarar og flyktningar. Dette gjer at ein kan tilsette mellombels i inntil to år med lønstilskot, utan at stillinga må lysast ut.

Lærlingar

Voss herad er kommunen sin største arbeidsgjevar og ein sentral leverandør av velferdstenester ut i heile kommunen. Kompetanse og fagkunnskap er grunnlaget for at heradet kan levera gode tenester til innbyggjarane og faglærde medarbeidarar er ein føresetnad for ei rekke av heradet sine tenesteområde. Lærlingordninga er difor viktig for heradet i sin heilskap då den bidreg til å utdanna kvalifiserte fagarbeidarar.

I 2024 vart Voss herad godkjent lærebedrift i fem ulike yrkesfag; helsefagarbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget, byggdriftfaget, IKT-servicefaget og ernæringskokkfaget.

Heradet hadde 26 lærlingar fordelt på lærefaga, med hovudtyngda av lærlingar i helsefagarbeidarfaget. I 2023 hadde me 24 lærlingar. Me lyste etter lærling og tok inn i alle fag bortsett frå byggdrift.

I tillegg til utlyste ordinere lærlingstillingar, har Voss herad inngått avtalar som forpliktar oss til inntak av lærlingar gjennom «menn i helse» og «Gloppen-modellen». Dette er lærlingar i helsesektoren og er lærlingar som kjem på toppen av dei lyste lærlingstillingane me har i heradet. Menn i helse er ein fagopplæringsmodell for menn mellom 25 og 55 år som mottek ytingar frå NAV, Gloppen-modellen er eit lærlingløp som rettar seg mot vaksne minoritetsspråklege personar. I tillegg til å utdanne fagarbeidarar i Voss herad tek me og noko av samfunnsansvaret vårt, då me bidreg til å inkludera kandidatar som har utfordringar med å få innpass i arbeidslivet. Voss herad gjer dei moglegheit for å ta fagbrev gjennom lærlingordninga.

12 av heradet sine lærlingar fullførte og fekk fagbrev i 2024. Tre i barne- og ungdomsarbeidarfaget og ni i helsefagarbeidarfaget. Me hadde ein lære kandidat som fekk kompetansebeviset sitt i barne- og ungdomsarbeidarfaget.



4.4 Sjukefråvær

Overordna mål for Voss herad var at innan 2024 skulle sjukefråværsprosenten reduserast med 10% samanlikna med årsgjennomsnittet for 2018. (det følgjer av IAvtalen). Måлтаlet for Voss herad var at fråværet totalt skulle vera 7,2% eller under til utgangen av 2024. I 2024 var totalt fråvær i heradet 9,6%, det vil sei at me hadde eit fråvær som låg 2,4% over måлтаlet frå 2018. I 2023 var totalt fråvær i heradet 9,4%. Voss herad har mål om at fråværet skal liggje under tal for kommunal sektor.

Voss herad skal satsa på arbeid for å redusera sjukefråvær. Konkret skal arbeidsmiljøgruppene jobba med risikovurdering knytt til fråvær, sjå på trendar og om fråvær kan skuldast forhold på arbeidsplassen. Det skal årleg gjevast internopplæring til tema knytt til sjukefråvær til leiarane.

Fråværsstatistikk for 2024:

Tenesteområde	Totalt 2023	Total 2024	Eigenmeldt 2024	Legemeldt 2024
Administrasjon og leiling	8,9	9,2	0,8	8,4
Grunnskule	9,2	9,3	1,2	8,1
Barnehage	12,6	14,4	1,9	12,6
Barnevern og støttetjenester	9,8	9,2	8	1,1
Integrering	13,1	7,4	0,4	6,9
Helse	7,1	7	0,9	6
Omsorg	10,3	9,8	1,6	8,2
Sosialtjenester	9,6	3,5	1,7	1,8
Kultur og fritid (inkl. kyrkja)	7,0	7,2	0,9	6,4
Plan, næring og forvaltning	3,2	4,6	0,6	4
Samferdsel	5,5	5,1	1	4,1
Eigedom og bustad	7,5	8,4	1,5	6,8
Brann og ulykkesvern	3	2,9	0,4	2,5
Vatn, avlaup og renovasjon	4,0	5,3	1	4,3

Ser ein på sjukefråværet i einingane er det barnehage, barnevern og omsorg som skil seg ut med det høgste fråværet. Barnehage har ein auke i fråværet frå 2023-2024 med 1,8 prosentpoeng. Omsorg har hatt ein nedgang i fråværet frå 2023-2024 med 0,5 prosentpoeng. Barnevern har og hatt ein nedgang i sjukefråværet, på 0,6 prosentpoeng.

SSB (Statistisk sentralbyrå) leverer tal per kvartal og etter næring og sektor. For sektoren Undervisning og Helse- og sosialtjenester var resultatene for kommuneforvaltninga slik i 4. kvartal i 2024.

Næring	SSB 4. kvartal 2024	Voss herad 4. kvartal 2024
Undervisning (grunnskule)	7,7	8,7
Helse og omsorgstjenester (Helsetjenester, Pleie- og omsorg i institusjon og omsorgsbustadar, sosiale omsorgstjenester utan butilbod)	10,7	9,7

(SSB tabellnr. 12442)

Heradet ligg i 4.kvartal noko over snittet på fråvær i Undervisning, og under snittet i Helse og omsorg. Ei kjelde til feil kan være om vårt utval samsvarer med SSB sitt og samanliknast heilt.



4.5 Innovasjon og digitalisering

Eit viktig bidrag til utvikling av organisasjonen er å ta i bruk digitalisering. I 2024 vart HR og innovasjonsavdelinga omorganisert. Bakgrunnen er mellom anna behovet for å tydeleggjera skiljet mellom utvikling (digitalisering) og IT drift, og tydeleggjera at digitalisering ikkje handlar om IT, men i større grad om prosessar, folk og organisasjon. Målet med endringane er å levera tenestene med høgare kvalitet, og samstundes gjera avdelinga meir robust og klar til å møta framtidens behov.

Innovasjonsavdelinga vart omstrukturert til å bli avdeling Organisasjons- og tenesteutvikling, med ansvar for digitalisering, prosjektleiing, Lean og prosessleiing. I dette ligg det eit mål om å styrkja ein aktiv innovasjonskultur, gjennom utvikling og etablering av ulike rammeverk, metodar og verktøy for kontinuerleg forbetring. Gevinstrealiseringa vil skje ute i dei ulike avdelingane i form av forenkling, forbetring og effektivisering av tenestene som vert levert både internt i organisasjonen og ut til innbyggjarane.

Det er etablert eit prosjektkontor som skal gje fagleg og administrativ støtte til gjennomføring av prosjekt. Det er også teke val kring styringsverktøy for gjennomføring av prosjekt. I tillegg vart det sett i gang eit arbeid for å etablere ei porteføljestyling, og undersøkje moglegheita for å etablere eit internt fagnettverk på tvers av avdelingar. Dette vil danna grunnlaget for både vidareutvikling og heving av kompetanse for interne prosjektleiarar, samstundes som det vil bidra til ein god og tydeleg kultur kring prosjektarbeid.

Avdelinga har utvikla rammeverk for prosessleiing, og digitalisert prosessflyt og dokumentasjon for prosessarbeid. Det er teke i bruk nye løysingar for utvikling av læringsmateriell og systematisering av verktøy og dialog. Avdelinga har hatt fokus på å skapa verdi for organisasjonen, og jobbar systematisk med kartlegging og utvikling av nye tenester innan prosessleiing som vil stetta utvikling av både leiarar og team. Sertifisering som prosessleiarar og deltaking i fagnettverk har vore, og vil vera ein viktig føresetnad for å styrkja intern kompetanse og kapasitet.



5 Oppfølging av planer

I løpet av 2024 har Voss heradsstyre vedteke ei rekkje samfunnsrelaterte planar og viktige område- og detaljreguleringsplanar. Eigarsyringa vår har vorte styrka med vedtekne eigarstrategiar for både Voss Energi AS og Voss Parkering AS. 2024 markerer også opptakt til ny planbolk og Planstrategi 2024 – 2027 vart vedteken i desember. Samstundes vart planprogram for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vedteke.

5.1 Status kommunale planar

Samla oversikt over planar som vart utarbeidd og vedtatt i 2024 er synt under:

Samfunnsplanar:

Kulturkraft – temaplan for kultur (februar 2024, HST sak 06/24)

Hovudplan veg Voss herad (mars 2024, HST sak 19/24)

Frivilligpolitikk (juni 2024, HST sak 42/24)

Rusmiddelpolitisk handlingsplan, del II (juni 2024, HST sak 44/24)

Plan for habilitering og rehabilitering (desember 2024, HST sak 109/24)

Kommunedelplan - Tidleg innsats og livsmeistring (desember 2024, HST sak 110/24)

Fritidserklæringa Voss herad (desember 2024, HST sak 114/24)

Planstrategi 2024 – 2027 (desember 2024, HST sak 117/24)

Planprogram kommuneplan for Voss herad (desember 2024, HST sak 118/24)

Område – og detaljreguleringsplanar:

Detaljreguleringsplan for brannstasjon og bustader (februar 2024, HST sak 07/24)

Detaljreguleringsplan for VA-anlegg i Myrkdalen (mars 2024, HST-sak 18/24)

Områdereguleringsplan for Bømoen (november 2024, HST sak 85/24)

Eigarskapsstyring:

Eigarstrategi Voss Energi AS (november 2024, HST sak 91/24)

Eigarstrategi Voss Parkering AS (november 2024, HST sak 92/24)




6 Samfunns- og befolkningsutvikling

Voss herad har hatt stabil vekst i folketalet dei siste ti åra. I løpet av 2024 vart likevel folkeveksten negativ, då det totalt sett budde 35 personar færre i Voss herad ved inngangen til 2025 enn ved inngangen til 2024. Til samanlikning var veksten i 2023 på 327, som var den høgaste veksten på fleire år, knytt til busetjing av fleire flykningar enn normalt. I 2024 har innvandringa auka frå 248 til 265, men utvandring og spesielt utflytting har og auka. I tillegg har færre flytta til Voss herad frå andre kommunar i landet. Det vart fødd 152 born i 2024, noko som er 8 born mindre enn i 2023. I tillegg har dødstala auka frå 2023 til 2024, med 28. Dette er og grunner til nedgang i folketalet i løpet av 2024.

Av alle aldersgrupper, er det berre eldre mellom 67 og 89 år som har hatt vekst i 2024. Vaksne i yrkesaktiv alder (20-66 år) er aldersgruppa som har hatt størst reduksjon i tal personar i 2024, men prosentvis er nedgangen minimal. Prosentvis er det nyfødte og dei som er 90 år og eldre som har hatt størst nedgang.

Vekst i folketal dei neste ti åra er venta å kome frå i hovudsak eldre aldersgrupper. Tal unge er venta å vera relativt stabil, men etterkvart med noko nedgang i enkelte aldersgrupper. Dette vil sei at me får ein endre befolkning, og færre yrkesaktive per pensjonist. Dette er ei nasjonal utfordring, og noko me må ta høgde for i planlegging av dei komande åra.

	2020	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 24-25	Prosentvis endring
0 - åringer	153	167	154	171	161	150	-11	-7,3 %
Barnehage (1-5 år)	889	886	880	870	898	873	-25	-2,9 %
Grunnskole (6-15 år)	1 863	1 857	1 889	1 946	2 012	1 994	-18	-0,9 %
Videregående (16-19 år)	821	808	804	785	794	787	-7	-0,9 %
Voksne (20-66 år)	8 995	9 005	9 025	9 156	9 295	9 256	-39	-0,4 %
Eldre (67-79 år)	1 982	2 042	2 097	2 200	2 284	2 335	51	2,2 %
Eldre (80-89 år)	803	791	776	770	783	809	26	3,2 %
Eldre (90 år og eldre)	234	231	250	246	244	232	-12	-5,2 %
Total	15 740	15 787	15 875	16 144	16 471	16 436	-35	-0,2 %





7 Internkontroll

God internkontroll er ein del av kommunen si samla leiing og styring for å sikra leveranse av gode tenester i samsvar med lover og forskrifter.

Alle kommunar har sjølvstendig ansvar for å føra kontroll med eiga verksemd. Ansvar er lovfesta i kommunelova § 25-1, og det er rådmannen som har overordna ansvar for internkontrollen i Voss herad. Lova seier:

Kommunelova § 25-1:

"Internkontrollen skal være systematisk og tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal kommunedirektøren:

- utarbeide en beskrivelse av virksomhetens hovedoppgaver, mål og organisering*
- ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll"*

Sjølvs om ansvaret ligg på rådmann, så skal me likevel ha internkontroll på alle nivå i organisasjonen, og alle leiarar har ansvar for kontroll i eiga avdeling. Dette omfattar ansvar for å etablera og følgja opp rutinar og system. Dette vil sikra god verksemdstyring, internkontroll og fagleg forsvarleg tenester. I dette arbeidet inngår også ansvar for gode arbeidsprosessar, læring og kontinuerleg forbetring.

Lova spesifiserer ikkje korleis me skal jobba i praksis, så me må tilpassa internkontrollen til vår verksemd. Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter. Sentrale verktøy for internkontrollen er formalisering, risikovurdering og avvikshandtering. Internkontrollen i Voss herad er soleis eit viktig element i [Styring i Voss herad](#), og ein viktig del av kvalitetsarbeidet me gjer. Her er også eit viktig styrande dokument om internkontroll i Voss herad: [internkontrolldokument](#)

Føremålet med internkontroll er å sikra at me har kvalitet og effektivitet i tenestene våre og at me følgjer lovverk og føreskrifter.


7.1 Kvalitetssystemet

2024 er det fyrste året der kvalitetssystemet Compilo har vore i bruk av alle avdelingar i heradet, eit heilt år. Kommunalavdeling for helse og omsorg tok i bruk Compilo som avvikssystem 1.oktober 2023, og resten av funksjonane vart teke i bruk 1.april 2024. Dette gjer at me har rapporteringstal for 2024 som gjev eit godt bilete av situasjonen i Voss herad.

Modningspyramiden til KS skildrar ulike nivå i internkontrollen. Nivå 3, som er definert som eit akseptabelt nivå, legg vekt på at kontrollsystem skal etablerast på bakgrunn av risikovurderingar og at internkontroll-



kompetansen skal være til stades i heile organisasjonen. Internkontrollrådgjevar har helde 28 kurs på



Figur 6. Modenhetspyramide (KS)

ulike avdelingar i 2024. I Compilo er det starta opp 142 risiko og sårbarheits analyser (ROS). Mange av desse er avslutta og nokre er framleis under arbeid 31.12.2024. Det er mest HMS-relaterte ROS analysar, men også lovpålagde tenester og enkelt oppgåver er risikoanalysert. Internkontrollen i Voss herad er langt på veg blitt risikobasert.


7.2 Kvalitetsutvalet

Utvalet vart etablert i 2023 og har hatt 20 møter i 2024. I tillegg har utvalet hatt eit 2 dagars arbeidsmøte med tilsette i Compilo. Dette løyste nokre utfordringar og gode forslag til forbetringar vart gjevne begge vegar.

Alle kommunalavdelingar er representert i utvalet i tillegg til HMS-rådgjevar, hovud verneombod og internkontroll rådgjevar.

Kvalitetsutvalet følgjer med på bruken av kvalitetssystemet, lagar rettleiarar, endrar oppsett og oppsøker avdelingar kor ein ser at det er behov for støtte.

Statistikken nedanfor syner leste dokument og mapper som er opna.




Avvik

Totalt tal avvik som blir registrert i Compilo er aukande.


Tala er 216 avvik i 2022, 1 385 i 2023 og 3 325 i 2024.

Systemet vart tatt i bruk oktober 2022. Kommunalavdeling for helse og omsorg tok i bruk avviksfunksjonen i Compilo 1.oktober 2023, men registrerte 811 avvik fram til dette i anna system. I så måte kan ein sei at totalt tal avvik i 2023 er 2 196. Likevel har ein god auke til 2024.




Eit høgt tal avvik er eit teikn på ein forbetningskultur, kor ein registrerer avvik i staden for å halde desse skjult. Avviksstatistikken er eit godt grunnlag for forbetningsarbeid.

Vidare er ei inndeling på alvorsgrad:






Statistikk som syner avvikskategoriar meldt i Compilo: (Vossabadet kjem med her, då dei kommunale føretaka også rapporterer til rådmann)



Til slutt ei oversikt som syner fordeling av meldt avvik pr avdeling:





Etterlevingskontroll og revisjonar

I 2024 har det vore gjennomført fleire tilsyn, nokre av dei er framstilt nedanfor:

Avdeling	Tilsynsmynde	Tema
Kommunalavdeling for helse og omsorg		
Menneske med nedsett funksjon. 3 lokasjoner	Statsforvaltar	Helse- og omsorgstjenestelova §9
Psykiatri- og rusavdeling	Arbeidstilsynet	Arbeidsmiljølova
Område aust, vest, nord og sør. Sjukeheimar og heimetenester	Arbeidstilsynet	Arbeidsmiljølova
Kommunalavdeling for oppvekst		
Integreringstenesta og vaksenopplæringa	Statsforvaltar	Handsaming av integreringslova gjennom opplæring, utdanning og arbeid.
Grunnskule	Statsforvaltar	Individuelt tilrettelagt opplæring.
Voss ungdomsskule	Arbeidstilsynet	Vald og truslar.
Voss barnevern	Statsforvaltar	Dokumentinnsyn for lovlegheits vurdering knytt til grunnlag for vurderingar. 3 slike i 2024.

Nokre av desse starta i 2024 og er framleis aktive inn i 2025. Andre vart avslutta i 2024.

8 Berekraft, klima, miljø og beredskap

8.1 FN sine berekraftsmål

Voss herad har tufta overordna strategiske planar på FN sine berekraftsmål og ynskjer å bidra konkret og konstruktivt i arbeidet med at berekraftsmåla vert nådd. Å delta aktivt i KS sitt nasjonale [Berekraftsnettverk](#) er ein viktig del av dette arbeidet. Berekraftsnettverket er ein lærings- og samarbeidspartnar for norske kommunar og fylkeskommunar i arbeidet med å få fart på berekraftig samfunnsutvikling og slik bidra til å oppnå FN sine berekraftsmål innan 2030. Arbeidet i nettverket omfattar lokale – og regionale utviklingsprosjekt, organisasjonsutvikling, samarbeid med næringslivet, involvering av innbyggjarane og støtte til andre lokale prioriteringar som set sosial, økonomisk og miljømessig berekraft høigare på dagsordenen.

8.2 Klima- og miljøarbeid

Det vart i 2024 arbeidd breitt med klima, miljø og natur i kommuneorganisasjonen. I sak 116/24 til [heradsstyret 17. desember](#) vert det trekt fram tre pågåande tiltak under kvart av dei 13 satsingsområda i «Vossaklima 2030». Dei 39 tiltaka er skildra kvalitativt og viser det store mangfaldet i klimaarbeidet heradet er involvert i. I nokre av tiltaka er heradet initiativtakar og pådrivar, i andre er ein med som bidragsytar. Nokre av tiltaka har økonomisk støtte i klimabudsjettet, og desse er skildra nærare i tabellen «Status på bruk av klimamidlar» under. Andre tiltak er finansierte gjennom eksterne tilskotsordningar. Dette gjeld både arbeidet med naturmangfaldplan og prosjektet «naturbaserte løysingar i møte med flaum» (både skildra under). Men den største investeringa heradet gjer i klimaarbeid ligg i timane som vert lagt ned av dei tilsette og gjennom gode val for klima og miljø i den vanlege drifta.

Rapportering på Voss herad sine klimaindikatorar, og oversikt over status på utslepp kan du finna i vårt [klimadashbord](#).

Grøne innkjøp

Voss herad kjøper varer og tenester for om lag 500 millionar kroner over driftsbudsjettet årleg. Klimarekneskapen vår viser at desse innkjøpa fører til store klimagassutslepp. Noko av det viktigaste me som kommune gjer i klimaomstillinga er å bruka makta som ligg i innkjøpa våre til å vri dei – og dermed samfunnet – i ei grønare retning. For Voss herad er det særleg ynskjeleg å kjøpa meir brukt framfor nytt. Marknaden for brukte varer er umoden lokalt, og difor spelar heradet ei rolle innan utviklinga av både tilbod og etterspurnad. Under Grøn november arrangerte heradet ein drodleverkstad kring opprettinga av ein ombrukssentral på Voss med ei tverrfagleg gruppe frå heradet, og representantar frå BIR, NAV, Kveik, Hardanger og Voss museum, og Bruket arkitektur.

I Bergen kommune har dei arbeidd målretta med å vri anskaffingane sine i ei meir sirkulær retning innanfor bygg og anlegg, IT-utstyr og inventar. 11. desember kom prosjektleiar for dette arbeidet til Voss for å dela råd og erfaringar i tre arbeidsverkstadar med eit breitt tilfang av tilsette. Mange er godt i gang med å vekta klima og miljø i anskaffingar etter at det i 2024 kom skjerpa krav til dette i offentlege anskaffingar, men det er behov for å laga gode rutinar og systematisera dette arbeidet.

Temaplan for naturmangfald i Voss herad

[Temaplan for naturmangfald](#) i Voss herad har vore etterlengta, og utarbeidinga av denne var eit viktig arbeid som tok mykje tid og ressursar i 2024. Naturmangfaldplanen består av to deler: i) ein kunnskapsdel som samanfattar mål, utfordringsbilete, skildring av naturen i Voss herad, status og kunnskapsmanglar m.m., og ii) ein handlingsdel med 50 tiltak. I tillegg har me fått utarbeidd fleire nye kartlag som er innarbeidd i heradet si interne kartløyising.



Handlingsdelen består av 50 tiltak. Temaplan for naturmangfald i Voss herad er eit viktig verktøy for å kunna ta godt vare på naturmangfaldet i heradet. Status ved årsslutt var at planen hadde vore på høyring der den fekk 10 høyringsinnspel som heradet arbeidde med å ta omsyn til.

Naturbaserte løysingar i møte med flaum

I 2024 fekk me ein litt breiare debatt kring flaumsikring. Det var mykje takka vera rapporten NORCE leverte på prosjektet «Naturbaserte løysingar i møte med flaum». Oppdraget deira var å sjå på potensialet som ligg i naturbaserte løysingar for å møta flaumproblematikk på Voss.

NORCE tilrår ei kombinasjonsløysing på flaumproblematikken sett saman av seks ulike tiltakspakkar; arealforvalting, flaumdemping i eksisterande innsjøar gjennom regulering, utviding av utløp av Vangsvatnet og førehandstapping ved flaum, sedimentforvalting, lokale sikringstiltak, samt flytting av utsett busetnad. Naturbaserte løysingar er inkludert i hovudsak som avbøtande tiltak, ikkje tiltak med stor effekt for flaumdempinga. Naturbaserte løysingar vil åleine vera utilstrekkelege i Vossavassdraget. Til det er vassdraget for komplisert, komplekst og har for mykje vatn.

NORCE meiner at denne kombinasjonsløysinga vil kunna gje tilstrekkeleg flaumrisikohandtering (200 års flaum + klimapåslag) og samtidig oppretthalda eller forbetra miljøtilstanden i vassdraget. Rapporten er eit viktig kunnskapsbidrag i arbeidet med klimatilpassing og flaumsikring i Voss herad, men dette er framleis berre ein moglegheitsstudie og tiltaka krev vidare utgreiingar. Det søkjer me midlar til i 2025.

8.3 Klimabudsjett

Omdisponering av klimamidlar til Bioparken og sykkelparkering

Det vart gjort omdisponeringar i klimabudsjettet ila. året. 4. juni omdisponerte UKMB 75 000 kr til tiltaket «Sirkulærøkonomi» (nærare skildra i tabellen under).

I UKMB 5. november vart det vedteke å omdisponera 400 000 kr i klimabudsjettet til sykkelparkering ved Tinghuset. Den nest største utsleppssektoren i heradet er frå vegtrafikk, og dersom me skal klara å redusera desse utsleppa er me avhengige av at fleire nyttar sykkel framfor bil. Sykkeltjuveri er ei stor utfordring i Voss sentrum. Dette fører til at mange ikkje vågar å nytta sykkel til og frå jobb, skule og andre ærend. Betre og tryggare sykkelparkering ved Tinghuset vil kunna medføra at både tilsette i heradet og andre vel sykkel framfor bil. Det vart difor lyst ut konkurranse om stativ og tak til sykkelparkeringa, men då det berre var to reelle tilbod i konkurransen, vurderte heradet at tilstrekkeleg konkurranse ikkje var sikra. Konkurransen vart difor avlyst.

**Status på bruk av klimamidlar**

Status ved årsslutt 2024 for dei ulike klimatiltaka i klimabudsjettet står i høgre kolonne:

Klimatiltak	Budsjett 2024	Endeleg kostnad	Årsmelding 2024
Direkte utslepp			
Drenering og andre landbruksprosjekt	140	90	Det vart i 2024 løyvd om lag 90 000 kr i dreneringstilskot. Av dette vart om lag 40 000 kr utbetalt i 2024, og resten vart sett av til utbetaling når dreneringa er fullført i 2025 eller -26.
Klimabehov i rullering av KPA (planvask, arealnøytralitet), kompetanseheving	100	0	Midlane skal nyttast til gjennomgang av gamle planar, "planvask". Heradet har om lag 350 gjeldande reguleringsplanar, og mange avsette område i arealdelen som det ikkje er laga reguleringsplanar på. Det er eit stort arbeid å vurdere desse på nytt, og difor får heradet hjelp frå Holth og Winge, i samarbeid med Norkart. I fyrste omgang med å få ut gode kartanalysar og til gjennomføring av prosessen og i arbeidet med medverknad kring desse prosessane. Voss herad har mottatt kr 400 000 til planvask frå Miljødirektoratet. 4. juni omdisponerte UKMB 75 000 kr frå dette tiltaket til tiltaket «Sirkulærøkonomi». 100 000 kr stod att då ein på det tidspunktet var usikker på om tilskotet frå staten på kr 400 000 ville vera tilstrekkeleg. Planavdelinga såg utover hausten at det ikkje var behov for interne midlar, og UKMB omdisponerte 100 000 kr til sykkelparkering 5. november.
Klimapartner	50	50	Frå Klimapartner får me mellom anna tilgang til Klimakost, som er eit verktøy for å utføre årlege klimarekneskap som viser utslepp (både direkte og indirekte) frå eiga verksemd. Klimarekneskapen er eit godt utgangspunkt for å setja inn tiltak som har effekt på dei utsleppa drifta til Voss herad genererer.



Klimavenlege bygg, kompetanseheving	175	60	Klima- og miljøkrav må innarbeidast så tidleg som mogleg i nye prosjekt, og det er ynskjeleg å få klima og miljø betre integrert i heile prosessen med utvikling av bygg. Dette handlar overordna om klimagassutrekningar og klimarekneskap, og heilt konkret om tema som lokalisering, transport, ombruk av materialar, innkjøp av inventar m.m. Voss herad har byrja eit arbeid med "klimanorm", som er eit konkret verktøy for å vurdere kor godt eit prosjekt er for klima og miljø, og midlane var tenkt nytta til å ferdigstilla dette verktøyet. Det er framleis ynskjeleg med eit slikt verktøy, men det vil vera mest naturleg å få det i forlenginga av ny KPA, med dei nye føresegnene som då er vedtatt. Ettersom heradet sine eigne prosjekt skal vera spydspissprosjekt i klimasamanheng, vart det hausten 2024 arbeidd med å utvikla nye interne verktøy; sjekklister for klima og miljø med ei tidslinje for kva tid dei ulike vurderingane må gjerast. Rågjevarar frå Asplan Viak hjelpte med dette. I tillegg deltok fleire representantar frå heradet på kurs i regi av Grøn byggallianse. UKMB omdisponerte 5. november 125 000 frå denne potten til sykkeparkering.
Ladepunkt til elbokbussen	75	70	Det vart installert ladepunkt til elbokbussen ved gamle brannstasjonen.
Meirkostnadar knytt til omlegging til fossilfrie bilar	175	175	Det vart nytta investeringsmidlar til bilkjøp. Det er lovfesta at desse skal vera utsleppsfrie. I tillegg vart det etablert 4 nye ladepunkt, og utført utskifting av eldre ladestasjonar ved Tinghuset.
Miljøfyrtårn	75	60	Sertifisering av Voss herad som Miljøfyrtårn etter hovudkontormodellen er sett førebels på vent, med forventet ferdigstilling i 2025. UKMB omdisponerte 5. november 75 000 kr frå denne potten til sykkeparkering, men 60 000 kr vart utbetalt i 2024 i samband med sertifiseringsarbeidet i 2023.
Omlegging til fossilfrie køyretøy	2200	2100	Desse midlane vert fordelt mellom avdelingane basert på behova deira. Det vert kjøpt inn elbilar i alle avdelingar. Til saman 5 nye, og 2 brukte i 2024, inkludert varebilar, lastebil, kompaktlastar og bokbuss. I tillegg vart det kjøpt inn 5 brukte hybridbilar.



Snarvegprosjekt	50	0	Det er behov for ei kartlegging av kva snarveggar som finst i heradet, tilstanden på desse, kva oppgraderingsbehov som trengs og potensiell bruk ved istandsetjing. Men denne kartlegginga har ikkje Voss herad kapasitet til å utføra i 2024. UKMB omdisponerte 5. november 50 000 frå denne potten til sykkelparkering.
Sykelstunt	50	0	Midlane var tenkt nytta til å betala for at lokale sykkelreparatørar legg om til piggdekk for dei som ynskjer å sykla vinterstid. Men det har den siste tida vore ei stor utfordring med sykkeltjuveri på Voss. Dersom folk skal vilja sykla, må syklane vera trygge, uansett årstid. UKMB omdisponerte 5. november 50 000 frå denne potten til sykkelparkering.
Indirekte utslepp			
Berekraftslab/folkeverkstad	50	50	Biblioteket samarbeider med Ungdomsavdelinga om å etablera ein folkeverkstad tilknytta biblioteket. Folkeverkstaden vart lansert under Grøn november. Den gjev folk tilgang til verktøy, materiale og opplæring for å laga, reparera eller eksperimentera med ulike prosjekt. Ved å oppmoda til gjenbruk, reparasjon og sirkulær økonomi er folkeverkstad ein viktig del av eit allsidig tilbod til innbyggjarane på Voss.
Gjenbruksapp barnehage og skule	20	35	I august fekk alle barnehagar tilgang til appen La vandre som mogleggjer auka gjenbruk av klede i barnehagane på Voss. Appen har ei oversiktleg kategorisering av klede og utstyr, pris og storleik. Det er ein enkel og brukarvenleg kommunikasjon mellom foreldre direkte i appen. Det vil gjennomførast ei evaluering i 2025.
Grøn november	50	53	Grøn november 2024 hadde som føremål å synleggjera og lyfta mangfaldet innan ombruk, reparasjon, utlån- og deleordningar, sirkulære løysingar og bidrag innan sosial berekraft i Voss herad. I samband med Grøn november hadde heradet ei tilskotsordning der lokale organisasjonar kunne få midlar til arrangement som har til føremål å redusera det materielle forbruket i Voss herad. Det vart gjennomført 17 arrangement, og tilskotsordninga er med og sikra høg involvering av eit mangfald organisasjonar i heradet.



Klimadagen BLØME	100	100	Som i 2023, vart klimadagen BLØME gjennomført som ein del av «Vossadagane» i samarbeid med Voss Energi og Hardanger og Voss Næringshage. Konferansedelen «Meir av alt, raskare. Er det mogleg og er det nødvendig?» tok mellom anna for seg kraftkrise, naturnøytralitet, framtidig eigedomsutvikling og hyttefloka. Pengane frå Voss herad gjekk både til konferanseprogrammet og til deltaking for Voss herad sine tilsette. Det er eit viktig suksesskriterium at både tilsette i administrasjonen, politikarar og næringsliv deltek på konferansen då eit felles kunnskapsgrunnlag er viktig for å sikra ei heilskapleg utvikling av Voss. Frå administrasjonen deltok i år ca. 30 personar og det kom gode tilbakemeldingar på gjennomføringa.
Matsvinn	40	35	Hausten 2023 tok ein arbeidet med matsvinn vidare ved institusjonane på Voss. Det er tungvint å registrera alt matsvinn manuelt, og midlane vart nytta til å anskaffa eit verktøy (REEN) som forenkler registreringa. Dette vil gje statistikk og kunnskap som kjem godt med for å få ned matsvinnet ytterlegare. Arbeidsgruppa på Vetteflaten opplever å ha tilstrekkeleg oversikt over kva forhold som aukar matsvinnet slik situasjonen er i dag og difor vurderer me å bruka verktøyet ein annan stad.
Sirkulærøkonomi	175	250	Midlane vart nytta til opparbeidinga av Bioparken på Bjørkemoen, der ein ny sirkulær bioindustriell symbiose skal skapast kring det nye biogassanlegget. Møk, matavfall og larvar vil inngå som innsatsfaktorar, og ut kjem produkt som samfunnet treng stadig meir av: energi, drivstoff, mat, fôr. Fleire næringar - som pyrolyse, algar, landbasert oppdrett, framstilling av materialar og matproduksjon - skal kunna kopla seg på i framtida. Prosjektleiar for vidareutvikling av Bioparken byrja på hausten og sørgde for ei intensivering i utviklingsarbeidet.
Metodenotat - oppfølging av klimaarbeid i kommunen		30	Asplan Viak, som utførte scenarioanalysen for Voss herad i samband med utviklinga av Vossaklima 2030, utarbeidde eit metodenotat som viser korleis ein kan fylgja opp og rapportera på arbeidet med reduksjon av klimagassutslepp i heradet.



Nedkjemping av kjempespringfrø		10	Arbeid med nedkjemping av kjempespringfrø: honorar til Folkedal ungdomslag og løn til sommarvikar som slo kjempespringfrø i Granvin sentrum.
Naturbaserte løysingar i møte med flaum, NORCE-rapport		400	Naturbaserte løysingar i møte med flaum (sjå skildring i teksten over).
Temaplan for naturmangfald		175	Naturmangfaldplan (sjå skildring i teksten over).
SUM	3525	3743	

8.4 Beredskap

Det er jobba godt med beredskap i 2024. Voss herad sin overordna risiko- og sårbarheitsanalyse (VossaROS) vart vedteken i 2023, og i 2024 er det arbeida med tiltaka frå denne. Nokre tiltak som gjeld fleire scenario (hendingar) i analysen har me nytta ekstra mykje tid på, mellom anna samvirke og øving. Det er fleire scenario som vil trenga evakuering og oppretting og drift av evakuerte og pårørandesenter. Det er skrive plan for dette, og i 2024 vart denne nytta i øving, og planen vart revidert.

Kommunal kriseleiling (KKL) har ein viktig rolle i beredskapsarbeidet, og i 2024 har me fått fleire nye KKL medlem. Alle har fått individuell opplæring, og alle har delteke i små og større øvingar. Øvingane «Voss folkehøgskule brenn» vart gjennomført i regi av Voss herad på to ulike øvingsdagar i november. Gjennom planlegging og gjennomføring av øvingar har me vorte betre kjent med kvarandre sine roller og ressursar. Me hadde eit ekstremvær i 2024 (Jakob) der det vart sett krisestab.

Me arbeider aktivt med å tenke eigenberedskap gjennom heile året, og særleg under den nasjonale eigenberedskapsveke i veke 44. I samarbeid med Voss Røde kors gjennomførte me i 2024 presentasjonar i alle klassar på vaksenopplæringa, stand og quiz på kulturhuset, gratis kino «Bølgen» med påfølgande panelsamtale.



9 Kommunen sine tenesteområde

9.1 Administrasjon og leing

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar rådmann, administrative funksjonar og fellestenester for Voss herad.

Stabsavdelingane HR og innovasjon, Strategi og styring og Innbyggjarservice har ansvar for dei fleste funksjonane her. Klimamidlar ligg også her.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for politiske og administrative avgjersler, analyse- og utgreiingsarbeid, økonomiske transaksjonar, lønsarbeid, organisasjons- og tenesteutvikling, IT- drift, digitalisering, verksemdstyring og internkontroll, samfunnsutvikling, kommunikasjonstenester, samfunnsstryggleik og driftsstøtte til verksemda. Målgrupper for tenestene er innbyggjarar, politikarar og andre kommunalområde (internt).

Viktige hendingar og resultat

Året 2024 har vore eit år der det har vore naudsynt å prioritera driftsoppgåver, og ein del større utviklings- og strategisk arbeid har måtte venta. Dette grunna ein del utskifting av folk og høgt fråvær (9,2 %). Tre i rådmannen si leiargruppe slutta i 2024. Ny rådmann, kommunalsjef for teknisk og kommunalsjef for oppvekst var på plass til byrjinga av september. I ein slik overgangsperiode er det vanskeleg å oppretthalda god leing, styring og utviklingsarbeid, sjølv om gode planar og strukturar er etablerte.

Eit område som har vore prioritert, er å jobba med å handtera økonomiske utfordringar gjennom ulike forbetringstiltak og oppstart av prosjektet Voss iPluss hausten 2024. Styrka oppfølging av ulike avdelingar har bidratt til auka kunnskap og merksemd, men har ikkje hatt vesentlege endringar i resultat. Mange usikre faktorar, vekst i tenestebhov og område som kommunen ikkje rår over, gjer at me ikkje ser betra økonomiske resultat av ulike tiltak.

Mykje godt arbeid er gjort i drifta. IT-avdelinga har blant anna drifta rundt 4 000 PCar og nettbrett og leverer nettverk til over 50 lokasjonar. Økonomiavdelinga sendte ut over 58 000 fakturaer. Det er motteke nær 34 000 inngåande faktura som har ei gjennomsnittleg behandlingstid på 9 dagar. HR har hjelpt leiarar med 224 stillingsutlysingar (273 i 2023), lønsgrunnlag for om lag 80 mill.kr vert klargjort og betalt ut kvar månad. Innbyggjarservice har teke i mot 9 600 telefonar, og talet på filer som er gått gjennom arkiv og dokumentsenter er litt over 140 000.

I tillegg har det vore jobba med følgjande utviklingsprosjekt:

- Etablert prosjektkontor og styringsverktøy for prosjektarbeid
- Etablert eigarstrategiar, planstrategi og planprogram for revidering av kommuneplan
- Auka kompetanse innan prosessleing, og etablert ulike rammeverk for prosess- og prosjektleing, og Lean
- Leia ulike organisasjons- og teamutviklingsprosessar
- Styrka internkontroll ved å ha laga fleire rutinar og risiko- og sårbarheitsvurderingar. Me har no litt over 2 000 godkjente dokument i kvalitetssystemet.
- Delteke aktivt i faggruppe for IKT-drift i lag med andre IT-leiarar i Vestlandskommunane
- Formalisert sikkerheitssamarbeid med Sogndal og Kvam (som òg driftar Ulvik og Eidfjord) der Voss herad fungerer som prosjektleiar
- Aktivt samarbeid med Microsoft, Microsoft-partnarar, Kommune-CSIRT og HelseCERT i kontinuerleg forbetring av eksisterande og nye sikkerheitstiltak.



- Styrka beredskap gjennom øvingar, informasjonsarbeid og etablert avtale om evakuering- og pårørandesenter.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Ei av dei største utfordringane til administrative funksjonar er å sikra leveransar på høgt nivå, samtidig som me skal effektivisera og redusera ressursbruk. Dette er difor eit viktig område å jobba med for å sikra at me brukar knappe ressursar rett. Me må henta ut gevinstar av forbetra arbeidsprosessar, digitalisering og forenkling.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Administrasjon	80 125	84 158	78 275	82 078	-2 080
Administrasjonslokale	5 090	7 000	4 780	4 978	-2 022
Fellesutgifter	2 501	2 375	1 574	1 790	-585
Tjenester utenfor kommunalt ansvarsområde	-289	-433	0	0	433
Naturforvaltning og friluftsliv	1 570	5 447	10 573	5 385	-62
Sum	88 998	98 547	95 201	94 230	-4 317

Kommentar til status økonomi

Samla sett har tenesteområdet eit meirforbruk på ca. 4,3 mill.kr. Tenesteområdet omfattar mange forskjellige område der nokon har meirforbruk og nokon har mindreforbruk. Generelt sett har dei tre stabsavdelingane eit mindreforbruk, og det er meirforbruk på administrasjon som kjem frå lønsutgifter i Oppvekst og lisensar i Helse og omsorg.

Samla sett har tenesteområdet meirutgifter på løn på vel 3,6 mill.kr. Nær 1,5 mill.kr av dette er meirutgifter innan oppvekst, leiarfunksjon og kommunepsykolog som er budsjettert på ei anna teneste. Meirforbruk på andre område er dekkja av meir sjukelønsrefusjon.

Det er eit meirforbruk på driftsutgifter på om lag 5 mill.kr. Dei største meirforbruka her er ca 2,7 mill.kr i meirforbruk på innleige ved vakante stillingar, ca 1,9 mill.kr i vedlikehald av administrative bygg og 1,6 mill.kr i lisensar innan helse og omsorg.

Stabsavdelingane hadde eit mindreforbruk på nær 1,9 mill.kr. Det er mindreforbruk på løn grunna vakante stillingar og sjukefråvær. For å dekkja viktige funksjonar har det vore leigd noko frå eksterne, i hovudsak innkjøpsbistand frå eksterne med meirforbruk på om lag 2,7 mill.kr. Innleige har vore nytta til innkjøpsprosess for brannstasjon, barnehage i Granvin, servicebygg og ei rekkje mindre innkjøp og rammeavtalar. Slikt omfang vil ikkje fortsetje inn i 2025.

Momsutgifter og -refusjon er ikkje tilstrekkeleg budsjettert. Dette finn ein som utgift under Overføringsutgifter og Refusjonar. Dette gjev avvik på nær 1 mill.kr mot budsjett, men sidan det går i null har det ikkje effekt på resultatet.



Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	63 989	56 618	61 846	65 485	-3 639
Refusjon lønn	-3 801	-1 617	-1 617	-3 781	2 164
Sum Lønn	60 188	55 001	60 229	61 704	-1 475
Drift	32 050	31 091	31 091	36 267	-5 176
Kjøp av produksjon	2 144	2 396	2 396	1 932	463
Overføringer	11 916	13 241	16 021	14 717	1 303
Finansutgifter	430	401	401	1 342	-942
Sum Utgifter	46 540	47 128	49 908	54 258	-4 351
Brukerbetaling	-2 562	-2 575	-2 575	-2 719	144
Refusjoner	-13 822	-4 017	-11 138	-12 504	1 366
Finansinntekter	-1 346	-335	-2 194	-2 193	-1
Sum Inntekter	-17 730	-6 927	-15 907	-17 416	1 509
Netto resultat	88 998	95 201	94 230	98 547	-4 317

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023	resultat	indikator
			2024		
10-Mindre ulikhet	Me skal ha eit inkluderande arbeidsmiljø og fremja inkludering i arbeidslivet	Score på Meistringsorientert leiing i medarbeidarundersøkinga	0	4	4
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Det vert jobba systematisk med å bli "verdas beste herad"				
	Me forenklar og forbettrar arbeidsprosessane våre				
	Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt	Tal lærlingar i Voss herad	24	24	26
	Me skapar økonomisk handlingsrom	Budsjettoppnåing	0,0 %	95,0 %	-4.4
13-Stoppe klimaendringene	Me skal redusera klimafotavtrykket vårt.	Reduksjon i utskrivne sider frå skrivarar i Voss herad	0,0 %	10,0 %	40,0 %
					Det er gjort målingar for Voss tinghus. Det er redusert omfang av utskrifter med ca 65



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat	Oppnådd 2024 resultat	Statusbeskriving indikator
					000 sider på eitt år. Det tilsvrarar 26 esker med kopipapir.
		Årleg reduksjon i lagra datamengd i Voss herad (TB, terabyte)	35,0 %		
	Voss er blant dei beste i regionen på klimaarbeid	Gjennomføring av handlingsplan for Vossaklima 2030			

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	5 322	5 255	4 456	4 226		4 254
Brutto driftsutgifter til funksjon 130	534	548	521	543		542
Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **)						
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	6,7 %	6,3 %	5,6 %	5,5 %		6,1 %
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) *) **)	160	338	75	113		180

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringer			
Tiltaksmidler for sysselsetjing	1 407	I arbeid	
Sum	1 407		
Sum tiltak	1 407		

9.2 Plan, næring og forvaltning

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet har ansvar for at kommunen vert utvikla i tråd med gjeldande planar og vedtak, innan offentlege og private arealplanar, byggesak, oppmåling og næring. Eininga skal bidra til å skapa gode fysiske bumiljø, leggja til rette for næringsutvikling og ivareta kommunen sin eigenart. Vidare har eininga ansvar for å sikra bruk og vern av kommunen sine areal- og naturressursar, samt sikra samfunnet si trong for stadbunden informasjon. Tilskot til næring, konsesjonskraft og disponering kraftfond ligg også her.

Viktige hendingar og resultat

Gjennom året har det vore særleg merksemd rundt byggesak. Det er jobba aktivt for å styrka og stabilisera avdelinga. Det er no ei positiv utvikling og avdelinga leverer godt. Det var i 2024 vedteke ny gebyrforskrift som betre fangar opp den reelle tidsbruken på dei ulike sakstypene som byggesak handsamar.

På plansida vart det gjennom 2024 jobba med Bømoplanen. Den vart endeleg vedteken av heradsstyret hausten 2024. Klagehandsaming hjå Statsforvaltar pågår. Vidare vart det på plansida mykje merksemd rundt rullering av kommuneplanen med tilhøyrande planar og prosessar.

I næringsarbeidet er det viktig å få fram rolla heradet har gjennom oppgåver knytt til landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling. Store ressursar rundt tilskot og støtteordningar vert kanalisert gjennom heradet.

Næringsutviklinga har vore kopla til ei rekkje prosessar. Her kan nemnast Moglegstudiet for Voss sentrum, prosjekt grønt hytteliv og Lys i gamle hus. Eksterne midlar har sikra oppstart av arbeidet rundt bioparken på Bjørke. Det vart òg i 2024 utarbeidd og vedteke nye vedtekter for Kraftfondet.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Plan - sakshamsaming	4 457	4 006	4 634	4 953	948
Bygge- og delesak	-118	1 036	532	928	-108
Kart og oppmåling	3 168	4 525	4 180	4 537	12
BOLIGBYGGING FYSISKE	10	1 126	1 236	1 316	189
BOMILJØTILTAK					
Tilrettelegging og bistad for næringslivet	17 323	17 562	21 860	18 565	1 003
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling	4 233	2 975	3 397	3 685	710
Sum	29 073	31 230	35 840	33 984	2 754

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet omfattar 6 ulike tenester som viser samla netto mindreforbruk med omtrent 2,7 mill. kr for 2024 i høve budsjett. Hovudårsakene er mindre utgifter til Tilrettelegging og bistand til næringslivet, høge inntekter til Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling og mindreforbruk innan plan.



Sjølvcostfondet for bygge- og delesak er brukt opp for å kunne levera tenester gjennom 2024. Totalt vart det i 2024 nytta 1,2 mill. kr frå sjølvcostfond. Det er nytta mindre midlar på løn, 0,9 mill. kr, men det er kjøpt tenester for omlag same beløp.

«Bolgbygging og fysiske bomiljøtiltak» er utgifter til vårt eige administrative arbeid med flaum og flaumførebygging.

Når det gjeld tilrettelegging og bistand for næringslivet, er utbetaling til såkornfond på 4,9 mill. kr gjennomført i tråd med heradsstyrevedtak. Tilsvarende utbetaling vil skje neste år. Jordkarbonprosjektet vart avslutta i 2023, men kommunen fekk refundert midlar i 2024. Vidare er det motteke tilskot til Jordvernstrategi i 2024, medan utgiftene er venta i 2025.

Sjølvcost om totalen går i pluss har det vore ein trend med nedgåande gebyrinntekter både på plan og oppmåling i 2024. Generelt har aktiviteten vore lågare når det gjeld oppmålingsforretningar. Det er marknadsstyrt, og det har vore mindre spørsmål om utskiljing/frådeling. Ingen større bustadfelt eller hyttefelt er på gang. Det er og underskot på gebyrinntekter på plan. Inntektene i løpet av eit år vil avhenge av kor i planprosessen dei ulike planane er i. Utfordringa i år er at det har vore mange oppstartssaker som genererer mindre gebyr enn planar i sluttfasen som genererer meir gebyr. 2025 vil truleg gje gode gebyrinntekter.

Ein del av arbeidet på oppmålinga er sjølvcost og i år har me måtta nytta midlar som er oppspart på sjølvcostfond. Heile sjølvcostfondet på om lag 0,5 mill. kr er nytta. Det dekkar ikkje heile underskotet på sjølvcosten, så i tillegg får me eit negativt fond på om lag 0,3 mill. kr. I og med at det ikkje kan vera negative fond på oppmåling (grunna plan- og bygningslova) må dei 0,3 mill. kr dekkast av drifta i år. Det totale overskotet på plan og oppmåling er tilstrekkeleg til å dekkja det.

Trenden i marknaden som gjev mindre inntektsgivande aktivitet gjer at det vart underskot på gebyrinntekter ved års slutt. Underskotet på inntekter er utjamna med overskot av lønsmidlar grunna foreldrepermisjon, tilskot frå Staten og lite bruk av konsulentmidlar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	18 810	20 277	21 921	21 331	590
Refusjon lønn	-134	0	0	-770	770
Sum Lønn	18 676	20 277	21 921	20 561	1 360
Drift	2 993	4 736	5 586	10 599	-5 013
Kjøp av produksjon	5 572	4 050	4 050	6 092	-2 042
Overføringer	14 336	16 410	12 875	7 565	5 310
Finansutgifter	1 605	1 500	1 500	1 801	-301
Sum Utgifter	24 506	26 696	24 011	26 058	-2 047
Brukerbetaling	-5 879	-7 252	-7 252	-5 851	-1 401
Refusjoner	-6 534	-3 082	-3 547	-7 771	4 224
Finansinntekter	-1 696	-800	-1 150	-1 768	618
Sum Inntekter	-14 110	-11 133	-11 948	-15 389	3 441
Netto resultat	29 073	35 840	33 984	31 230	2 754



Status måltabell

FN	Mål	Indikator	2023	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
berekraftsmål				2024		
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Strategi for besøksforvaltning i Voss herad	Ferdigstilla strategi	0,0 %	100,0 %	0,0 %	Vert utarbeidd i 2025
	Styrkja satsing på næringsutvikling som fremjar utvikling av nye og eksisterande verksemdar					
12-Ansvarlig forbruk og produksjon	Etablera sikulær næringsklynge	Framdift i høve bygging av bioparken i samsvar med strategi	0	20	20	
	Styrka samhandling mellom landbruk og anna næring	Starta fellesprosjekt mellom næring, reiseliv og produsentar	0,0 %	100,0 %	100,0 %	
15-Livet på land	Sikra god bruk areal og vern av kommunen sine naturressursar	Dyrka jord Alle formål Omdisponert i alt etter Jordloven og Plan- og bygningsloven Areal (dekar)	0,0	10,0	16,4	
17-Samarbeid for å nå målene	Auka samhandling og kompetanse mellom Voss herad og næringslivet	Voss herad skal vera medarrangør av Last Tuesday og Vossadagane	0,0 %	100,0 %	100,0 %	
9-Industri, innovasjon og infrastruktur	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband	Byggesaker handsama innafor tidsfrist fastsett i Plan- og bygningslova	100,0 %	100,0 %		Det er registrert ei handfull saker der det ikkje er levert på frist.

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger (302) byggesaksbehandling og eierseksjonering (B) *) **)	101	141	128	-43		107
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging per innbygger (B) *) **)	583	677	726	293		504
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) *) **)	198	310	260	37		123
Kvalitet						



Dispensasjonssøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)	39	30	46
Søknader i samsvar med plan	19	17	21
Byggesøknader i alt Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)			
Andre nøkkeltal			
Område- og detaljreguleringsplaner vedtatt av kommunen siste år (B)	7	3	8 4 150

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtatt forrige periode			
HST 15.12.22 ENØK-tiltak og straumstøtte til næringsliv	-2 000	I arbeid	
Sum	-2 000		
Nye tiltak			
Hagahaugen vert innlemma i Voss herad	-4 318	I arbeid	
Endra finansiering av turistinformasjon	1 600	Ferdig	
HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting	8 966	I arbeid	
HST 12.12.23 Tilskot plastpresser	100	I arbeid	
Sum	6 348		
Sum tiltak	4 348		

Rammeendringer gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringer			
HST 12.12.23 Såkornfond/kapitalstifting	-4 000	I arbeid	
Sum	-4 000		
Sum tiltak	-4 000		

9.3 Samferdsel

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale vegar, inklusiv kommunale gang- og sykkelvegar samt Voss flyplass Bømoen.

Voss herad har 300 km kommunal veg. Noko under halvparten har fast dekke og resten er gruslagt. Tidlegare Voss herad har 6 km gang- og sykkelveg, omlag 100 bruer og 6 tunnelar. Avdelinga har òg ansvar for flaumsikringstiltak.

Eininga har ansvar for verkstad som driftar og vedlikehald kommunale bilar samt maskinpark for heile Voss herad. Eiga anleggsavdeling tek mindre utbyggingsoppgåver og vedlikehaldsarbeid.

Voss flyplass Bømoen er ein flyplass til ikkje almen bruk. Voss fallskjermklubb er ein stor brukar av flyplassen. I tillegg har flyklubbar og helikopterselskap tilhald i tilknytning til flyplassen.

Viktige hendingar og resultat

Ny hovudplan veg er på plass. Denne ligg til grunn for prioritering av vedlikehald, men det er ikkje tilstrekkeleg med midlar for å nå måla i planen.

Nye brøytekontraktar vart utlyst og kontraktar inngått. Kostnadane ved denne vert i all hovudsak styrt av kor snørike vintrar me får. Kontraktane er kopla til ny vedteken brøyteinstruks.

I 2024 opplevde me flaumen Jakob. Der vart det gjort ein stor innsats i forkant for å sikra vegane våre, og det vart berre marginale skadar.

Det har lenge vore planlagt ein gjennomgang for mogleg privatisering av kommunale vegar. Dette er ikkje gjennomført, men det vil verta aktualisert gjennom Voss iPluss2027.

I 2024 kom dei siste godkjenningane på plass rundt Voss flyplass Bømoen.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Samferdsle	-173	688	160	169	-519
Kommunale vegar,miljø,traikksikr,parkering	35 121	35 190	31 145	31 991	-3 199
Kommunale vegar	1	0	0	0	0
Sum	34 948	35 878	31 305	32 160	-3 718

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet enda opp med 3,7 mill. kr i netto meirforbruk i 2024, som skuldast meirforbruk både innan Voss flyplass Bømoen og kommunale vegar.

**Voss flyplass Bømoen**

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 0,5 mill. kr. Lønsbudsjett er i balanse. Avviket gjeld ekstra kostnader med vedlikehald for å sikra at flyplassen også framover kan vera open som i dag i tråd med krav frå Luftfartstilsynet.

Kommunale vegar, miljø, trafikksikring og parkering

Rekneskapen syner eit meirforbruk på 3,2 mill. kr. Hovudforklaringa er høgare utgifter til brøyting enn budsjettert. Vedlikehald er i balanse, men med høgare kostnader på vegvedlikehald enn planlagt, og motsett for vedlikehald av bruer. Prisvekst har og gjeve meirforbruk når det gjeld vedlikehald av bilparken, og då særleg reparasjonar av anleggsmaskiner.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	10 021	9 570	10 440	9 981	458
Refusjon lønn	-59	0	0	-440	440
Sum Lønn	9 962	9 570	10 440	9 541	898
Drift	26 444	22 519	22 519	27 114	-4 596
Kjøp av produksjon	30	0	0	0	0
Overføringer	7 471	3 522	6 944	6 919	25
Finansutgifter	3	0	0	5	-5
Sum Utgifter	33 949	26 041	29 463	34 038	-4 576
Brukerbetaling	-1 160	-524	-524	-701	177
Refusjoner	-7 803	-3 781	-7 218	-7 000	-218
Sum Inntekter	-8 963	-4 305	-7 742	-7 701	-41
Netto resultat	34 948	31 305	32 160	35 878	-3 718

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat 2024	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
berekraftsmål					
9-Industri, innovasjon og infrastruktur	Leggja til rette for god infrastruktur med god kapasitet som vegar, jernbane, kai, breiband			1 200	
	Oppgradera kommunale vegar samt sikra tilfredstillande standard gjennom godt vedlikehald	Tal meter med oppgradert veg (asfaltering, masseutskifting, utbetring bruer etc.)			
	Tilretteleggja for mjuke trafikantar				

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						



Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	3,2 %	3,1 %	2,5 %	1,1 %	2,0 %
Netto driftsutgifter i kr pr. innbyggere, komm. vei er og gater (B) *)	2 828	2 759	1 710	1 220	1 531
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) *) **)	2 821	2 805	2 219	867	1 576
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)	125 643	119 916	95 967	135 104	128 296
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)	158 817	154 131	165 940	207 400	194 122
Netto driftsutgifter ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate (B) *)	122 605	118 478	92 820	132 913	118 359
Dekningsgrad					
Antall kilometer kommunal vei og gate per 1000 innbygger	18,15	18,07	10,51	5,94	8,46
Antall parkeringsplasser skiltet for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	22	22	13	15	22
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb (B)	50	50	118	26	112
Kvalitet					
Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	55,9 %	54,9 %	7,1 %	0,0 %	28,1 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede	83	83	205	51	6 557
Kommunal vei og gate. Antall kilometer	299	297	183	115	4 975

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Omklassifisere vegar, plassar, bruer	-200	Ikkje starta	
Sum	-200		
Nye tiltak			
Brøyting og strøing	2 000	I arbeid	
Venta prisvekst varer og tenester	0	I arbeid	
Sum	2 000		
Sum tiltak	1 800		

9.4 Eigedom og bustad

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og nyinvestering i kommunale bustader, eigedomsforvaltning og kommunale grønt- og friområde. Formålsbygg er sortert under tenesteområda i tabellen nedanfor, og skal omtalast der:

Tenesteområde	Funksjon
1 Administrasjon og leing	130 administrasjonslokale
2 Grunnskule	222 Skulelokale og -skyss
3 Barnehage	221 Barnehagelokale og –skyss
7 Omsorg	234 Aktivisering av eldre og funksjonshemma 261 Institusjonslokale
9 Kultur og fritid (inkl. Kyrkja)	381 Kommunale idrettsanlegg/bygg 386 Kommunale kulturbygg

Tenesteområdet har ansvar for generell forvaltning av kommunale bygg og eigedomar, uavhengig av om dei er i drift eller ikkje. Kommunen har også tilbod om bustad til innbyggjarar som ikkje klarer å skaffa eigen bustad sjølve, personar med låg buevne og innbyggjarar som har behov for tilpassa bustad. Den kommunale bustadmassen er jamt fordelt på fleire eigarar; Voss herad, Voss Bustadstifting, Voss eigedom AS og Granvin Bustadstifting.

Tenesteområdet har også ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale parkar, friområde, leikeplassar/nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, badeplassar, utandørsanlegg ved skular / barnehagar / omsorgsbygg/ administrasjonsbygg, samt vintervedlikehald og drift av skuleplassar, gangveggar og andre mindre samferdsleanlegg.

I Voss herad har park og idrett samarbeid med kyrkja om drift og vedlikehald av gravplassar og anlegg kring kyrkjene, samt graving i samband med gravferder.

Viktige hendingar og resultat

Bygg og eigedom utfører tenester for alle tilsette i Voss herad. Dette betyr eit spesielt fokus på samarbeid på tvers av kommunalavdelingane.

Det vert no gjennomført ei kartlegging av alle bygg både for å få samla oversikt, men og for å leggja til rette for gode val for framtida. Dette er ein del av Voss iPluss2027. Større vedlikehald vil verta sett på vent til barnehage- og skulestruktur er landa politisk.

Bygg og eigedom har gjennom 2024 gjennomført ei rekkje flaumsikringstiltak på flaumutsette bygg, og det er kome på plass flaumgjerde som avdelinga har god trening i å få sett opp. Voss herad sin flaumberedskap er her monaleg styrka gjennom 2024.

Det er i 2024 gjennomført ENØK-tiltak i fleire bygg, i hovudsak utskifting til led-lys. Dette har gjeve lågare energiforbruk.

Det har vore arbeid med å få på plass bustadkontor og ta ned aktiviteten i dei to kommunale selskapa, Voss Eigedom AS og Hagahaugen AS. Dette arbeidet held fram i 2025. Voss kommunale bustadstifting er vedteke overført til Voss herad. Denne prosessen vil også verta fullført i 2025. Når det gjeld Granvin Bustadstifting må det, grunna fleire stiftarar enn berre heradet, gjennomførast ein ordinær avviklingsprosess.

**Status økonomi per teneste**

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Eigedomsforvaltning	14 855	16 603	25 347	26 379	9 777
Kommunalt disponerte bustader	5 418	4 647	9 029	3 395	-1 251
Parkar og plassar	6 140	4 384	5 851	6 177	1 793
Sum	26 413	25 634	40 133	35 952	10 318

Kommentar til status økonomi

Samla for tenesteområdet er det for 2024 eit mindreforbruk på 10,3 mill. kr. Det er eigedomsforvaltninga og parkar og plassar som bidreg til mindreforbruket.

Eigedomsforvaltning viser netto mindreforbruk på 9,7 mill. kr. Tenesta vert nytta som samlepost for Voss herad si totale eigedomsportefølje. Avdelingane er i hovudsak Prosjekt og utvikling, Bygg og eigedom og Reinholdsavdelinga. Den største årsaka er vakante stillingar, men refusjon sjukeløn og overføring av lønskostnadar til investeringsprosjekt og andre tenesteområde påverkar og dette.

Kommunalt disponerte bustader viser eit meirforbruk på 1,2 mill. kr. Årsak til meirforbruket er mellom anna klargjering av Granvin heradshus til flyktningar og andre driftskostnadar.

Parkar og plassar viser eit mindreforbruk på 1,8 mill. kr. Dette er hovudtenesta innafor avdeling Park og idrott. Mindreforbruket skuldast vakansar, refusjon sjukeløn og elles nøktern drift av avdelinga.

Reinholdsavdelinga har totalt sett eit mindreforbruk på 2,5 mill. kr. Avdelinga har hatt god styring av ressursar og har redusert tal årsverk. Sjukefråvær er i stor grad løyst gjennom bruk av reinholdsteamet, og eigne arbeidsleiarar. Det er ei framoverlent avdeling som søker ny teknologi og nye løysingar.

Sjølv om området totalt sett har eit mindreforbruk i 2024, har me nokre meirkostnadar i drift på utgiftssida. Dette gjeld føring av leigekostnad for Helsehuset på 2,2 mill. kr, auke i forsikringspremie på 1 mill. kr og generell prisauke på forbruksmateriell.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	19 677	28 321	30 140	18 557	11 583
Refusjon lønn	-786	0	0	-1 635	1 635
Sum Lønn	18 891	28 321	30 140	16 921	13 219
Drift	45 712	45 052	49 797	52 644	-2 847
Kjøp av produksjon	7	0	0	10	-10
Overføringer	2 792	595	2 543	4 197	-1 653
Finansutgifter	5	0	0	400	-400
Sum Utgifter	48 516	45 648	52 341	57 252	-4 911
Brukerbetaling	-36 903	-32 029	-42 324	-42 037	-287
Refusjoner	-4 091	-1 806	-3 754	-5 618	1 863
Finansinntekter	0	0	-450	-884	434



	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Sum Inntekter	-40 994	-33 835	-46 528	-48 539	2 011
Netto resultat	26 413	40 133	35 952	25 634	10 318

Status måltabell

FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat 2024	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
10-Mindre ulikhet	Stimulerer til bygging av alternative bustader tilpassa ulike livsfasar				
13-Stoppe klimaendringene	Etablert sentral driftsstyring på alle formålsbygg (SD-anlegg)	Etablert sentral driftsstyring på minst 1 bygg pr år	0	1	1 formålsbygg
17-Samarbeid for å nå målene	Auka tal bustader tilgjengeleg for utleige i Voss herad				
	Godt samarbeid med brukarar av bygga for best mogleg resultat	Minst 3 samarbeidsmøte i året for avklaring	0	3 møte	3 Samarbeidsmøter med tenesteområda om behov og prioriteringar for kommunale bygg

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Areal på formålsbygg per innbygger (m2)	6	5	5	5		5
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)	473	122	255	1 697		958
Netto driftsutgifter per innbygger (265) kommunalt disponerte boliger (B) *) **)	776	701	195	120		98
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) *) **)	9 205	9 295	5 990	5 159		6 617
Netto driftsutgifter til kommunal forvaltning av eiendommer (F121) per innbygger (B) *) **)	1 063	1 148	196	18		411
Produktivitet						
Netto driftsutgift til 265 kommunale boliger per utleid bolig (B) *)	31 562	26 995	6 265	8 035		6 275
Dekningsgrad						
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere (B)	27	27	35	15		20

**Grunnlagsdata (Nivå 3)**

Antall søknader siste år	201	188	46	70	4 265
Antall utleide boliger per 31.12	405	427	543	288	10 773
Totalt antall kommunalt disponerte boliger (antall)	440	445	613	295	11 767
Andre nøkkeltal					
Netto driftsutgifter (335) Rekreasjon i tettsted *)	8 225	6 328	6 563	3 073	164 393

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Ukraina budsjett	3 900	I arbeid	
Sum	3 900		
Sum tiltak	3 900		

9.5 Brann og ulukkesvern

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet inneholdt arbeid og tiltak for å førebyggja brannar og andre ulukker. Hovudaktiviteten er feiing av piper og tilsyn som vert dekkja av feiegebyret, då dette er eit sjølvkostområde. I tillegg kjem tilsyn av særskilte brannobjekt. Dei tilsette arbeider også med kurs og opplæring for å tryggja innbyggjarane.

Tenesteområdet omfattar også drift av brannvesenet i kommunen. Herunder kjem også oljevernberedskap og annan beredskap mot brann- og eksplosjonsarta ulukker. Hovudbrannstasjonen på Voss har 4-delt vaktordning med 6 personar i kvart vaktlag. I tillegg er det 3 bistasjonar; Evanger, Vossestrand og Granvin med frivillig personal knytt opp mot stasjonane.

Det er inngått avtale med Ulvik herad og Eidfjord kommune om kjøp av brannsjeftejenester i Voss herad.

Viktige hendingar og resultat

For Voss brannvern var byggjearbeid for ny hovudbrannstasjon ei stor hending i 2024. Stasjonen skal vera ferdig til innflytting hausten 2025.

Ny brannbil vart levert og teken i bruk i 2024. Den gamle brannbilen vart donert og sendt til Ukraina. Arbeid med å tingja høgderedskap og to nye tankbilar starta opp i 2024.

Samarbeid på tvers vert stadig viktigare, og Brannvernet er mellom anna kopla på helse- og omsorg knytt til tryggleik for heimebuande.

**Status økonomi per teneste**

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Førebygging brann og ulukker	1 263	847	468	999	152
Beredskap brann og ulukker	15 087	15 562	14 087	14 587	-974
Sum	16 350	16 409	14 555	15 586	-823

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet viser eit årsresultat på 0,8 mill. kr i meirforbruk i høve budsjett.

Resultatet skuldast meirforbruk når det gjeld beredskap brann og ulukker. Meirforbruket ligg på løn. Ein viktig årsak er ei framforhandla godtgjersle for mannskapa på bistasjonane gjeldande frå 01.01.24, som ikkje låg inne i budsjettet for 2024. Vidare er det kostnader til lovpålagde kurs for brannmannskapa, herunder grunnkurs deltid og deltidskurs utrykkingsleiar. Utrykningar gjennom 2024 genererte også eit meirforbruk.

Førebygging gjennom brann- og feietilsyn er ei gebyrbelagt teneste og vert gjort opp som sjølvkostrekneskap. Her viser resultatet eit lite overskot for 2024. Etterkalkyle viste overskot med nesten 0,5 mill. kr. Desse midlane vert nytta til betaling av framført underskot (negativt sjølvkostfond).

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	18 095	16 286	17 317	18 765	-1 448
Refusjon lønn	-133	0	0	-148	148
Sum Lønn	17 962	16 286	17 317	18 616	-1 299
Drift	4 637	4 369	4 369	4 438	-69
Kjøp av produksjon	1 200	1 272	1 272	1 181	91
Overføringer	677	191	613	717	-104
Finansutgifter	0	0	0	0	0
Sum Utgifter	6 514	5 832	6 255	6 337	-82
Brukerbetaling	-7 416	-7 372	-7 372	-7 742	370
Refusjoner	-710	-191	-613	-803	189
Sum Inntekter	-8 126	-7 563	-7 986	-8 545	559
Netto resultat	16 350	14 555	15 586	16 409	-823

Status måltabell

FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat 2024	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Godt og teneleg utstyr som set brannmannskapa i stand til å redde liv og helse				
15-Livet på land	Førebyggja brann og andre ulukker				



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat 2024	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
------------------	-----	-----------	--------------------------------	---------------------	-------------------------------

3-God helse og livskvalitet Gode, trygge og tenelege lokale for brannmannskapa i Voss herad

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn Stord 14,8 16,0	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet					
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	12,3	14,8	14,8	16,0	17,0
Netto driftsutgifter til funksjon 338 og 339 pr. innbygger, konsern (kr) (B) *)	1 171	1 095	2 045	915	1 078
Kvalitet					
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)	642	646	443	539	557
Grunnlagsdata (Nivå 3)					
Antall A-objekter	119	120	92	91	2 546
Antall A-objekter med tilsyn i løpet av året	93	72	66	15	756
Antall piper i alt	11 504	11 700	7 194	5 909	251 625
Antall utrykninger (antall)	202	244	258	310	10 003

*) Inflasjonsjustert med deflator

9.6 Vatn, avlaup og renovasjon

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar drift, vedlikehald og investering i kommunale vatn- og avlaupsanlegg (VA-anlegg). Renovasjon er delegert til BIR Voss Hardanger AS.

Hovudoppgåvene til VA-avdelinga er å produsera tilstrekkeleg vatn med god kvalitet til abonnentane og syta for å ta vare på avlaupsvatnet frå kommunal kloakk, industri og spreidd busetnad på ein måte som hindrar at det oppstår miljøulempir i vassdrag og sjø. Tømming og handsaming av slam frå septiktankar og tømmeasjon for bubilar sorterar også innanfor dette tenesteområdet.

Voss herad har 11 store og mindre vassbehandlingsanlegg, 11 reinseanlegg, 60 pumpestasjonar og slamavskiljarar med tilhøyrande ca 300 km leidningsnett. Avdelinga administrerer slamtømming av septiktankar i heile heradet.

Viktige hendingar og resultat

I 2024 var bygging av Bømoen vassverk ute på anbod og leverandør vart valt. Bygginga har starta, og dette vil på sikt gje Voss ei ny trygg vasskjelde som ikkje er flaumutsett.

Det er i 2024 rehabilitert mange meter med avlaupsrør med strøpekyring som gjer at me slepp å grave opp gater og vegar for å fornya røyra. Me har rehabilitert ein heil del avlaupsrør som var i ferd med å bryta saman. I 2023-2024 vart det rehabilitert 700 meter med denne metoden.

Ved å velje strøperenovering for rehabilitering av avlaupsrør i Voss sentrum, sikrar me ei berekraftig, kostnadseffektiv og samfunnsvenleg løysing. Dette er eit tiltak som både ivaretek kommunen sine økonomiske interesser og minimerer miljøpåverknaden, samstundes som det sikrar ei moderne og robust infrastruktur for framtida.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Produksjon av vatn	6 765	4 077	6 872	7 218	3 141
Distribusjon av vatn	-15 857	-18 389	-15 184	-14 829	3 560
Avlaupsrensing	11 106	13 490	11 484	11 686	-1 805
Avlaupsnett	-20 114	-20 083	-18 662	-18 340	1 743
Tøming av septiktank	-130	1 005	-714	-693	-1 698
Sum	-18 230	-19 900	-16 204	-14 958	4 942

Kommentar til status økonomi

Økonomiplan og budsjett for tenesteområdet syner negative tal, noko som betyr at tenesteområdet totalt sett har netto inntekter. Det vert utarbeida kalkylar for kvart enkelt sjølvkostområde, med indirekte kostnader frå andre tenesteområde som del av grunnlaget.

Resultatet for tenesteområdet viser netto mindreforbruk i høve revidert budsjett med omtrent 4,9 mill. kr.

Produksjon og distribusjon av vatn har eit mindreforbruk på 3,1 mill. kr etter at tala frå sjølvkostkalkyle er teke med i rekneskapen. Overskotet vert nytta til nedbetaling av negativt fond som er opparbeidd tidlegare år. Målet er at det resterande beløpet er nedbetalt i 2025.



Avlaupsreinsing hadde eit meirforbruk på 1,8 mill. kr. Størsteparten av avviket skuldast at råtnetanken ved reinseanlegget ikkje har vore i drift i 2024, og det har gjeve store kostnader ved bortkøyring av slam som skulle vore nytta i tanken til oppvarming av bygget (produksjon av biogass). For å kompensera for tap av biogass, vart det og nytta meir fyringsolje når tanken var ute av drift. Tanken er under rehabilitering og planlagt sett i drift att i våren 2025.

Avlaupsnett har eit mindreforbruk på 1,7 mill. kr, men etter gjennomført sjølvkostkalkyle endar det på eit meirforbruk på 256.000 kr. Underskotet vert overført til fond som er opparbeid tidlegare. Fondet hadde ein negativ verdi på 1,25 mill. kr. Målet er å betala ned resterande beløp i 2025.

Tøming av septiktank har eit meirforbruk i høve revidert budsjett på 1,7 mill. kr. Dette skuldast meirkostnader ved tømning av septiktankar.

Kontrakt for tømning av septiktankar gjekk ut våren 2024, og kommunen måtte innhenta nye tilbod. Ny kontrakt gjeldande frå våren 2024 medførte auke i tømmekostnader. Dei vedtekne gebyra i 2024 vart difor for låge i forhold til dei faktiske kostnadane. Dette er no retta opp i gebyra for 2025.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	16 309	17 311	18 558	17 372	1 185
Refusjon lønn	-460	0	0	-772	772
Sum Lønn	15 850	17 311	18 558	16 600	1 958
Drift	19 764	23 550	23 550	20 757	2 793
Kjøp av produksjon	5 322	4 510	4 510	8 383	-3 873
Overføringer	30	0	0	47	-47
Finansutgifter	94	0	0	2	-2
Sum Utgifter	25 211	28 061	28 061	29 189	-1 129
Brukerbetaling	-58 138	-61 576	-61 576	-64 859	3 283
Refusjoner	-1 153	0	0	-698	698
Finansinntekter	0	0	0	-132	132
Sum Inntekter	-59 290	-61 576	-61 576	-65 689	4 112
Netto resultat	-18 230	-16 204	-14 958	-19 900	4 942

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023 resultat	2024 resultat	indikator
3-God helse og livskvalitet	Systematisk utskifting av leidningsnett over tid.	1% utskifting årleg	0,0 %	1,0 %	0,5 %
	Vassforsyningssystemet skal levera godt og hygienisk sikkert drikkevatt til abonnentane.	Ingen funn av termotolerante koliforme bakteriar	0	0	0
6-Rent vann og gode sanitærforhold	sikra reservevasskjelda for Vossevangen vassverk	Ferdigstillta Bømoen vassverk	0,0 %	50,0 %	50,0 %



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat	Oppnådd 2024 resultat	Statusbeskriving indikator
7-Ren energi til alle	Innen 2030 øke andelen fornybar energi i verdens samlede energiforbruk betydelig	Utsifting til meir energisparande pumper samt solcelletak på tekniske bygg	0,0 %	10,0 %	I tråd med indikator på alle nye prosjekt
9-Industri, innovasjon og infrastruktur	Gjennomføra hovudplan vatn og avløp i Myrkdalen				

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Dekningsgrad						
Antall innbyggere tilknyttet kommunal vannforsyning (antall)	7 934	7 934	14 980			
Kvalitet						
E.coli: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	100,0 %			
Farge: Andel innbyggere tilknyttet kommunalt vannverk med tilfredsstillende prøveresultater	100,0 %	100,0 %	100,0 %			
Intestinale enterokokker: Andel innbyggere tilknyttet komm.vannverk med tilfredsstillende prøver	100,0 %	97,6 %	100,0 %			
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Antall innbyggere tilknyttet kommunalt avløp (=>50 pe) (antall)	9 650	9 750	12 849	14 366		465 569
Antall lekkasjereparasjoner på det kommunale nettet (antall/km ledningsnett)	0,13	0,09	0,08			

9.7 Politisk styring

Skildring av tenesteområde

Politisk styring omfattar politisk organisasjon og systema som vert nytta i den politiske styringa av Voss herad. Politisk styringsmodell vart vedtatt av Heradsstyret i sak 44/19.

Tenesteområdet har ansvar for å leggja til rette for og avvike politiske møter, arbeidsvilkår for folkevalde, utlegging av politiske saker og kontakt mellom dei folkevalde og administrasjonen. Ansaret for førebuing til og avvikling av stortingsval og kommunestyre- og fylkestingsval ligg også her.

Viktige hendingar og resultat

Det er halde litt over 70 politiske møter i 2024 og det er fatta ca 600 vedtak. I 2024 har heradsstyret handsama 128 saker i 8 møter. Arbeidet i 2024 har vore prega av viktige vedtak og prosjekt som skal



styrka kommunen sin økonomi og samfunnsutvikling. Nokre døme er budsjett og økonomiplan, busetting av flyktningar, ulike planar på arealbruk og tenester, planstrategi, innkjøpsreglement, strukturendring i Voss eigedom og Hagahaugen AS og barne- og familietenestene og forskrift om godtgjersle.

Det har vore gjennomført to dagar med folkevaldsamling gjennom KS sitt folkevaldprogram med fokus på møteklima og samarbeid mellom politikk og administrasjon.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Politisk styring	7 884	6 620	5 856	5 928	-692
Kontroll og revisjon	2 238	2 045	2 223	2 223	179
Sum	10 122	8 665	8 079	8 151	-514

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet har eit meirforbruk i høve budsjett på om lag 500 000 kr. Dette omfattar i hovudsak vekst og meirutgifter i godtgjersle til folkevalde. Godtgjersle og tappt arbeidsforteneste utgjorde 2,2 mill.kr og auke med 13 % samanlikna med 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	5 256	4 231	4 303	5 169	-866
Sum Lønn	5 256	4 231	4 303	5 169	-866
Drift	4 585	3 035	3 035	3 302	-266
Kjøp av produksjon	123	114	114	0	114
Overføringer	608	814	771	350	421
Sum Utgifter	5 316	3 963	3 921	3 652	269
Brukerbetaling	0	-20	-20	0	-20
Refusjoner	-450	-94	-52	-156	104
Sum Inntekter	-450	-115	-73	-156	83
Netto resultat	10 122	8 079	8 151	8 665	-514

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn Stord Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet				
Brutto driftsutgifter til funksjon 100	514	411	488 233	431
Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)				

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov



9.8 Finansielle postar/økonomi

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet er ei samling av diverse postar som består av Kostra funksjonane for rekneskapstekniske postar for pensjon (Premieavvik, amortisering premieavvik, premiefond mv), kraftinntekter og -utgifter, og motpost for avskrivningar. Det er verdt å merka seg at kommunalt rekneskap er svært forskjellig frå privat sektor. Mellom anna har ikkje avskrivningane netto resultateffekt, men låneavdraga har det.

Viktige hendingar og resultat

Ein stor post på tenesteområdet er knytt til pensjon. Premieavvik oppstår når det er forskjell mellom utrekna pensjonskostnad basert på kriterium fastsett av finansdepartementet og innbetalt pensjonspremie til pensjonsleverandør. Dei siste åra har det vore veldig store premieavvik grunna høg lønsvekst og høgt trygdeoppgjer. Rekneskapsreglar seier at årets premieavvik skal først for aktuelt år, og amortisert pensjonspremieavvik skal først med motsett forteikn i dei åra det skal fordelast på. Førre års pensjonspremieavvik kan fordelast på eitt år eller 7 år. Voss herad endra praksis frå at premieavviket vart fordelt (amortisert) på eitt år til 7 år i 2024. I rekneskapen for Voss herad ser ein dette med at det er eit positivt premieavvik på 105 mill.kr for 2023. Dette vart kostnadsført med 15 mill.kr i 2024, som utgjør ein sjuandedel av premieavviket for 2023. Samtidig oppstod det eit nytt premieavvik i 2024 på positive 72,9 mill.kr. Endra amortisering er innført for å jamne ut svingingar, og har ingen effekt på totale kostnader.

Sal av nær 62 GWh i konsesjonskraft enda på litt nær 47 mill.kr for 2024 med ein gjennomsnittleg salspris på 51 øre/kWh. Før den store auken i straumpris har dette vore mellom 15-23 mill.kr per år. 2022 og 2023 hadde Voss herad ein salspris rundt 130 øre/kWh. Frå 2022 har Voss herad hatt ein forvaltningsavtale der krafta vert seld i marknaden gjennom heile året. Du kan lesa meir om dei økonomiske effektane av kraftproduksjon under kapittel "Økonomisk status og utvikling".

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Årets premieavvik	-105 152	-72 927	35 000	-71 421	1 505
Tidlegare års premieavvik	41 800	15 022	0	20 073	5 051
Pensjon	499	502	0	0	-502
Premiefond	-32 218	-16 091	-15 000	-18 256	-2 165
Konsesjonskraft, kraftrettigheter og anna kraft for vidare salg	-87 949	-37 572	-37 807	-39 307	-1 735
Skatt	314	-167	0	0	167
Generelt statstilskudd	131	0	0	0	0
Renter, utbytte og lån	3 117	1	26	26	25
Sum	-179 456	-111 233	-17 781	-108 886	2 347

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet finansielle postar/økonomi hadde eit positivt avvik i høve budsjett på ca 2,3 mill. kr i 2024. Dei store beløpa på dette tenesteområdet kjem frå pensjon og sal av konsesjonskraft. Dei positive avvika kjem frå pensjon og premieavvik.

**Økonomistatus per konto**

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	-95 569	20 000	-69 604	-73 996	4 392
Sum Lønn	-95 569	20 000	-69 604	-73 996	4 392
Drift	1 053	337	337	762	-426
Kjøp av produksjon	131	0	0	0	0
Overføringer	9 990	9 282	9 282	8 879	403
Finansutgifter	3 274	0	0	0	0
Sum Utgifter	14 448	9 619	9 619	9 641	-23
Brukerbetaling	-98 005	-47 400	-48 900	-46 853	-2 047
Refusjoner	-56	0	0	-25	25
Finansinntekter	-274	0	0	0	0
Sum Inntekter	-98 336	-47 400	-48 900	-46 878	-2 022
Netto resultat	-179 456	-17 781	-108 886	-111 233	2 347

Status økonomiplan tiltak**Rammeendringer i økonomiplanen**

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme	Status	Beskriving
	år 1		

Nye tiltak

Hagahaugen vert innlemma i Voss herad	-1 302	I arbeid	Drifta ved Hagahaugen og all aktivitet er innlemma i Voss herad. Endring er at Hagahaugen AS vil bestå som eit aksjeselskap som eigar av eigedomen. Lån vil dermed tilbakeførast frå Voss herad til Haghaugen AS.
Sum	-1 302		
Sum tiltak	-1 302		

9.9 Grunnskule

Skildring av tenesteområde

Voss herad har undervisingstilbod ved elleve grunnskular, der åtte er reine barneskular, to er kombinert barne- og ungdomsskular, og éin rein ungdomsskule. Per dags dato er elevtalet i Voss herad 1973 elevar fordelt på dei 11 skulane i heradet.

Tenestetilbodet omfattar også SFO tilbod ved 10 grunnskular. To av skulane, Vangen og Palmafossen tilbyr utvida SFO i haust- og vinterferie samt tre veker i sommarferien. Éin barneskule og éin ungdomsskule har innføringsklassar som rettar seg mot nyinnkomne flyktningar.

Skuleår	Tal elevar
2024-25	1973
2023-24	1972
2022-23	1921
2021-22	1878



Viktige hendingar og resultat

Tenestoområde grunnskule har hatt eit krevjande år der både skulesjef, kommunalsjef for oppvekst og rådmann slutta med kort tids mellomrom våren 2024. I tillegg har den største skulen, Voss ungdomsskule også gjennomgått eit leiarskifte med ny rektor frå 1. august. Dette har ført til utfordringar i både drift, utvikling og manglande kontinuitet. Det har vore kyndige personar inne for å sikra at både tilsette og elevar har vore godt teke i vare gjennom våren 2024.

Nytilsette leiarar har nytta hausten for å verte kjend med organisasjonen og har freista å ta tak i utfordringane som Agenda Kaupang har peika på. Det har frå hausten av vorte jobba med felles mål og retning, og det har vore fokus på å få på plass nye system og rutinar i høve ny opplæringslov, samt andre rutine og retningslinje som har hatt behov for revisjon.

Tilstandsrapporten for skuleåret 23-24 som vart lagt fram i heradstyret i januar 2025, utdjuper resultat i skulane i høve trivsel, skulemiljø og faglege resultat. Kort oppsummert synar tilstandsrapporten og Ungdata-undersøkinga at trivselen blant elevane i Vossaskulen er god. Samstundes ser me til liks med resten av landet at me har utfordringar knytt til motivasjon i skulefaga og for høge tal når det gjeld mobbing.

Oppfølgingsordninga som gjeld fleire skular i Voss herad, og på leiarnivå, har vore positivt for dei skulane som har vore med i ordninga.

Oppfølgingsordningen skal bidra til at kommuner med svake resultater på sentrale områder av opplæringen over tid får hjelp til å skape bedre læringsmiljø og læringsresultater for elevene i kommunen. I oppfølgingsordningen får kommunen tilbud om støtte og veiledning over en periode på 3 år.

Det har sidan hausten 2024 vore jobba mykje med samhandling på tvers av avdelingar, til dømes skule, PPT, barnevern, helsestasjon med meir. Fokus på samordna og saumlause tenester har vore sett høgt på agendaen, og skal jobbast vidare med i 2025.

Skulane har i samarbeid med PPT jobba godt med å få fleire elevar inn i det ordinære tilbodet i klassen, og at dei får tilpassa opplæring i fellesskapet med resten av elevane. Andelen elevar som mottok individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)/spesialundervisning har gått ned frå 10,2% i 2023 til 6,5% i 2024. Sidan me har mange elevar med store hjelpebehov, har ikkje ressursbruken til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO)/spesialundervisning gått ned noko særleg.

Kommunalsjef og tenesteleiarar/områdeleiarar arbeider jamleg saman for å betra læring og trivsel for born og elevar i Voss herad, og setja felles retning og mål.

Andre viktige milepelar

1. Ferdigstilling av handlingsplan for skulenærvær, omtala som "Nærværspanen"
2. Ferdigstilling og politisk vedteke kommunedelplan, Tidleg innsats og livsmeistring

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Tilstandsrapporten for 2024 synte at elevane våre har behov for å utvikla meir motivasjon for skulefaga. Vidare synte den at me har mobbetal i skulane våre som er for høge.

Voss har mange elevar med store og omfattande behov spreidd på mange skular. Agenda Kaupang har i sin tilrådde tildelingsmodell for ressursar, peika på at kommunar i gjennomsnitt er forventa å ha ca. 1 elev per 1000 innbyggjarar, med store og omfattande behov. På Voss er det 39 elevar med slike livslange hjelpebehov.



Dette skapar fleire utfordringar. Det første er at denne elevgruppa har behov for mykje av ressursane - både i form av økonomiske midlar og tilsette. Vidare er elevane ofte i behov for anna kompetanse, som til dømes spesialpedagogikk, helsekompetanse og anna.

Det siste året har me opplevd svingingar i søkjartal på stillingar, og elles vanskar med å rekruttera riktig kompetanse som skulane har behov for.

Kva skal me jobba med vidare

Individuelt tilrettelagt undervisning (spesialundervisning)

Me skal søkja å gje meir undervisning i det ordinære undervisningstilbodet i klasserommet.

Nærværspanen

Våren 2025 har me mål om å implementera nærværspanen som ein naturleg del av drifta i skulane på Voss. Nærværspanen handlar om kartlegging av fråvær i større omfang enn i dag, og tiltak ut i frå dei fire nivåa i BTI-modellen (betre tverrfagleg innsats). Målet er å auka skulenærvær.

Betre tverrfagleg innsats (BTI)

Samarbeidet på tvers fungerer godt mellom skule, PPT og barne-og familietenesta. Barnehage og skule har planar om meir omfattande samarbeid i tida som kjem. Meistringsteam og skuleteam er fungerande i skulekvardagen.

Skuleteam

Alle skulane skal gjennomføra skuleteam minst 3 gongar i året. Skuleteam skal brukast etter mal i nærværspanen.

Rekruttera og behalda

Me arbeider for å vera ein attraktiv arbeidsgivar. Nytilsette får høgare løn enn gjennomsnittet, og me har vore bevisst på å tilsetja personar i faste stillingar tidleg.

Me må søkja å få ned sjukefråværet, her må me auka kompetansen og innsatsen monaleg.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Grunnskule	262 826	274 916	234 436	262 329	-12 587
Skulefritidsordning	8 971	12 263	11 176	15 189	2 927
Skulelokale	35 891	34 867	27 200	27 232	-7 635
Skuleskyss	7 518	8 901	6 963	6 963	-1 938
Sum	315 205	330 946	279 775	311 713	-19 233

Kommentar til status økonomi

Tenestekområde grunnskule har eit meirforbruk totalt på omtrent 19 mill. kr i 2024.

Grunnskule har eit meirforbruk på omtrent 12,5 mill. kr i 2024, og gjeld i stor grad løn. Av lønsutgifter er det i hovudsak meirforbruk på fastløn. Det er ført nokre utgifter relatert til Ukrainske flyktningar her, men om ein ser bort frå desse er det likevel rundt 5 mill. kr. i meirforbruk. Dette skuldast i stor grad behovet for kompetanse og tilsette for å ivareta elevar med store og omfattande hjelpebehov.



Utgifter til variabel løn som me ikkje får refusjon for, har eit meirforbruk på om lag 4 mill. kr. Dette skuldast korttidsfråvær, permisjonar og anna.

Det er også eit større meirforbruk på drift, noko som må sjåast i samanheng med meir inntekter enn budsjettert svarande til 6,9 mill kr. Meirforbruket på drift er difor reelt sett nærmare 2,7 mill.kr, og skuldast mellom anna meirforbruk til kommunal skyss (som inkluderer utgifter til symjing og leirskule).

Me kjøpar også tenester frå fylket, mellom anna til arbeidslivsfag på ungdomstrinnet, her har kostnadane også gått opp betydeleg utan at budsjettet har auka tilsvarande. Avviket her vart på om lag 1 mill. kr i 2024.

Skulefritidsordninga har eit mindreforbruk på om lag 2,9 mill. kr. Mindreforbruket skuldast i hovudsak omdisponeringar frå tenesta til teneste 202. Det kan skuldast at tilsette ikkje er ført med korrekt kode eller at ein nyttar ressursane i vanleg skuledrift.

Skulelokale har eit meirforbruk på totalt 7,5 mill kr. Dette skuldast løn/sjukeløn for reinhaldsavdelinga (meirforbruk på 2,5 mill. kr), og at forbruksmateriell har vorte vesentleg dyrare.

Bygg og Eigedom-relaterte utgifter knytt til Skulelokale viser eit meirforbruk på 4 mill. kr. Dette er som følgjer av meirkostnad på oppussing av kulturskulen i Granvin, det er etablert modulbygg ved Gjernes skule, og det er utført flaumsikring av utsette bygg (ungdomsskulen).

Det er også meirkostnadar på 500 000 kr grunna hærverk.

Skuleskyss har eit meirforbruk. Utgiftene her har stege monaleg frå år til år. Berre frå 2023 til 2024 har utgiftene her stege med nær 19 %. Dette skuldast indeksregulering frå Skyss på tilrettelagt skuleskyss med drosje etter kommunale vedtak både for korte reiser under 4 km og lengre reiser per veg.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	297 013	265 744	296 908	316 286	-19 379
Refusjon lønn	-15 944	-9 708	-10 667	-19 751	9 085
Sum Lønn	281 069	256 036	286 241	296 535	-10 294
Drift	51 416	39 768	43 892	56 066	-12 174
Kjøp av produksjon	15 048	7 428	7 428	11 667	-4 239
Overføringer	9 336	3 918	8 485	9 738	-1 253
Finansutgifter	11	0	0	115	-115
Sum Utgifter	75 811	51 113	59 805	77 586	-17 781
Brukerbetaling	-6 045	-6 430	-3 930	-4 777	847
Refusjoner	-33 616	-20 944	-30 403	-37 935	7 532
Overføringer	-14	0	0	-37	37
Finansinntekter	-2 000	0	0	-426	426
Sum Inntekter	-41 675	-27 374	-34 333	-43 175	8 842
Netto resultat	315 205	279 775	311 713	330 946	-19 233



Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving			
berekraftsmål			2023 resultat	2024 resultat	indikator	
10-Mindre ulikhet	Alle elevar skal oppleve eit inkluderande skulemiljø med lik kvalitet på dei ulike skulane	Nedgang i antal paragraf § 12 saker (mobbesaker)	0	5	2	§12 saker har ein arbeida ein god del med denne hausten. Me har sett på kva som er nytt i lova, endra rutinane våre og ROS har blitt gjennomført. Mobbeombodet har og vore og informert rektorgruppa. Sidan det ikkje står måltal på saker er det vanskeleg å sjå utviklinga over tid, men me er på definitivt på rett veg.
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val					
	Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt					
17-Samarbeid for å nå målene	Me skal ha godt samarbeid med andre einingar i kommunen og med foreldre					
3-God helse og livskvalitet	Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø	Elevundersøkinga: Score på overordna tilfredsheit med vurdering for læring - 7. trinn	4	4	4	Elevundersøkelsen for trivsel ligg på 4,0 for elevane på 7. trinn. Når det gjeld vurdering for læring er resultatet 3,7.
	Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå	Reduksjon i sjukefråvær	8,7 %	4,0 %	9,2 %	Å redusera sjukefråværet til 4,0 % har ein ikkje lukkast med. Dette målet verkar urealistisk. Likevel er skuleleiarane motiverte for å betra kompetansen sin for å bidra til lågare sjukefråvær.



FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023 resultat	2024 resultat	indikator
4-God utdanning	Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer				
	Sikra at born og unge får gode tenester som realiserer deira potensiale for læring og utvikling	Andel elevar som får individuell tilrettelagt opplæring (spesialundervisning)	10,2 %	9,0 %	6,5 %
					Andel elevar som får spesialundervisning har gått ned til 6,5 %, noko som er svært positivt. Voss herad har redusert talet ved å organisera spesialundervisninga (individuell tilrettelagt opplæring) meir inne i klassen enn tidlegare. Likevel er det svært mykje spesialundervisning som vert gitt sidan me har mange elevar med store hjelpebehov.
		Betra resultat på grunnskulepoeng	0,0 %	10,0 %	39,8 %
					Grunnskulepoeng er standpunktkarakterar frå våre lærarar, og eksamensresultat. Under pandemien var det ikkje eksamen og grunnskulepoenga i landet gjekk opp. Hovudgrunnen er at som regel skårar elevane lågare på skriftleg eksamen enn standpunkt.
		Betra resultat på nasjonale prøvar	0,0 %	10,0 %	60,9 %
					Resultat for nasjonale prøvar rekning 8.trinn syner at 60,4 % av elevane skårar på nivå 3-5 i meistringsnivå. Dette er likt som kommunane Kostragruppa vår, medan landsgjennomsnittet er 65,9%
5-Likestilling mellom kjønnene	Rekruttera fleire menn til grunnskule og barnehage				



KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	135 783	136 679	141 224	127 662		118 593
Produktivitet						
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	12,6	12,7	11,8	12,9		13,1
Dekningsgrad						
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	10,2 %	6,5 %	9,7 %	4,4 %		7,9 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	95,4 %	95,2 %	96,6 %	97,9 %		97,0 %
Kvalitet						
Elevunders. 10. trinn - Mobbing på skolen (prosent)	10,8 %					
Elevunders. 7. trinn - Mobbing på skolen (prosent)	12,3 %					

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Ukraina budsjett	7 000	I arbeid	Ukrainabudsjettet vert justert løypande utifrå tal Ukraina elevar på kvar einskild skule, dei får denne støtta for kvar flyktningelev som byrjar på skulen og ut gjeldande semesteret + 3 semester fram i tid. Dette er eit pågåande tiltak.
Sum	7 000		
Nye tiltak			
Budsjettauke grunnskule, ny tildelingsmodell	12 700	Ferdig	Frå og med 2025 går tildelinga me fekk i forbindelse med ny budsjettmodell ned, det inneberer i praksis ei innsparing på 2,3 mill. kr i forhold til gjeldande tildelingsmodell. Det jobbast med å få lagt dette inn i budsjettet for 2025.
Gratis SFO for andre klassingar	2 000	Ferdig	Dette tiltaket er ferdig. Det jobbast med å legge inn tiltaket Gratis SFO for tredjeklassingar for perioden 2025 – 2027. For 2024 vert det lagt fram ei justering for hausten.
HST 12.12.23 Praktisk undervisning	300	I arbeid	Midler for 2024 har vorte nytta ut i frå kvar einskild skule sitt behov. Fordeling av midlane vert gjort per elev.
Sum	15 000		



Tiltak	Ramme	Status	Beskriving
	år 1		
Sum tiltak	22 000		

Rammeendringar gjennom året*Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
--------	------------	--------	------------

Budsjettendringer

Akuttmottak for flyktninger	5 469	Ferdig	Akuttmottaket vart avvikla sommaren 2024
Sum	5 469		

Sum tiltak	5 469
------------	-------

9.10 Barnehage

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet omfattar 11 kommunale og 7 private barnehagar, tilsaman 18 barnehagar. I tillegg har ein styrka barnehagestilbod og Vonheim open barnehage. I 2024 var det 824 born i barnehagane tilsaman.

Vossabarnehagen sin visjon er: *Ein god god start for alle*. Hovudsatsingsområdet i barnehagane er at alle barn skal ha eit trygt og godt barnehagemiljø.


Tal barn i kommunale og private barnehagar på Voss:

	2021	2022	2023	2024
Kommunale	479	492	510	493
Private	336	332	336	331
Total	815	824	846	824

Barnehagane har eit viktig samfunnsmandat og skal i samarbeid med heimen, ivareta bornas behov for omsorg og lek, samt fremja danning og læring som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen er første trinn i opplæringsløpet og skal danna grunnlag for vidare læring og utvikling. Å møta individa sine behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning, samt å sikra at borna får ta del i og medverka i fellesskapet er viktige verdiar som skal gjenspeglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald, gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Figuren visar storleiken på dei kommunale barnehagane, og er henta frå UDIR sine sider.

Antall barnehager etter størrelse





Viktige hendingar og resultat

I 2024 har me jobba tett saman med PPT for å leggja om praksis slik at spesialpedagogane jobbar meir ute i barnehagane og følgjer tettare opp der. Dette for å heva det allmennpedagogiske tilbodet til alle born, og ikkje berre dei med vedtak. Dette har fungert godt og gjeve gode resultat. Me ser og at me har fått ein nedgang i tal tilmeldingar etter me endra praksis.

Aukande rekrutteringsvanskar og eit høgt sjukefråvær har prega året 2024. I motsetnad til tidlegare år der sjukefråværet har hatt store kvartalsvise svingingar med høge toppar og låge dalar, har sjukefråværet vore stabilt høgt gjennom heile 2024. Sjukefråværet i 2024 var totalt på 14.5% i dei kommunale barnehagane. Me har ikkje tal for dei private. Sjukefråværet varierer litt frå kvartal til kvartal, men var høgast i 1. og 2. kvartal i 2024. Det høge sjukefråværet og utfordringar med å få tak i nok vikarar har ført til at det har vore ein krevjande haust for nokre barnehagar.

Voss har ein høgre andel barnehagelærarar samanlikna med landet (42,%), men litt færre enn snittet på vestlandet som ligg på 45,3%. Voss har 44%. Det er fire barnehagar som oppfyller pedagognorma med dispensasjonar frå utdanningskravet. Ein barnehage oppfyller ikkje pedagognorma og bemanningsnorma i 2024.

Leike - og opphaldsareal i kvadratmeter per barn ligg omtrent på landsgjennomsnittet, med 5,7m2 mot landsgjennomsnittet på 5,9m2. Me har fleire barnehagar som har tilgjengeleg areal med kapasitet til å ha fleire born i barnehagen enn dei som har plass i dag.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Høgt sjukefråvær og rekrutteringsvanskar er to hovudutfordringar som me har hatt i 2024, og som me lyt jobba vidare med i 2025. Å få tak i nok tilsette til alle barnehagane, er ei høgt prioritert oppgåve, som me må jobba godt med framover. Me har behov for både pedagogar og andre tilsette. Sjukefråværet varierer frå barnehage til barnehage, der nokre barnehagar har eit lågt sjukefråvær gjennom heile året, medan andre har eit høgt sjukefråvær gjennom heile året. Det har vore veldig vanskeleg å få tak i nok vikarar, og å få tak i tilsette til ledige stillingar.

Det vert jobba med sjukefråværet, både på kommunenivå, leiarnivå og i den enskilte barnehage. Det er eit kontinuerlig pågåande arbeid. Nokre barnehagar har brukt verktøyet "Ein bra dag på jobben" som skal gjera det enklare å ta tak i relevante arbeidsmiljøutfordringar. Andre har nytta seg av ekspertbistand i samarbeid med Kveik.

Det er ein stor bonus at det i regionen vert starta opp desentralisert barnehagelærarutdanning. Dette kan bidra til å auke rekruttering på lang sikt. Det er stor interesse for barnehagelærarutdanninga som startar opp hausten 2025.

Samstundes har me behov for ferdigutdanna barnehagelærarar i dag, og me lyt søkja å finna gode tiltak for å rekruttera til Vossabarnehagane. Andre ressursar som pensjonerte, skuleelevar og andre kan koma godt til nytte for å få tilsett kabalen til å gå opp, til dømes på ettermiddagar.

**Status økonomi per teneste**

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Barnehage	163 427	171 618	149 801	157 409	-14 208
Styrkt barnehage tilbud	9 877	9 065	15 654	13 403	4 338
Barnehage- lokale og skyss	7 777	7 346	7 223	7 596	250
Sum	181 082	188 028	172 678	178 409	-9 620

Kommentar til status økonomi

Barnehagane har eit totalt meirforbruk på 9,6 mill. kr. i 2024, og -14 mill. ligg på tenesta barnehage.

Ein del av overforbruket skuldast diverse lønspostar, svarande til eit total overforbruk på 1,9 mill. kr. etter at sjukelønsrefusjonar er kome inn. Me har fått inn 2,8 mill. kr meir enn budsjettert på sjukelønsrefusjonar. Det vil sei at me har hatt ein del langtidsfråvær i barnehagane, noko som me ser att i sjukefråværstatistikken. Det største overforbruket på lønspostane er vikar ved sjukdom, som har eit meirforbruk på 2,3 mill. kr.

Innen driftsutgifter har me eit meirforbruk på 5,3 mill.kr. Hovudandelen skuldast eit avvik på tilskot til private barnehagar på 3 mill. kr, samt diverse utgifter til drift som til dømes programvarelisensar, kurs og opplæring, it-utstyr. Meirforbruket til programvarelisensar er på omlag 500 000 kr.

Me har også fått inn mindre inntekter enn budsjettert på brukarbetaling, på til omlag 900 000 kr.

Styrkt barnehage tilbud har eit mindreforbruk på omtrent 4,3 mill. kr. Dette må sjåast i samanheng med meirforbruket i teneste "Barnehage". Nokre tilsette som har jobba med styrkt barnehage tilbud er rekneskapsført under tenesta barnehage. Det skulle vore ført om lag 2,1 mill. kr. meir på styrkt barnehage tilbud.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	128 800	119 847	125 578	131 322	-5 744
Refusjon lønn	-8 310	-6 962	-6 962	-10 206	3 243
Sum Lønn	120 490	112 884	118 615	121 116	-2 501
Drift	10 932	7 358	7 358	9 431	-2 073
Kjøp av produksjon	70 049	71 232	71 232	74 405	-3 173
Overføringer	1 434	956	1 690	2 492	-802
Finansutgifter	4	0	0	302	-302
Sum Utgifter	82 419	79 547	80 281	86 629	-6 349
Brukerbetaling	-16 946	-16 121	-16 121	-15 210	-911
Refusjoner	-4 872	-3 632	-4 366	-4 507	141
Overføringer	-10	0	0	0	0
Sum Inntekter	-21 828	-19 753	-20 487	-19 717	-770
Netto resultat	181 082	172 678	178 409	188 028	-9 620



Status måltabell

FN	Mål	Indikator	2023	Ønska resultat	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
berekraftsmål						
10-Mindre ulikhet	Vossabarnehagen skal redusere ulikskap	Alle barnehager deltar i kommunen sitt satsingsområde	0,00	100,00	100,00	Satsingsområdet i Vossabarnehagen er: Trygt å godt barnehagemiljø og språk. Alle barnehagane jobbar med satsingsområda.
		Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (B)	80,0 %	80,0 %	78,7 %	Andel minoritetsspråklege barn som går i vossabarnehagane er høgt, det er Voss og Klausabakken barnehage som har høgast tal minoritetsspråklege born i barnehagen.
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Gjera borna i stand til å ta ansvarlege val					
3-God helse og livskvalitet	Sikra at alle born og unge har eit trygt opplæringsmiljø	Barns trivsel, barns utvikling og Relasjon barn - vaksen	4,5	4,5	0,0	Siste foreldreundersøkinga i barnehagane var i 2023. Barnehage er ei teneste foreldra er tilfreds med. Foreldra er spesielt nøgd med barns trivsel og relasjonen mellom barn og vaksne i barnehagen. Det er ikkje gjennomført foreldreundersøking i dei kommunale barnehagane i 2024.
	Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå	Sjukefråvær blant dei tilsette	10,00	9,50	14,50	Målet er ikkje nådd, og pila går feil veg. Vert eit viktig område å prioritera i 2025.
4-God utdanning	Berekraftige og føreseielege økonomiske rammer	Styring innafor budsjettammer - Teneste 201 og 211 - barnehageeiningar, prosentvis avvik mot budsjettamme	1	0	5	Kommunale barnehagar har eit stort meirforbruk i 2024 på 9,2 millionar.



FN	Mål	Indikator	2023	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål				resultat	resultat	indikator
				2024		

5-Likestilling mellom kjønnene	Rekruttera fleire menn til grunnskule og barnehage	Ansatte i barnehager, basisvirksomhet, andel menn (prosent)	9,2	10,0	9,2	
---------------------------------------	--	---	-----	------	-----	--

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn Stord Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Dekningsgrad				
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	5,5 %	4,9 %	2,2 %	3,6 %
Økonomi				
Styrket tilbud til førskolebarn (prosent) *)	6,8	6,8	9,2	10,9

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
1. tertial - Bolstad bhg HST 60/19	-190	I arbeid	
Sum	-190		

Nye tiltak

Redusert foreldrebetaling i barnehagen	2 407	I arbeid	Det vart innført makspris på kr 2000,- på foreldrebetalinga frå hausten 2024, og som konsekvens er det kompensert for dette i økonomiplanen.
Sum	2 407		
Sum tiltak	2 217		

9.11 Barne- og familietenestene

Skildring av tenesteområde

Barne- og familietenestene har i 2024 omfatta PPT, helsestasjon og skulehelseteneste, barneverntenesta, kommunepsykologane, integreringstenesta og vaksenopplæringa (fram til august 2024). Under barneverntenesta ligg og Voss familiesenter og EM-tiltaket. Barne- og familietenestene skal yta tenester for born i alderen 0-25 år og deira familiar/føresette. Tverrfagleg samarbeid, tidleg og rett innsats er viktige fokusområde.

Tenester me samarbeider med andre om

- Kommunepsykolog. Samarbeid mellom Voss, Ulvik og Eidfjord. Vaksdal vert med frå 2025. Psykologane vert nytta inn i Friskliv og meistringsarbeidet i Voss herad på mellom anna kurs i depresjonsmeistring og kurs i belastningsmeistring
- Samarbeid om PPT med Eidfjord
- Barnevernet leverer Barnvernsvakt til Ulvik utanom ordinær arbeidstid
- Psykolog på vidaregåande. Samarbeid med Vestland Fylkeskommune. Avtalen er sagt opp av fylket med verknad frå sommaren 2025
- Me kjøper jordmortenester av Helse Bergen
- Logopedtenester. Voss herad leverer logopedtenester til Voss sjukehus og til Vaksdal kommune

Samarbeid med frivillige organisasjonar

- Kirkens Bymisjon, samarbeid om Home start
- Røde Kors, samarbeid knytt til flyktningar og integrering

Viktige hendingar og resultat

I løpet av 2024 slutta kommunalsjef samstundes som ny leiar for Barne og familietenestene starta i stilling. Det har ikkje vore andre endringar på leiarsida. Det har og vore lite utskifting blant tilsette. Situasjonen på personalsida er i all hovudsak stabil.

Ein har «budd seg inn» i Knutepunktet, sidan innflyttinga i 2022. Samlokalisering av eigne tenester og eksterne partnarar som NAV, Vestland fylkeskommune og BUP har synt seg å gi meir og betre samarbeid. I regi av kommunepsykologane vert det arrangert faglunsjar der tilsette vert betre kjent med kvarandre og får betre kunnskap om tenestene. I tillegg har det vore jobba med å styrka samarbeidet mellom våre tenester, barnehage, skule og andre. BTI-arbeidet står sentralt i dette arbeidet.

Den store flyktningstraumen vart mindre gjennom året, særleg etter at asylmottaket på Liland vart avvikla 30.juni. Arbeidet i Barne- og familietenestene er difor ikkje i like stor grad som i tidlegare år påverka av flyktningstraumane. Alle tenestene har like fullt opplevd stor arbeidsmengd gjennom året.

Sjukefråværet varierer ein heil del mellom dei ulike avdelingane, og totalen for barne og familietenestene landa på 9,3%. Hovuderfaringa er at det er langtidsfråvær, som i størst grad driv sjukefråværet opp. Det er generelt lite korttidsfråvær.

Våren 2024 gjennomførte mange av dei tilsette kurs om korleis møte aggresjonsproblematikk (MAP). Dette tiltaket vart vurdert som ei verdifull satsing av kommunen.

I november 2024 vedtok heradsstyret oppretting av ei ny eining med namnet Voss veksthus, Barne- og familiehjelpa. Tenesta skal samla og koordinera hjelpetenester som pr. no ligg i ulike einingar, EM-tiltaket inkludert. Tenesta skal vera eit lågterskeltiltak for familiar og andre som treng hjelpt til å løysa utfordringar



knytt til i fyrste rekke samspel i familiar, men og andre førehald. Det er eit mål at ein og skal klara å få til fleire lokale tiltak som kan bidra til at barnevernstenesta kan redusera sine kjøp av eksterne tenester og gjerne støtta skulane i einskildsaker.

Barnevernstenesta har høge utgifter til kjøp av eksterne hjelpetiltak, og til plassering både med og utan tvang. Utgiftene til å drifte sjølve tenesta (ordinære driftsutgifter og løn) er innafor budsjett, men arbeidsmengd er stor. Det har vore auke i plasseringar i 2024 og det er teikn som tyder på at dette vil fortsetje inn i 2025.

Det er eit mål å få ned kostnader i høve eksterne hjelpetiltak, ved å til dømes kunne tilby det i eiga kommune, samt treffa på førebyggjande tiltak.

Samarbeidet og oppfølginga frå KS konsulent vart avslutta i 2024, med god måloppnåing og resultat. Målet var å skape ei robust teneste med stabil leing og høg kvalitet. Dette er godt implementert og det er svært få avvik.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har utfordringar med å halde seg innafor løyvde rammer for å gjennomføra pålagde oppgåver. Når akuttmottaket for flyktningar vart avvikla, fall deler av tilskot til oppauke av ressursar vekk. Tenesta opplever at mykje av oppgåvene framleis ligg att.

Integreringstenesta har lagt bak seg fleire krevjande år med høge tal på busetting. I 2024 vart tala noko lågare enn forventa. Tenesta samhandlar i sitt arbeid med integrering med andre tenester og aktørar som NAV, vaksenopplæringa og Røde kors. Årsverk i tenesta har vorte redusert i tråd med færre flyktningar.

I 2024 lukkast samarbeidet i å auke sysselsetjinga blant flyktningar busett i Voss. Eit sentralt tiltak har vore kvalifisering gjennom YSK (Yrkeskompetanse for yrkessjåførar). Det har og vore ei positiv utvikling i talet på flyktningar som er tilsett i Voss herad, samt ei auke i dei som har fått praksisplass innan ulike sektorar.

Kommunepsykologane er organisert under leiar i Barne- og familietenestene, og me har fire kommunepsykologar i 3,2 årsverk (grunna permisjonar i 30%). Tenestene utfører mykje godt direkte- og førebyggjande arbeid, både klinisk arbeid og rettleiing. Kommunepsykologane jobbar med einskildpasientar, med grupper og i Friskliv og mistringstilbodet som vert drifta av avdeling for førebygging og rehabilitering. I tillegg har dei oppgåver knytt til rettleiing av tenester, planarbeid og i organisasjonsutvikling.

PPT har hatt mykje arbeid med å bringa praksis i tråd med ordlyd og intensjonar i ny opplæringslov. Dette arbeidet pågår endå. Ein stor del av arbeidet i 2024 har vore knytt til målretta arbeid med kvalitet og effektivitet i arbeidsprosessar. Det er og blitt utvikla nye rutinar for samarbeid og samhandling med skule og barnehage. Resultat av dette er at sakshandsamingstida har gått kraftig ned og samarbeidet med skulane fungerer godt. PPT har og ei sentral rolle i skulane sitt arbeid med å få ned skulefråværet.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Utfordringar

- Tenesta har over tid hatt meirforbruk og må jobba for å koma i balanse i høve tildelte ramme.
- Det vil vera viktig å jobba vidare med riktig dimensjonering av integreringstenesta i høve fallande flyktningtal, som no nærmar seg "normalt" nivå.
- PPT har gjennom året jobba med å få ned saksbehandlingstida, og har lukkast med dette.
- Ny opplæringslov kom hausten 2024, og medførte at ein måtte søkja å innarbeida endringane. Dette har tenestene jobba godt med.



- Barnevernstenesta har mange eksterne hjelpetiltak. Tenesta arbeider for å få til fleire eigne tiltak i Voss herad.
- Samarbeid med eksterne skapar gode fagmiljø og robuste tilbod i regionen. Samstundes krevjar det mykje intern organisering og koordinering. Dette har og ein kostnad.

Hovudprioriteringar framover

Samarbeid og samhandling står høgt på dagsorden. Barne- og familietenestene må jobba med god kvalitet i dei einskilde einingane. Mange barn og familiar treng hjelp frå fleire tenester, og difor er samhandling på tvers ei hovudoppgåve. BTI –betre tverrfagleg innsats - har difor høg prioritet.

Leiarane i Barne- og familietenestene har heilt ulike fagfelt. Samstundes har dei einskilde tenestene ein del utfordringar som liknar på kvarandre. Leiargruppa møtes difor jamleg for å styrka relasjonane og samarbeidet tenestene i mellom. Me søkjer heile tida å løfta blikket og jobba meir på strategisk nivå og bruke mindre tid på driftsrelaterte saker.

Tenestene rettar seg direkte mot innbyggjarane, men og i stor grad mot dei andre tenestene i oppvekst, barnehage og skule. Det vert difor jobba kontinuerleg for å utvikla gode samarbeidsformer.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Vaksenopplæring	5 186	8 272	2 617	3 608	-4 664
Helsestasjon og skulehelse	20 342	21 107	16 903	20 681	-426
Barnevernsteneste	20 736	20 990	18 730	20 037	-953
Barnevernstiltak i familien	7 000	10 795	5 723	5 889	-4 906
Barnevernstiltak utanfor familien	32 885	20 835	22 168	22 115	1 280
Introduksjonsordninga	24 612	20 647	29 229	22 441	1 794
Interkommunale samarb.(§27-samarb.ny)	2	0	13 247	175	175
Sum	110 764	102 647	108 617	94 945	-7 702

Kommentar til status økonomi

Barne og familietenestene har eit meirforbruk på ca 7,7 mill. kr.

Meirforbruket er knytt til drift, der me har eit avvik på 5,4 mill. kr, inntektssvikt i vaksenopplæringa på 4,3 millionar, samt kjøp av eksterne tiltak i barnevernet svarande til eit overforbruk på 3,8 mill. kr.

Det er innsparing på fleire postar i ulike avdelingar.

Postar under drift med større meirforbruk er utgifter til kurs og utdanning samt anna oppgåvepliktig godtgjersle, som i hovudsak er utgiftsdekning til fosterheimane, med eit meirforbruk på 1,1 mill.kr. Me har også eit meirforbruk på husleige på 1,3 mill. kr. fordelt på alle tenestene, som i stor grad skuldast ikkje budsjetterte kostnader til leige av rom hjå Fleischers i samband med vaksenopplæring, og husleige i Knutepunktet.

At meirforbruket ikkje vart høgare, skuldast at EM tiltaket og Integreringstenesta fekk utløyst tilskot frå staten frå tidlegare år, som gjorde at overforbruket vart monaleg mindre.



Barne og familietenesta har redusert tal tilsette gjennom året, for å ta ned deler av meirforbruket.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	105 467	110 085	101 837	101 563	274
Refusjon lønn	-4 620	-4 852	-3 893	-4 127	234
Sum Lønn	100 847	105 232	97 944	97 435	508
Drift	19 547	15 529	11 381	16 771	-5 390
Kjøp av produksjon	8 572	5 504	11 004	10 679	325
Overføringer	11 090	11 920	9 413	13 258	-3 845
Finansutgifter	398	0	0	1	-1
Sum Utgifter	39 608	32 952	31 798	40 709	-8 911
Brukerbetaling	-156	-468	-468	-201	-267
Refusjoner	-28 889	-28 759	-33 988	-34 852	865
Overføringer	0	0	0	0	0
Finansinntekter	-645	-341	-341	-445	104
Sum Inntekter	-29 690	-29 568	-34 796	-35 498	701
Netto resultat	110 764	108 617	94 945	102 647	-7 702

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023 resultat	2024 resultat	indikator
17-Samarbeid for å nå målene	Arbeida for at samtlege tilsette er kjend med kvarandre sine oppgåver innan tenester til born og unge		0		
3-God helse og livskvalitet	Born og unge opplever tryggleik, meistring og tilhøyrslse	Andel som har høg tilfredsheit med livet jf Ungdataundersøkinga	0,0 %	60,0 %	83,0 %
		Tal bekymringsmeldingar	250	130	209
		Tal mobbesaker som vert meldt inn til Statsforvaltar	0	5	2
	Sikra at alle born i heradadett har god helse	Barn med hjelpetiltak 31.12. med tiltaksplan	91,7 %	92,0 %	92,7 %
	Skapa attraktive arbeidsmiljø med høgt fagleg nivå		0		
4-God utdanning	Born og unge får gode tenester som realiserer deira potensiale for læring og utvikling	Andel elevar som får individuelt tilrettelagt opplæring (spesialundervisning)	10,2 %	8,5 %	6,5 %



FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023 resultat	2024 resultat	indikator
	Vaksenopplæringa skal gje vaksne høve til grunnleggjande opplæring	Andel som består språkprøve på nivå A2 skriftleg	55,0 %	60,0 %	57,0 %
		Andel som består språkprøve på nivå B1 munnleg	55,0 %	70,0 %	58,0 %

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Barn med melding i barnevernet ift. talet på innbyggjarar (prosent)	3,8	3,0	3,9	4,6		4,2
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (252) Barneverntiltak når barnet er plassert i barnevernet (B) *)	1 858	1 769	993	1 471		918
Dekningsgrad						
Andel barn i institusjon og fosterhjem av barn med tiltak (B)		26,0 %	33,0 %			27,4 %
Andel barn som ikke er plassert i løpet av året i prosent av alle i tiltak (0-24 år) (B)	68,3 %	64,9 %	68,6 %	58,4 %		68,3 %
Andel meldinger som er henlagt av meldinger i alt (prosent)	8,4 %	13,4 %	26,1 %	16,4 %		14,6 %
Økonomi						
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr) *)	835 155	818 022	510 050	561 688		573 326

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplantiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme	Status	Beskriving
	år 1		

Vedtak forrige periode

Budsjettauke barnevern	-1 500	Ferdig	Barnevernstenesta fekk i 2022 og 2023 meir ressursar for å dekkja opp langvarige plasseringar. Desse plasseringane er framleis pågåande utan at det er følgt opp med finansiering i økonomiplanperioden.
------------------------	--------	--------	--



Tiltak	Ramme	Status	Beskriving
	år 1		
Psykisk helse barn og unge	-1 200	Ferdig	Helsestasjonen har i 2019 - 2023 hatt opptrappingsmidlar frå staten utan at økonomiplanen har teke høgde for at desse sluttar i 2024. Om heradet skal fylgje opp intensjonen med opptrappingsplanen så må budsjettet justerast opp med 1 mill. kr - elles må styrkingsmidlar for barn og unge si psykiske helse vidareførast.
Reduserte inntekter butilbod einslege mindreårige (EM-tiltak)	-3 000	Ferdig	EM-tiltaket har mindre statleg tilskot grunna mottak av færre ungdomar utan at dette har leia til reduksjon i bemanning eller andre utgifter i 2024 og 2023. Tiltaket har difor hatt overkapasitet som har vært nytta av barnevernstenesta. Konsekvens er at EM-tiltaket står med mindre inntekter medan barnevernet har fått lågare utgifter enn kva det elles ville hatt.
Ukraina budsjett	21 640	I arbeid	
Sum	15 940		
Nye tiltak			
Auke i jordmorstilling	500	Ferdig	Voss herad kjøpar jordmorstilling 1,6 årsverk = 1,8 mill. kr. Når ein legg til inntekt som jordmor får på takstar til Helfo, så er det framleis underbudsjettert med om lag 270 000 kr.
Venta prisvekst varer og tenester	0	I arbeid	
Sum	500		
Sum tiltak	16 440		

Rammeendringar gjennom året*Beløp i 1000*

Tiltak	Ramme	år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringar				
Akuttmottak for flyktningar	2 531		Ferdig	
Avslutta Styrking til Helsestasjon	600		Ferdig	Vert vidareført, er delvis dekkja inn ved rammeauke.
Sum	3 131			
Sum tiltak	3 131			

9.12 Helse

Skildring av tenesteområde

Helsetenestene omfattar førebygging og behandling. Førebyggjande tenester er:

- rehabilitering og habilitering
- ergoterapi og fysioterapitenester
- støttekontakttenesta
- legetenesta

Helsetenestene skal vera framtidsretta, samanhengande, tilgjengelege og med tidleg innsats som verkar førebyggjande. Dette skal føra til at innbyggjarane meistrar sine utfordringar og lidningar, samt førebyggje



utvikling av sjukdom. Voss herad har vedteke ein politisk strategi som er styrande for tenestetilbodet for helsetenestene. Alle tilbod skal vera tufta på tanken om at innbyggjarane skal klara seg sjølve lengst mogleg i eigen heim, med rett nivå på eventuelle helsetenester frå heradet. Kommunane i Noreg har overteke mykje ansvar frå spesialisthelsetenesta. Heradet har styrka det rehabiliterande tilbodet, samt oppretta eit Frisklivs- og meistringstilbod. Begge tilboda vil ein jobba vidare med å utvikla og tilpassa behovet etter innbyggjarane.

Viktige hendingar og resultat

Hovudmålet for Avdeling for førebygging og rehabilitering har i 2024 vore å tilby gode og stabile tenester til innbyggjarane i Voss herad. Samstundes har økonomi vore eit stort fokusområde, korleis få avdelinga til å gå i balanse, spesielt på legetenesta. I allmennlegetenesta er det til saman 12 legar, fordelt på 3 legekontor.

Alle legane i heradet følgjer ein felles normert standard for listelengd. Dei kommunalt tilsette legane har fått redusert listelengd med ytterlegare 5%, blant anna grunna overtaking av daglegevaksarbeid. Listene til den einskilde lege på kommunelegekontoret vil verte utvida etter kvart som legane kjem lengre i si spesialisering.

Friskliv- og meistringstilbodet får stor merksemd frå innbyggjarar både i Voss herad og i omkringingjande kommunar. Det er inngått avtale med nabokommunane om deltaking i tilbodet, noko som er positivt for innbyggjarane og for den økonomiske drifta av Friskliv- og meistringstilbodet.

I 2024 vart det gjennomført 80+ samling på Vetleflaten med informasjon om førebyggjande grep ein sjølv kan ta for å bu trygt i eigen heim. Det kom ca. 50 personar.

Avdelinga har og hatt fokus på å driva tenesta framover med framtidsretta prosjekt som digital heimeoppfølging og aktivitetslos prosjekt i støttekontakttenesta. 12 born fekk hjelp til å koma inn i organisert fritidsaktivitet. Dagavdelinga og Hukommelsesteamet får gode attendemeldingar på gruppe- og kurstillboda frå deltakara og frå pårørande. Det gjev motivasjon. På dagavdelinga har det i hovudsak vore fokus på samanslåing av dagtilbod som gjer at alle dagtilboda vert flytta til Vetleflaten i løpet av vår 2025.

Hagahaugen drift vart ein del av avdeling for førebygging og rehabilitering i 2024. Det vart laga til eit lågbudsjett treningskjøkken som ergoterapeutane nyttar til opptrening til brukarar som treng å læra seg daglege aktivitetar på nytt.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Det er fortsatt utfordringar med å rekruttera legar til tenestene. Det blir kontinuerlig jobba med å rekruttera fleire legar og redusera innleige. Dette gjeld både på kommunelegekontoret og til institusjonane, samt stabilisera næringsdrifta. Avdelinga erfarer at stabiliseringa av legetenesta gjennom økonomiske ytingar har gjeve positive resultat når det gjeld å rekruttera legar til ledige stillingar, sjølv om det gjennom året ikkje er tilsett i alle stillingane på kommunelegekontoret. Me har gjennom året hatt fleire ledige stillingar grunna foreldrepermisjonar, noko som har ført til eit vesentleg overforbruk på innleige. Stabilisering av legetenesta gjennom økonomiske ytingar har gitt tilfredsstillande resultat også når det gjeld dei næringsdrivande fastlegane.

Det er generell stor pågang på vedtak som har førebyggjande karakter. Avdelinga vurderer det som naudsynt å halde fram både med rehabilitering og friskliv- og meistringstilboda, sjølv om dette ikkje er lovpålagde tilbod å ha i heradet. Kostnaden av å ikkje ha førebyggjande tilbod er ukjent, men tenesta meiner at det på sikt kan verte mykje dyrare å redusera i førebyggjande tilbod.

**Status økonomi per teneste**

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Førebyggjande helsearbeid	2 775	2 713	2 376	2 610	-104
Lege og fysioterapi tenester	64 877	66 151	59 566	65 680	-472
Sum	67 652	68 865	61 942	68 289	-575

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet hadde eit negativt avvik på omtrent 0,5 mill. kr i 2024.

Større negative avvik er i hovudsak knytt til legetenesta. Både legevakt og fysioterapi/ergoterapi hadde større mindreforbruk (på til saman som gjer at det totale avviket for tenestemråde helse ikkje vert større. Meirforbruket på den kommunale legetenesta skuldast i hovudsak ekstern innleige. Det er 3 stillingar som ikkje har vore besette innanfor legetenesta , og 3 legar har vore ute i permisjon. Dette har ført til auka bruk av vikarbyrå på dei ledige legestillingane, slik at meirforbruk til vikar/innleige kom på omtrent 11 mill. kr i 2024. Mindreforbruk på løn og meir inntekter enn budsjettet betra rekneskapen med til saman omtrent 12,3 mill. kr i forhold til budsjett.

Det er og eit meirforbruk på medikament og vaksinar og datakommunikasjon og linjeleige, under avdeling for førebygging og rehab.

Det er eit negativt avvik på 1,1 mill. kr knytt til stab for helse og omsorg. Dette gjeld budsjett på bruk av bundne fond, som ikkje er blitt brukt i 2024. I tillegg er det rekneskapsført meir til medikament og vaksinar og kjøp frå andre kommunar, enn det som er budsjettet.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	50 985	54 020	57 302	50 913	6 389
Refusjon lønn	-1 172	-520	-520	-2 414	1 894
Sum Lønn	49 813	53 500	56 782	48 499	8 283
Drift	19 980	7 711	10 775	23 557	-12 782
Kjøp av produksjon	29 317	29 896	29 896	30 103	-207
Overføringer	1 912	577	1 341	1 496	-155
Finansutgifter	2 009	0	0	4	-4
Sum Utgifter	53 218	38 184	42 011	55 159	-13 148
Brukerbetaling	-6 958	-4 890	-4 890	-6 201	1 311
Refusjoner	-27 369	-24 096	-24 860	-27 535	2 675
Finansinntekter	-1 052	-755	-755	-1 058	303
Sum Inntekter	-35 378	-29 741	-30 505	-34 794	4 289
Netto resultat	67 652	61 942	68 289	68 865	-575

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska	Oppnådd	Statusbeskriving
berekraftsmål			2023 resultat	resultat	indikator
			2024		
10-Mindre ulikhet	Vidareutvikla likverdige, trygge og effektive helse- og velferdstenester	Tal deltakarar på kurs i friskliv og meistring	350	274	
		Tal digitale kurs innan friskliv og meistring	0	2	2
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar)	Reduksjon av fysiske konsultasjonar, og innføra meir digitale konsultasjonar	0,0 %	10,0 %	10,0 %
17-Samarbeid for å nå målene	Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å førebyggja behov for helsetenester				
	Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår				
3-God helse og livskvalitet	Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.				
	Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt.	Tal ledige plassar på fastlegeslistene som del av innbyggjarar i heradet	0,0 %	2,0 %	2,0 %
4-God utdanning	Me sikrar at me har rett kompetanse på leiarar og tilsette				
	Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad				
9-Industri, innovasjon og infrastruktur	Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi				

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Annet forebyggende helsearbeid brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)	175	165	562	573		641
Dekningsgrad						



Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B)	101,2	101,1	99,1	103,2	99,0
Kvalitet					
Andel kvinnelige leger (prosent)	68,4 %	61,1 %	50,0 %	36,8 %	47,9 %
Gjennomsnittlig listelengde	880,0	837,0	759,0	913,0	923,0
Kommunekasse					
Netto driftsutgifter kommunehelse i prosent av samlede netto driftsutgifter (Kommunekasse)	6,4 %	6,2 %	5,6 %	6,4 %	6,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Innsparingstiltak			
ALIS støtte frå Helsedirektoratet. (AlmenLegar I Spesialisering)	-360	Ferdig	
Sum	-360		
Nye tiltak			
Fastlegeheimlar	3 500	I arbeid	
Støttepersonell Voss legekantor	2 000	Ferdig	
Hagahaugen vert innlemma i Voss herad	-100	I arbeid	
Ny fastlegestilling	780	I arbeid	Vakant, brukar ekstern innleige.
Sum	6 180		
Sum tiltak	5 820		

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringer			
Akuttmottak for flyktningar	4 000	Ferdig	Mottaket er avvikla.
Sum	4 000		
Sum tiltak	4 000		



9.13 Omsorg

Skildring av tenesteområde

Omsorgstenestene i Voss herad omfattar heimetenesta, aktiviseringstilbod, sjukeheimsopphald, augeblikkeleg hjelp-døgnopphald, rus og psykiatritenesta og tenester til menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg har heradet tilbod om utgreiing av mogleg demens, korttidsavdelingar, omsorgsbustader for menneske med nedsett funksjonsevne og omsorgsbustader for andre med behov for oppfylging. Drift av institusjonslokale ligg også under dette tenesteområdet.

Viktige hendingar og resultat

Avdelingane i tenesteområdet omsorg avslutta tidleg i 2024 all innleige av sjukepleiarar. Dette gjekk betre enn venta, utan for stor auke i overtidsbruk hjå egne tilsette. Avdelingane fekk rekruttert sjukepleiarar gjennom å prøva ut eit rekruttringstillegg. Alle avdelingar har jobba med oppgåvedeling, Voss sjukeheim har delteke i Tørn prosjektet frå KS. Dette arbeidet fortset i 2025.

Heradet har gjennom 2024 nytta færre langtids plassar enn tidlegare år, då pågangen har vore lågare. Det er få som har fått avslag på plass gjennom året. Dei som endar med avslag kjem i samråd med tenesta fram til at det er trygt å fortsetje å bu heime med hjelp frå heimetenesta. Det har også vore ei reduksjon i vedtak i heimetenesta gjennom året.

Utgiftene til omfattande tenestetilbod i privat regi var gjennom 2024 høgare enn budsjettet, og samtidig vart refusjon frå staten vesentleg lågare enn estimert. Dette er hovudgrunnen til omsorg sitt meirforbruk i høve budsjett.

Når det gjeld rus og psykiatritenesta, er det ein auke brukarar med store samansette behov. Me samarbeider med spesialisthelsetenesta og andre private aktørar for å kunne gje eit forsvarleg helsetilbod. I løpet av 2024 har avdelinga redusert bemanninga med 5 årsverk i ambulerande team (psykisk helseteam og rusteam). Dette skuldast at fleire tilsette sa opp stillingane sine fordi dei har fått seg ny jobb eller har pensjonert seg. Det vert vurdert som krevjande å redusera bemanninga i avdelinga, og vert fylgt med på framover. I tillegg har tenesta fått på plass to sakshandsamarar som gjennomfører kartleggingssamtalar og fattar vedtak. Individuell jobbstøtte (IPS), eit tilbod til dei med psykiske utfordringar eller rusproblem som ynskjer hjelp til å koma seg i jobb eller ta utdanning. Me ser gode resultat frå denne satsinga. Kontakttelefonen er svært viktig med omsyn til førebygging. Avdelinga har auka opp tilgjenge til å gjelda alle dagar frå kl 08-21, inkludert helgar og høgtider.

Born som pårørande har vore eit viktig fokusområde for rus og psykiatritenesta i 2024. Avdelinga har to tilsette som er ansvarlege for dette. Dei bidreg med kompetanse som sikrar at born som er pårørande får hjelp. Dette har ført til at me har sett ei auke i henvendingar på kontakttelefonen i 2024.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Det har vore utfordringar med å rekruttera personell innan alle yrkesgrupper til avdelingane i tenesteområde omsorg. Det fører til at egne tilsette jobbar meir enn det som er planlagt i turnus. Sjukefråværet er høgt i stort sett alle avdelingar innan tenesta. Det blir kontinuerleg jobba med å rekruttera sjukepleiarar og behalde dei. Innleigestopp blir jobba vidare med.

Det er mange søknader til korttidsopphald, og mange av opphalda vert revurderte og forlenga. Avdelingane jobbar med å effektivisera opphalda slik at fleire vert utskriven til heimen etter avtalt opphaldstid. Avdelingane har hatt periodar med behov for auka bemanning. Det er samansette årsaker til dette. Nokon tilfelle med ekstra innleige på grunn av palliasjon eller behov for fastvakt. Det har i tillegg vore ein lengre periode med trong for auka bemanning på dag- og kveldstid på grunn av særleg



ressurskrevjande brukarar, med fleire kompliserte medisinske prosedyrar. Samt periode der avdelinga har ivareteke brukarar med utfordrande åtferd, aggresjonsproblematikk og utferdstrong. Slike periodar har medført eit meirforbruk på ekstra innleige, samt kjøp av teneste frå vektarservice. Det jobbast kontinuerlig med dette, men kan også vera vanskeleg å budsjettere for.

Det er auke i tal personar som som søker om brukarstyrt personleg assistanse, BPA i 2024.

Me ser at søknad om avlasting til born og ungdom aukar i omfang. Born med komplekse utfordringar med oppfylging frå spesialisthelsetenesta. Dette skapar utfordringar både for det å ha nok plass til alle, og kompetanse. Med den søkjarmassen som er no, og som er stipulert i framtida kan det verta utfordringar økonomisk.

Heradet har 39 omsorgsbustader som er definert som bustad med heildøgnsbemanning. Ved nye søknadar har ein pr d.d ikkje ledige bustader. Me må difor vurdere behovet for nye omsorgsbustader då ein veit ein har fleire som vil trenge dette i framtida. Det kan best verta løyst ved å byggje bustadar knytt til allereie eksisterande personalbase. Gjennom tiltak i bustadsosial handlingsplan i Voss herad vil me prøva å få fleire til å eiga sin eigen bustad. Her vil dei kunne søkja om startlån frå heradet. Dette vil frigi omsorgsbustadar og samtidig gje personar med nedsett funksjonsevne moglegheit til å eiga sin bustad.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Aktivisering av eldre og funksjonshemma	26 712	24 548	26 872	26 891	2 344
Rusomsorg	1	9	0	0	-9
Pleie i institusjon	209 134	210 806	175 306	200 367	-10 439
Pleie til heimebuande	205 985	0	0	0	0
Tilbod øyeblikkelig hjelp -døgnopphald i kommune	4 303	3 975	3 411	4 005	30
Heimetenester , bufellesskap med bemanning	0	103 720	86 369	79 962	-23 758
Heimetenester, ambulerande	0	121 389	107 251	114 523	-6 866
Institusjonslokale	27 992	29 400	25 587	29 287	-114
Sum	474 127	493 847	424 795	455 035	-38 812

Kommentar til status økonomi

Avviket for tenesteområdet omsorg vart i 2024 på omtrent 39 millionar kroner. Overforbruket skuldast i hovudsak for høgt budsjetterte inntekter frå refusjon for ressurskrevjande tenester (eksterne plasseringar og noko BPA). Det blei budsjettert med nesten 26 mill. kr meir enn rekneskapsført for perioden.

Meirforbruket på løn vart for området omtrent 3 mill. kr. Av dette hadde Område Vest eit overforbruk på 6 millionar. Dette meirforbruket er knytt til samanslåinga av korttidsavdelingane i herad med ny lokasjon på Voss Sjukeheim. Avdelinga auka frå 12 til 22 brukarar på kort varsel og gjennomførte i løpet av 2 månadar. Avdelinga har i den samanheng ikkje hatt budsjett som samsvarer med samanslåinga og oppskalering av avdelinga.

Nokre avdelingar har mindreforbruk på fastløn. Meirforbruk til drift gjeld i stor grad innleige, då det har vore utfordrande å rekruttera. Stor mangel på sjukepleiarkompetanse har og i nokre avdelingar ført til meir bruk av overtid.



Kjøp av tenester frå eksterne har eit meirforbruk på omtrent 7,7 mill. kr. Dette er relatert til kjøp av tenester til eksterne plasseringar, til tenester som er ressurskrevjande.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	465 075	439 231	462 738	466 369	-3 631
Refusjon lønn	-23 554	-16 334	-17 930	-19 588	1 658
Sum Lønn	441 521	422 897	444 808	446 781	-1 973
Drift	74 519	49 952	52 130	58 225	-6 095
Kjøp av produksjon	54 977	55 507	61 507	69 234	-7 726
Overføringer	7 526	7 391	8 001	9 404	-1 404
Finansutgifter	406	0	0	767	-767
Sum Utgifter	137 428	112 850	121 638	137 630	-15 991
Brukerbetaling	-32 837	-33 628	-33 478	-36 203	2 726
Refusjoner	-67 238	-77 314	-77 924	-52 978	-24 945
Overføringer	-481	0	0	-244	244
Finansinntekter	-4 266	-10	-10	-1 138	1 128
Sum Inntekter	-104 822	-110 952	-111 411	-90 564	-20 848
Netto resultat	474 127	424 795	455 035	493 847	-38 812

Status måltabell

FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023	Oppnådd resultat 2024	Statusbeskriving indikator
10-Mindre ulikhet	Alle skal bu trygt og godt i Voss herad.	Gjennomført tiltaksmåla frå bustadsosial handlingsplan i 2024-2027	0,0 %	80,0 %	80,0 %
	Me førebyggjer og reduserer sosial isolasjon gjennom støttekontakttenesta				
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Me brukar frivillige i utøving av tenester der mogleg				
	Me klarer å rekruttera og behalda naudsynt arbeidskraft for å utøva samfunnsoppdraget vårt				
	Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar)				
13-Stoppe klimaendringene	Me reduserer klimafotavtrykket til omsorgstenestene	Andel el-bilar i heimetenesta	0,0 %	50,0 %	50,0 %



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023	resultat 2024	Oppnådd resultat	Statusbeskriving indikator
		Antal ganger matavfall vert vegd per år på alle institusjonar	0	2	2	
16-Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner	Me gjev god informasjon om tenestene					
17-Samarbeid for å nå målene	Me gjer jamnleg brukarundersøkingar for å forbetra tenestene					
	Me samarbeider med andre kommunalavdelingar for å forbetra tenestene					
	Me samarbeider med eksterne for å tilby gode leveskår	Tal brukarmøte eller innbyggjarsamlingar i einingane	0	2	2	
3-God helse og livskvalitet	Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.					
	Me nyttar ressursane på beste måte (tildeling, organisering, samhandling og arbeidsprosessar)					
	Sikra at folk kan leva gode liv i heimane sine lengst mogleg ved å tilby dagaktivitetstilbod og tilrettelagt dagtilbod til dei som har behov for det.	Andel av dei som har heimeteneste som har velferdsteknologi i heimen	0,0 %	30,0 %	30,0 %	
		Tal plassar på dagtilbod som er tilrettelagt for personar med demens	0	50	50	
	Sikra god ernæring for heimebuande	Tal heimebuande som har fått retningslina om god ernæring	0	100	70	
4-God utdanning	Me sikrar at me har rett kompetanse på leiarar og tilsette					
	Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad					



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska 2023 resultat	Oppnådd resultat 2024	Statusbeskriving indikator
------------------	-----	-----------	---------------------	-----------------------	----------------------------

9-Industri, innovasjon og infrastruktur
Digitalisering bidrar effektive arbeidsprosessar og riktig bruk av velferdsteknologi

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	35,4 %	34,1 %	33,2 %	37,4 %		32,5 %
Produktivitet						
80-89 år Langtidsopphald i institusjon	57	56	65	39		
Brukarar av pleie- og omsorgstenester						
Dekningsgrad						
Andel av alle brukere som har omfattende bistandsbehov (B)	29,1 %	32,0 %	25,5 %	38,7 %		27,5 %
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	1,0 %	1,2 %	1,1 %	0,6 %		0,8 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,8 %	11,2 %	10,1 %	7,7 %		8,1 %
Økonomi						
Korrigerte brutto driftsutgifter (253) helse- og omsorgstjenester i institusjon	244 222	242 994	201 805	181 265		5 687 837
Korrigerte brutto driftsutgifter (254) helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende	212 144					

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Nye tiltak			
Sjukeheimsleger	600	I arbeid	Brukar ekstern inneige.
Hagahaugen vert innlemma i Voss herad	4 064	Ferdig	
HST 12.12.23 Aktivitetstilbod (eldre, einsemd, inkludering)	500	I arbeid	
Sum	5 164		
Sum tiltak	5 164		

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000



Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringer			
HST 12.12.23 Aktivitetstilbod	-300	Ferdig	
Auka lønsreserve for å dekke oppgjer i 2024	4 000	Ikkje starta	
Bustadsosialt arbeid: Eit hus er ikkje ein heim	500	I arbeid	Tilsett arbeider med prosjektet.
Sum	4 200		
Sum tiltak	4 200		

9.14 Sosialtenester

Skildring av tenestekområde

Sosialtenestene i Voss herad omfattar NAV og integreringstenester. Me vil fortsetja å utvikla samarbeidet mellom dei ulike avdelingane i heradet. Avdelingane skal sikra samanhengande tenester.

Viktige hendingar og resultat

Integreringstenesta jobbar for å få flyktningar inn i introduksjonsprogrammet og vidare ut i arbeid. Grunna at flyktningar frå Ukraina har kort periode i introduksjonsprogram, vart Sysselsettingsteamet oppretta sumaren 2024. Dette for å sikra at dei kjem raskt i arbeid, og ikkje blir langtidsmottakarar på sosialhjelp. Dette teamet, i tett samarbeid med integreringstenesta, har vist gode resultat på å få ukrainske flyktningar i arbeid og arbeidsretta aktivitet. Samstundes er også utbetalingar av sosial stønad redusert.

Me opplev jamlege henvendingar frå personar utan bustad. Eit tiltak som har vist seg kostnadssparande er å leiga to kommunale bustader til å kunna brukast som midlertidig bustad.

Det er ein auke i unge under 18 år, uføretrygda og pensjonistar som treng sosialfagleg og økonomisk bistand. I tillegg har me hatt ein auke i tal henvendingar til gjeldsrådgjevar.

Samarbeidet med Kirkens bymisjon om aktivitetstilbod er svært viktig for ei gruppe svært sårbare personar som elles ikkje ville hatt tilbod om noko aktivitet. Det er i tillegg stor pågang til alle tilboda i lokala til Kirkens bymisjon i Bonangergata, som hengeplass for ungdom, skattkammer og arbeidstilbod til rusavhengige.

Nav opplev at fleire mottakarar av stønad har for lite midlar til å klara seg når månaden er slutt. Difor har det vore ein auke i utbetalingar av supplerande stønad.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Sosial og flykningkontor	32 047	35 415	30 774	37 038	1 624
Kommunale sysselsettingstiltak	768	713	600	600	-113
Kvalifiseringsordning	2 203	1 493	1 860	1 860	367
Ytelse til livsopphald	44 565	38 140	37 856	41 856	3 716
Stønad til eigen bustad	4 035	4 243	3 943	3 943	-299
Sum	83 618	80 004	75 033	85 298	5 294

**Kommentar til status økonomi**

Tenesteområdet hadde eit mindreforbruk totalt sett i 2024 på nesten 5,3 mill.kr. Omtrent 2 mill. kr av dette ligg på NAV, og 4 mill.kr på integreringstenesta. I tillegg er det noko meirforbruk i høve budsjett for stønad til eigen bustad.

Innafor NAV sitt ansvarsområde låg omtrent halvparten av det positive avviket på løn, og andre halvpart i drift. Lønsrekneskapen har likevel gått betydeleg opp frå 2023 til 2024, då det vart tilsett eit sysselsettingsteam i 2024. Budsjettet tok høgde for høgare utgifter til fastløn enn det som vart rekneskapsført, samstundes som at det har kome inn meir sjukelønsrefusjon enn det som var budsjettert. Stønad buutgifter ligg relativt stabilt frå 2023 til 2024, men budsjettet vart justert opp på denne posten i 2024. Difor vart det eit mindreforbruk på omtrent 3,7 mill.kr.

Av mindreforbruket på integreringstenesta ligg omtrent 1,7 mill.kr i mindreforbruk på løn. Dette er relatert til reduksjon i tal tilsette, då avdelinga vart redusert med fire tilsette i løpet av året. Resterande mindreforbruk ligg på drift, og skuldast fleire ting. Me har fleire forsinka integreringstilskot på slutten av året. Me har spart på utgifter som etablering og utgifter som er dekkja av ventestønad. Me held kurs i regi av avdelinga for å spara utgifter til å dekkja fulltidsprogrammet i kommunen. Kursbudsjettet vart ikkje nytta som planlagt, og forbruk er vesentleg lågare enn budsjett. Utgiftene til programvare er likevel mykje høgare enn budsjettert, og meirforbruk her er 0,6 mill.kr.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	26 662	26 736	31 285	28 894	2 391
Refusjon lønn	-1 390	-1 491	-1 491	-1 602	111
Sum Lønn	25 272	25 245	29 794	27 291	2 502
Drift	8 507	6 090	7 497	8 141	-644
Kjøp av produksjon	4 115	5 599	5 907	6 028	-121
Overføringer	53 334	43 384	49 739	43 999	5 740
Finansutgifter	2 490	0	0	1 350	-1 350
Sum Utgifter	68 446	55 073	63 143	59 518	3 625
Brukerbetaling	-1 635	-2 168	-2 168	-2 406	238
Refusjoner	-5 335	-3 117	-5 471	-4 036	-1 435
Overføringer	9	0	0	10	-10
Finansinntekter	-3 140	0	0	-374	374
Sum Inntekter	-10 101	-5 285	-7 639	-6 806	-833
Netto resultat	83 618	75 033	85 298	80 004	5 294

Status måltabell

FN	Mål	Indikator	Ønska 2023	Oppnådd resultat	Statusbeskriving
berekraftsmål			resultat	2024	indikator
10-Mindre ulikhet	Auka tverrsektorielt samarbeid for heilskapleg oppfylging av bebuarar				
	Ingen i Voss herad skal vera bustadlause				



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd Statusbeskriving 2023 resultat resultat indikator		
			2024		
	Me førebyggjer utvikling av psykisk sjukdom ved å koma tidleg inn og tilby lågterskeltilbod	Tal brukarar med oppfølging av eige team	0	30	30
	Me nyttar kvalifiseringsprogrammet som viktigaste verktøy for overgang til arbeid	Tal deltakarar som har delteke i kvalifiseringsprogrammet	0	20	20
	Tilgjengelege og gode kommunale bustadar				
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Me nyttar ressursane på beste måte (organisering, samhandling og arbeidsprosessar)	Andel digitale søknader om økonomisk sosialhjelp	0,0 %	60,0 %	50,0 %
		Andel digitale søknader om økonomisk sosialhjelp			
16-Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner	Me gjev god informasjon om tenestene				
17-Samarbeid for å nå målene	Me samarbeider med eksterne for å tilby gode levekår				
3-God helse og livskvalitet	Me gjer innbyggjarane i stand til å meistra eigne liv.	Tal brukarar med tenester innan rus og psykiatri som kjem ut i arbeid	0	20	20
		Tal brukarar som deltek i gruppetilbod innan rus og psykiatri	45	90	50
	Ta særleg omsyn til born i alle saker/vurderingar om økonomisk sosialhjelp				
4-God utdanning	Me utviklar leiarar som oppnår resultat gjennom andre via delegasjon og medverknad				

KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn Stord Aurskog-Høland (2020-2023)	Kostragruppe 07
Prioritet				
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *)	4 651	5 026	4 436 3 010	2 260
**)				



Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	7,6 %	6,5 %	7,7 %	5,2 %	6,4 %
Dekningsgrad					
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	27,4 %	33,1 %	26,3 %	29,5 %	34,0 %
Kommunekasse					
Netto driftsutgifter per innbygger (242) råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B) (Kommunekasse) *) **)	2 680	2 891	1 067	1 792	1 303

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Ukraina budsjett	12 360	I arbeid	
Sum	12 360		
Nye tiltak			
Individuell jobbstøtte (IPS) 2 årsverk	1 300	I arbeid	
Auke i omfang av sosial stønad	7 000	I arbeid	
Sum	8 300		
Sum tiltak	20 660		

9.15 Kultur og fritid (inkl.kyrkja)

Skildring av tenesteområde

Tenesteområdet kultur og fritid inneheld Voss kulturhus, Voss kino, Voss bibliotek og Kulturbanken i Granvin, kulturskule, ungdomshuset på Voss, fritidsklubb i Granvin og "Gryto", utekontakten, edruskapsvern, kulturmiljøvern og museum. Det vert også arbeidd med allmennkultur, idrettssaker, administrering av tilskot til frivillige lag og foreiningar, kyrkje og tru og livssynssamfunn.

Vossabadet og Voss idrettshall KF ligg i dette tenesteområdet.

Viktige hendingar og resultat

Arbeid med klimaendringane (FN mål 13) ligg til grunn for alt me gjer. Gjennom satsinga Grøn november løfter me fram og engasjerer breitt på dette tema. I 2024 etablerte me Folkeverkstaden på biblioteket. Dette er ein reparasjonsverkstad til fri bruk med mål om å auka kunnskapen om miljø, gjenbruk og reparasjon av kle. Dette kan etter kvart utviklast og byggjast ut. Me har eit stort fokus på det sikulerøkonomiske aspektet i kulturmiljøvernet. Me legg ressursar i å rettleia og fremma gjenbruk av bygningsmassen. Eit eksempel er Prosjektet Lys i Gamle hus som er eit samarbeid med bygningsvernkonsulenten ved Voss folkemuseum.



Kultur og fritid arbeider systematisk med inkludering av ulike grupper (FN mål 10 – mindre ulikeheit) som opplever utanforskap. Me har eit særleg fokus på barn og unge, men me har også oppgåver inn mot seniorane. Eit aktivt og meningsfullt liv er viktig for å behalda god helse i alderdommen.

Når det gjeld tiltak inn mot barn og unge har me mål om aktiv deltaking, og at barn og unge kan utvikla seg på eigne premiss og oppleva fellesskap. Prosjektet Bygd for alle har hatt fokus på inkludering av alle i fritidsaktivitetar. Det er teke gode grep og bygd rutinar og strukturar for å sikre målet. Samarbeid internt og eksternt har vore grunnmuren og Fritidserklæringa vart signert av 10 partar i desember 2024. Kulturskulen har no 500 elevplassar. Her er det plass til både breidde og fordjuping. Det siste året har me utvikla eit fordjupingsprogram for dei mest motiverte elevane i samarbeid med kulturskulane i indre Hardanger. Parallelt har me utvida gruppeundervisning både i dans og rock. Dette har ein inkluderande effekt fordi det ikkje krev mykje oppfylging frå heimen, og tilbodet er rimelegare. I begge retningane står samhold, speglede, meistring og motivasjon i sentrum.

Me har etablert ordning med aktivitetslos for å få fleir inn i organisert idrett, og me har ferdigstilt aktivitetsparken for å leggja til rette for uorganisert idrett. Som del av inkluderingsarbeidet har me starta eit prøveprosjekt med gratis hall for barne- og ungdomsidretten slik at idrettslaga kan sette ned treningsavgiftene sine. Kulturhuset og biblioteket har eit breitt program for barn og unge med barnefilmfestival, teaterframsyningar, forfatterbesøk, songstunder og lesekampanjar.

Når det gjeld seniorane er me i gang med å bygge opp satsinga. Me har etablert dagkino med foredrag og sosialt samkome, Kulturkafe med konsertar og møteplass for seniorar og barnehagebarn på kulturhuset. Tilboda er godt besøkt.

Å byggja lågterskel aktivitetar og møteplassar for innvandrar er viktig for å sikra god integrering. Biblioteket har eit nært samarbeid med vaksenopplæringa, og me tilbyr språkkafe, strikk, les og datakafe. Boksamlinga er også utvida med tilbod på fleire språk.

Voss skal vera ei bygd for sterke opplevingar (FN mål 11). Dette er viktig for identitet, omdømme og bulyst. Kulturlivet med festivalane i spissen er ein viktig del av det kulturelle omdømmet til Voss, og me står alltid opp om desse aktivitetane som ein positiv samarbeidspart. I 2024 utarbeida me ein digital rettleiar til festivalane for å letta arbeidet deira, og for samarbeidet med heradet.

Me har det siste året jobba med å styrka det tverrfaglege samarbeidet internt i heradet og ut mot frivilligheita (FN mål 17). Det interne samarbeidet er under stadig utvikling, og arbeidet opp mot særleg dei eldre er eit viktig felles mål. SLT-arbeidet (Samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet) har funne ein god form der alle relevante partar no møter til forpliktande samarbeid og informasjonsutveksling. Frivilligpolitikken vart vedteke våren 2024, og med den vart det etablert både frivilligforum og arrangørforum som samarbeidsplattformer med frivilligheita og kulturlivet. Kulturskulen har faste og viktige samarbeid med Voss skulemusikk og Fossegimen med utveksling både av musistarar, elevar og lærarar.

Utfordringar og korleis me jobbar vidare

Utanforskap er ei av dei store samfunnsflokane med store økonomiske og menneskelege kostnader. Dette er eit samfunnsområde som me, sjølv i ei krevjande økonomisk tid, må ha eit aktivt forhold til. I Voss herad er dette eit av dei områda der me er nøydt til å samarbeida enda tettare og meir systematisk internt og med frivilligheita for å få resultat.

Me lever i ei uroleg tid og utfordrande verd. Det er utfordringar både på verdsbasis og lokalt. Vanskelege budsjettsituasjonar i heradet og dyrtid blant innbyggjarane våre sett press på både dei kommunale



kulturtenestene og det lokale kulturlivet. Festivalane, kulturinstitusjonen og kulturlivet slit med økonomien. Dette går ut over kvalitet og mangfald i tilbodet. I denne situasjonen er det viktig at me som offentlege aktørar legg til rette for og bidrar til utvikling av nye samarbeid og innovasjon også på kulturfeltet.

I ei tid der inkludering, mangfald og demokrati er sett under press, er det viktig å hugse på at fellesskapet er den viktigaste demninga mot ekstremismen, og at fellesskap er noko me bygger saman. For den kommunale kultursektoren vil det vera særleg viktig å legge til rette for at folk kan møtast og at me slik bygger identitet, fellesskap, inkludering og glede i fellesskap. Gjennom dette sikrar me god folkehelse, bulyst og attraktivitet for heile Vossasamfunnet.

Status økonomi per teneste

Beløp i 1000

Teneste	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Aktivitetstilbod - barn og unge	4 826	5 401	4 939	5 305	-96
Kommunal næringsverksemd	2	23	50	50	27
Kulturminneforvaltning	735	1 214	684	707	-506
Bibliotek	7 148	6 125	6 325	6 686	561
Kino	1 723	306	126	271	-35
Museum	855	730	732	732	2
Kunsformidling	2 215	2 197	1 963	2 098	-99
Idrettaktivitetar og tilskot idrett	6 557	2 635	2 426	2 555	-80
Kommunale idrettsanlegg/bygg	10 386	12 221	7 660	11 637	-584
Kulturskule	5 858	5 698	5 848	6 309	611
Kulturaktivitetar og tilskot kultur	7 569	5 737	7 899	7 562	1 825
Kommunale kulturbygg	3 936	3 715	1 849	2 116	-1 599
Kyrkja	10 849	10 329	10 329	10 329	0
Tilskot tru og livssynssamfunn	-1	0	0	0	0
Gravplassar og krematorier	1 614	1 895	1 854	1 854	-41
Sum	64 272	58 226	52 683	58 211	-15

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet kultur og fritid gjekk samla sett i balanse i 2024. Ser me vekk ifrå utgifter til anlegg og bygg, har området eit mindreforbruk på 2,4 millionar kroner. Dette skuldast at det var fleire sjukemeldingar i kommunalområdet, og nokre vakante stillingar som vart halde ledige. Ungdomsavdelinga har eit aktivitetsnivå langt over budsjettammene. Her mottek me mykje eksterne midlar som tilskot og gaver. Det har også vore høgare billettinntekter på Kulturhuset enn budsjettert.

Meirforbruket finn me på kulturminneforvaltning og dei tekniske tenestene på kultur- og idrettsbygg. Dette skuldast utgifter knytt til oppbygging etter flaumen på kulturhuset og Voss idrettshall. Det er også investert i nye garderobar i Idrettshallen som fekk ein kostnad på 1 million over budsjett. Her kjem det tippemidlar truleg i 2026. Det vart installert nytt ventilasjonsanlegg i ungdomsklubben Gryto. På kulturminneforvaltninga er meirforbruket knytt til oppgraderinga av Sivlelassen i Stalheim som var eit felles prosjekt mellom Voss herad, Vegvesenet og lokale interesser på Stalheim.

Det er god budsjettkontroll i kommunalområde kultur og fritid og aktiviteten vert tilpassa dei rammene som ligg føre.



Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	29 329	27 792	30 144	30 405	-261
Refusjon lønn	-1 011	0	0	-1 021	1 021
Sum Lønn	28 318	27 792	30 144	29 384	760
Drift	25 761	8 145	10 566	18 832	-8 267
Kjøp av produksjon	1 852	1 957	1 528	1 990	-462
Overføringer	37 597	24 450	29 533	28 923	609
Finansutgifter	770	0	0	38	-38
Sum Utgifter	65 980	34 552	41 626	49 784	-8 158
Brukerbetaling	-7 358	-7 347	-7 827	-8 896	1 070
Refusjoner	-21 505	-2 004	-5 297	-11 609	6 312
Overføringer	-440	0	0	0	0
Finansinntekter	-723	-310	-436	-437	1
Sum Inntekter	-30 026	-9 661	-13 560	-20 942	7 383
Netto resultat	64 272	52 683	58 211	58 226	-15

Status måltabell

FN berekraftsmål Mål

Indikator

Ønska Oppnådd Statusbeskriving
2023 resultat resultat indikator
2024

10-Mindre ulikhet	Born og unge skal ha gode oppvekstvilkår gjennom oppleving og deltaking i kulturaktivitet der dei kan få utvikla seg på eigne premiss.	Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	18,0 %	18,5 %	17,7 %	Indikatoren viser elevplassar for aldersgruppa, og tek ikkje med undervisninga i Nøringen, supergruppe og Korps i skulen. Den viser heller ikkje aktiviteten til Distriktsmusikarane.
	Me skal leggja til rette for ein aktiv alderdom med gode kulturopplevingar, sosiale møteplassar og fysisk aktivitet.					
11-Bærekraftige byer og lokalsamfunn	Kultur- og fritidsaktivitetar sikrar bulyst og rekruttering av rett arbeidskraft	Besøk i folkebibliotek per innbygger (B)	0,0	4,1	4,7	Indikatoren viser besøk på arrangement i kulturskulen som er ein viktig faktor for å innfri målet om å vera ein open møteplass.
	Voss skal vera ei bygd for sterke opplevingar.	Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B)	0	3 000	3 346	



FN berekraftsmål	Mål	Indikator	Ønska Oppnådd			Statusbeskriving indikator
			2023 resultat	2024	resultat	
		Norsk kulturindeks	0		101	Voss vart rangert som nr. 101 av alle kommunar i Noreg. Rangeringa har ein feil i rapporteringa av kultur for barn og unge.
13-Stoppe klimaendringene	Me skal auka kunnskap og forståing for klimaendringane					
	Me skal ha klimavenlege og grøne kulturarrangement					
	Me skal leggja til rette for sirkulærøkonomi	Utlån alle medier fra folkebibliotek per innbygger (B)	0,0	4,0	4,4	
16-Fred, rettferdighet og velfungerende institusjoner	Kulturen si samfunnsbyggjande kraft skapar grunnlag for fellesskap, opplevingar, engasjement, inkludering og utvikling.					
17-Samarbeid for å nå målene	Me skal arbeida for tverrfagleg samarbeid internt i Voss herad og med kulturliv og frivilligheita					
4-God utdanning	God utdanning inneheld gode kulturopplevingar og kulturutøving som fremjar meistring.					
	Me skal motivera til livslang læring					
9-Industri, innovasjon og infrastruktur	Kultur er grunnlag for skapande og kreative næringar.					
	Voss herad stimulerer eit kulturliv som utfordrar gamle tankesett og vanar, og slik fremmar kritisk refleksjon og innovasjon.					



KOSTRA Nøkkeltal

	Voss herad 2023	Voss herad 2024	Kinn	Stord	Aurskog- Høland (2020- 2023)	Kostragruppe 07
Prioritet						
Bibliotek nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	455	373	300	236		317
Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)	1 189	1 139	528	299		677
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	3 954	3 346	2 602	2 743		2 656
Dekningsgrad						
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	84,7 %	85,0 %	66,5 %	80,0 %		85,6 %
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Eid areal Kommunale kulturbygg Areal (m2)	6 597,0	6 597,0	6 220,0	7 540,0		184 567,0

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Vedtak forrige periode			
Straum- og fjernvarmeutgifter, auka overføring til kommunalt foretak	-1 000	Ferdig	
Straumutgifter, auka overføring kyrkjeleg fellesråd	-200	Ferdig	
HST 15.12.22 Bygdebøker	-2 000	Ferdig	Det vart løyvd 2 mill kr til Bygdeboknemnda i 2023. Budsjettet for 2024 er difor teke ned 2 mill kr i 2024, men skal stå i 0 resten av planperioden.
Ukraina budsjett	1 000	Ferdig	
Sum	-2 200		
Innsparingstiltak			
Avslutting av fast tilskot til bygdeboknemnda	-100	Ferdig	Bygdeboknemnda fekk utbetalt 2 millionar for å ferdigstilla prosjektet i 2023.
Sum	-100		
Nye tiltak			
Auka tilskot til Voss frivilligsentral	100	Ferdig	
Auke i kremasjonstilskot og gravplassforvaltning	250	Ferdig	
HST 12.12.23 Badepark	200	Ferdig	



Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
HST 12.12.23 Gratis lokale, born og unge	600	I arbeid	
HST 12.12.23 Vedlikehald idrettsanlegg	100	Ferdig	
HST 12.12.23 Voss gatebil	200	Ferdig	
Sum	1 450		
Sum tiltak	-850		

Rammeendringar gjennom året

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Budsjettendringer			
HST 12.12.23 Badepark	-200	Ferdig	Tilskotet er trekt tilbake i politisk HS vedtak 21.3.24
Lagerleige Vossabadet/Voss Fbk	114	Ferdig	Varig utgift. Må budsjetterast i heile planperioden, jf. avtale frå 2016.
Sum	-86		
Sum tiltak	-86		

10 Årsrekneskap

Årsrekneskapen med alle oppstillingar og notar ligg i sin heilheit som vedlegg til saka. Konsolidert rekneskap og rekneskap for Vossabadet og Voss idrettshall KF ligg og som vedlegg. Nedanfor er tre tabellar framstilt, etter § 5-4 og § 5-6.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Rammetilskot		-630 605	-673 600	-693 550	-670 947	-693 550	-22 603
Inntekt- og formuesskatt		-524 443	-541 700	-553 700	-549 653	-553 700	-4 047
Eigedomsskatt		-88 469	-89 800	-106 700	-107 078	-106 700	378
Andre generelle driftsinntekter		-106 277	-109 593	-102 233	-119 569	-114 233	5 335
Sum generelle driftsinntekter		-1 349 794	-1 414 693	-1 456 183	-1 447 246	-1 468 183	-20 937
Korrigert sum løyvingar drift, netto		1 313 079	1 368 802	1 349 429	1 412 020	1 353 054	-58 966
Avskrivningar	4	73 207	66 308	56 519	75 869	56 519	-19 350
Sum netto driftsutgifter		1 386 287	1 435 110	1 405 948	1 487 889	1 409 574	-78 315
Brutto driftsresultat		36 493	20 417	-50 236	40 643	-58 610	-99 253
Renteinntekter		-34 162	-38 670	-38 670	-42 916	-38 670	4 246
Utbytte		-27 376	-31 500	-27 300	-27 367	-27 300	67
Renteutgifter		50 014	69 049	72 049	71 619	72 049	429
Avdrag på lån	8	57 569	47 600	63 600	61 649	63 600	1 951
Netto finansutgifter		46 046	46 479	69 679	62 986	69 679	6 692
Motpost avskrivningar		-73 207	-66 308	-56 519	-75 869	-56 519	19 350
Netto driftsresultat		9 332	588	-37 076	27 760	-45 450	-73 210
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		5 466	36 400	21 606	4 206	21 606	17 400
Avsetningar til bundne driftsfond	11	16 778	6 400	6 400	13 509	6 400	-7 109
Bruk av bundne driftsfond	11	-24 767	-9 457	-12 616	-10 880	-12 742	-1 862
Avsetningar til disposisjonsfond		6 453	19 935	44 245	0	44 545	44 545
Bruk av disposisjonsfond		-13 262	-53 866	-22 559	-34 595	-14 359	20 236
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen		0	0	0	0	0	0



	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-9 332	-588	37 076	-27 760	45 450	73 210
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Administrasjon og leiling		88 998	95 201	96 720	98 547	94 230	-4 317
Plan, næring og forvaltning		29 073	35 840	37 349	31 230	33 984	2 754
Samferdsel		34 948	31 305	31 850	35 878	32 160	-3 718
Eigedom og bustad		26 413	40 133	35 639	25 634	35 952	10 318
Brann og ulukkesvern		16 350	14 555	15 310	16 409	15 586	-823
Vatn, avlaup og renovasjon		-18 230	-16 204	-15 257	-19 900	-14 958	4 942
Politisk styring		10 122	8 079	8 151	8 665	8 151	-514
Finansielle postar/økonomi		-179 456	-17 781	-108 886	-111 233	-108 886	2 347
Grunnskule		315 205	279 775	305 625	330 946	311 713	-19 233
Barnehage		181 082	172 678	178 086	188 028	178 409	-9 620
Barne- og familietenestene		110 764	108 617	91 128	102 647	94 945	-7 702
Helse		67 652	61 942	64 256	68 865	68 289	-575
Omsorg		474 127	424 795	462 848	493 847	455 035	-38 812
Sosialtenester		83 618	75 033	84 514	80 004	85 298	5 294
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)		64 272	52 683	57 285	58 226	58 211	-15
Sum løyvingar drift, netto		1 304 938	1 366 652	1 344 620	1 407 792	1 348 120	-59 673
Av dette:							
Avskrivinger		0	0	0	1	0	-1
Netto renteutgifter og - inntekter		83	1	1	62	1	-61
Avsetninger til bundne driftsfond		6 635	400	400	4 566	400	-4 166
Bruk av bundne driftsfond		-14 860	-2 551	-5 210	-8 856	-5 336	3 520
Bruk av disposisjonsfond		0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto		1 313 079	1 368 802	1 349 429	1 412 020	1 353 054	-58 966



Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Rammetilskot		-630 605	-673 600	-693 550	-670 947	-693 550	-22 603
Skatt på inntekt og formue		-524 443	-541 700	-553 700	-549 653	-553 700	-4 047
Eigedomsskatt		-88 469	-89 800	-106 700	-107 078	-106 700	378
Andre skatteinntekter		-21 214	-18 600	-18 600	-21 961	-18 600	3 361
Andre overføringer og tilskot frå staten		-85 054	-90 993	-83 633	-97 598	-95 633	1 965
Overføringer og tilskot frå andre		-286 035	-214 322	-228 020	-274 565	-251 711	22 855
Brukarbetalingar		-62 602	-60 222	-57 522	-61 814	-57 714	4 100
Sals- og leigeinntekter		-219 397	-169 579	-171 079	-182 841	-181 712	1 129
Sum driftsinntekter		-1 917 818	-1 858 815	-1 912 805	-1 966 457	-1 959 320	7 137
Utgifter til løn		924 759	942 826	957 456	984 390	966 693	-17 697
Sosiale utgifter		239 623	276 819	235 395	228 592	237 587	8 995
Kjøp av varer og tenester		541 897	455 128	465 016	564 048	481 160	-82 887
Overføringer og tilskot til andre		174 824	138 151	148 183	154 201	158 750	4 549
Avskrivningar	4	73 207	66 308	56 519	75 869	56 519	-19 350
Sum driftsutgifter		1 954 311	1 879 232	1 862 569	2 007 100	1 900 710	- 106 390
Brutto driftsresultat		36 493	20 417	-50 236	40 643	-58 610	-99 253
Renteinntekter		-34 162	-38 670	-38 670	-42 916	-38 670	4 246
Utbytte		-27 376	-31 500	-27 300	-27 367	-27 300	67
Renteutgifter		50 014	69 049	72 049	71 619	72 049	429
Avdrag på lån	8	57 569	47 600	63 600	61 649	63 600	1 951
Netto finansutgifter		46 046	46 479	69 679	62 986	69 679	6 692
Motpost avskrivningar		-73 207	-66 308	-56 519	-75 869	-56 519	19 350
Netto driftsresultat		9 332	588	-37 076	27 760	-45 450	-73 210
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering		5 466	36 400	21 606	4 206	21 606	17 400
Avsetningar til bundne driftsfond		16 778	6 400	6 400	13 509	6 400	-7 109



	Note	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr
Bruk av bundne driftsfond		-24 767	-9 457	-12 616	-10 880	-12 742	-1 862
Avsettingar til disposisjonsfond		6 453	19 935	44 245	0	44 545	44 545
Bruk av disposisjonsfond		-13 262	-53 866	-22 559	-34 595	-14 359	20 236
Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		-9 332	-588	37 076	-27 760	45 450	73 210
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0	0	0



11 Vossabadet og Voss Idrettshall KF

I 2024 vart Vossabadet og Voss Idrettshall haldne opne som normalt gjennom heile året. Besøkstala er meir stabile og gode etter pandemiåra. KF'et har hatt ei fin utvikling som no byrjar å stabilisera seg på ein veldig positiv måte.

Det har skjedd veldig mykje i 2024, med mange endringar. Det kan nemnast ny dagleg leiar, fokus på betre økonomistyring og å få ned sjukefråvær. Å jobba med arbeidsmiljøet er ikkje ei enkel oppgåve, men KF'et har fått gjort mykje bra.

Føretaket har eit sterkt fokus på stadig forbetring og ser stor effekt av tiltaka som er gjort, men det gjenstår fortsatt noko arbeid. Me trur at 2025 vil verta eit godt og spanande år.

KFet merkar fortsatt auka kostnader grunna inflasjon. I tillegg nærmar Vossabadet seg 7 år, og Voss Idrettshall 40 år. Dette gjer at bygga vert dyrare å drifta, og behovet for å gjera vedlikehald på bygningsmassen aukar. Drift- og vedlikeholdskostnadane ikkje vert mindre i åra som kjem, sjølv om 2024 var eit unntaksår utan uforutsette kostnader.

2024 har og vore eit år der ein har landa ein meir berekraftig og mindre sårbar organisasjon, betring av prosessar og ytterlegare profesjonalisering.

Føretaket legg bak seg eit år med høgt nivå på samarbeid, varierte arbeidsoppgåver, raske taktskifte, ny kunnskap og omstilling. 2024 har forhåpentlegvis vore det året som vil legge grunnlaget for dei neste 10 åra.

Resultatet for 2025 vart eit negativt netto driftsresultat på 155 949 kr.

(i 1000 kr)	Budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik
Driftsinntekter			
Overføringer og tilskot frå andre	- 5 773	- 12 458	6 685
Sals- og leigeinntekter	- 8 650	- 8 170	- 480
Sum driftsinntekter	- 14 422	- 20 629	6 207
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	7 038	7 619	- 581
Sosiale utgifter	1 735	2 060	- 325
Kjøp av varer og tenester	5 658	7 335	- 1 677
Overføringer og tilskot til andre		3 762	- 3 762
Avskrivningar		156	- 156
Sum driftsutgifter	14 430	20 933	- 6 503
Brutto driftsresultat	- 8	- 305	297



Finansinntekter			
Renteinntekter	- 0	- 33	23
Renteutgifter	2	41	- 39
Avdrag på lån	-	-	-
Netto finansutgifter	8	- 8	16
Motpost avskrivningar	-	156	- 156
Netto driftsresultat	-	- 156	156

Også i 2024 har ein jobba grundig med budsjettet og gjort kutt. Målet er å halde dørene opne og å tilby ein attraktiv arbeidsplass i framtida. Netto driftsresultat i 2024 enda på -155 949 kr.

I 2024 fekk føretaket ei rammeoverføring på omtrent 5,5 mill. kr til drift. Det vart og overført omtrent 2,7 mill. kr for å dekke inn meiforbruket frå 2023 iht. kommunelova § 14-11. Det er viktig å forstå at utan denne inndekkinga, så hadde ein i 2024 hatt eit negativt netto driftsresultat på omtrent 2,8 mill. kr.

Overføringa skal dekke verdibevarande vedlikehald og drift, skulesymjning, gratis hall, tenesteyting og open hall. Ein er heldig som får så mykje folkehelse, kultur, idrett og verdi på Voss.

Føretaket er klar på at det er grundig grunnlag for å sei at det vert drifta effektivt. Vossabadet og Voss Idrettshall scorer høgt på dei fleste parametra samanlikna med andre bad og idrettsanlegg. Ein når og dei vedtekne måla for drifta – dei måla som dei folkevalde har vedtatt i vedtekter og formål.


Styret er nøgd med at Vossabadet og Voss Idrettshall KF har hatt god utvikling på dei fleste parametra i 2024. Det vart gjort veldig mykje bra dette året, og det er veldig mykje bra på gang. Det har vore krevjande, men viktig arbeid. Ny dagleg leiar har tatt økonomi, interne forhold og berekraftig drift på alvor. Det er gode samtalar om realistiske rammevilkår med Voss Herad og styret og administrasjonen har no lagt eit grunnlag som vil gagne føretaket, befolkninga og Voss herad i åra som kjem.

Aktiviteten i både Vossabadet og Voss idrettshall har vore god i 2024. Idrettshallen har vore fullbooka i vekedagane gjennom heile 2024 og har også vore nytta til konsertlokale, idrettsarrangement, festivalar og lågterskeltilbod med open hall for barnefamiljar.


Det har ikkje vore drift av utebassenget i 2024.




Besøkstal for Vossabadet:



Besøksstatistikk for Vossabadet:





Energiinnsparing i Voss Idrettshall (100.000 kwt):

